



# ÅRSMELDING

# 2015



Surnadal  
kommune

Rådmannen sitt framlegg 31.03.15



## INNHOLD

Rådmannen sin kommentar.....	3
Overordna satsingsområde.....	5
Rekneskap for Surnadal kommune 2015 .....	45
Rådmannen/administrasjonen .....	51
Politisk verksemd .....	57
Kultur, Næring og utvikling .....	57
Oppvekst.....	65
Helse og omsorg .....	84
IK Barnevern .....	108
Teknisk.....	110
Investeringar .....	122



## Rådmannen sin kommentar

Årsmeldinga for 2015 viser at vi er på god veg til å tilpasse drifta vår til dei inntektene vi har, og vi kan vise til eit positivt driftsresultat. Budsjetta har vore svært stramme, men eg meiner vi greier å halde oppe eit godt aktivitetsnivå og yte gode tenester til våre innbyggjarar.

Ved langsiktig arbeid, m.a. gjennom prosjektet «Saman om ein betre kommune» har vi no greidd å auke gjennomsnittleg stillingsprosent til nærmere 80% totalt for alle einingane i Surnadal kommune. Det er eit stort og godt arbeid som har vore nedlagt for å få til dette, og dei tiltaka vi har lykkast best med gjennom prosjektet vil vi og gå vidare med. Samtidig har vi framleis ei utfordring med høgt sjukefråver i nokre av einingane, der vi må arbeide vidare i lag med dei tilsette for å finne den rette «medisinen» gjennom gode tiltak i tida som kjem.

Ved utgangen av 2015 var det busett 58 flyktningar i kommunen. Som følgje av den sterke veksten i aktiviteten vart det i fjar etablert ei eiga eining som fekk namnet Vaksenopplæring og integrering. Eininga har som oppgåve å drive med opplæring og integrering av flyktningane. Det er viktig at lag- og organisasjonar held fram med sitt gode arbeid for å få flyktningane godt integrerte i samfunnet vårt. Vi håper flyktningane finn seg godt til rette i kommunen, og det vil etter kvart bli spennande å sjå kor mange som vel vidare skulegong og yrkesliv her i kommunen.

2015 var eit godt år for næringslivet i Surnadal, både når det gjeld aktivitet, omsetning og resultat. Mange lokale bedrifter markerer seg også svært godt på nasjonalt nivå, som m.a. vart stadfesta gjennom fleire gjeve prisutdelingar på nyåret. I tillegg til dette har det aldri vore oppretta så mange nye selskap (72) som i fjar. Næringsamarbeidet mellom Surnadal og Sunndal kommunar er no kome halvveis, medan SIV-industri-inkubator er inne i fleire viktige nettverksprosjekt. Eg meiner det blir arbeidd godt med nærings- og utviklingsarbeid i kommunen. Det nye selskapet Surnadal Hamneterminal AS vart etablert i fjar (med kommunen som største eigar), og det er no sett i gang arbeid med å bygge ro/ro-rampe i tilknyting til hamna. Etter lengre tids planlegging vil det no bli faste skipsanløp, og fleire næringslivsaktørar ser stor nytte i dei mulegheitene som ei ny hamn vil gi.

Når det gjeld sjølve drifta av Surnadal kommune syner rekneskapen for 2015 at kommunen fekk eit netto driftsresultat på kr 2 045 056, noko som svarar til 0,5% av driftsinntektene, som var på kr 497 647 086. I 2014 var netto driftsresultat på kr -5 386 766.

Det er gledeleg at vi igjen har fått eit positivt driftsresultat. Einingane har utvist god budsjettdisiplin, samtidig som både skatteinngangen og redusert pensjonskostnad har slått positivt ut for oss. Arbeidet med å tilpasse driftsnivået til kommunen sine inntekter vil halde fram, og det sett store krav til alle tilsette. For å vere godt rusta for framtida bør driftsresultatet helst ligge på minst 1,75% av driftsinntektene, slik at vi kan bygge opp fondsmidlar til framtidig bruk.



Dei samla investeringane kom på i alt 50,6 mill. kroner i 2015. Det største prosjektet Sommerrotunet aktivitetshus vart opna hausten 2015. Med dette huset har kommunen fått eit flott dagtilbod for grupper med behov for tilrettelagte aktivitetar. Totalt har bygget kosta 35,5 millioner kroner. Det vart også påbegynt bygging av ein firemannsbolig med fellesbase ved Sommerrotunet til om lag 11 millionar kroner. Elles vart Evenshaugen barnehage utvida og oppgradert i 2015 til glede for både ungar og tilsette, og vi investerte også i to bolighus for å huse flyktningar. I tråd med kommunestyret si bestilling er vi også i gang med planlegging av bustadfelt fleire stader i kommunen. I 2015 kom vi gang med planlegging av bustadfelt ved Buhagen og på Nordvik.

Arbeidet med kommunereforma som vart starta opp hausten 2014 har halde fram i heile 2015, og innan 01.07.2016 skal kommunane ha gjort sine vedtak. Året har vore bruka til å arrangere informasjonsmøte, foreta nabosamtalar og til å gjennomføre innbyggjarhøyring og diverse utgreiingar av ulike alternativ til framtidige kommunar, i tillegg til alternativet å halde fram som eigen kommune.

Hausten 2015 var det kommuneval. Det er arbeidskrevande å gjennomføre slike val, men med gode førebuingar og erfaring må vi seie oss godt nøgde med gjennomføringa. Vi har fått mange nye politikarar, og det er gjennomført politikaropplæring. Dei nye politikarane vart også kasta rett inn i ein krevande prosess for å få laga budsjettet for 2016 og økonomiplanen fram til 2019, men takka vere eit godt samarbeid mellom politikarar og administrasjon har vi kome fram til eit budsjett som vi kan seie oss godt nøgde med og som vil sørge for balanse mellom inntekts- og utgiftssida.

Etter to år med positiv folketalsutvikling og ein samla vekst på 49 personar fekk vi i fjor ein liten nedgang på 7 personar. Det er fortsatt eit viktig mål for oss å legge til rette for folketalsvekst.

Som stadfesting på god tenestekvalitet kan nemnast dei to store tilsyna vi hadde i 2015, først innafor den kommunale beredskapen og seinare ved Øye skule. Fylkesmannen hadde ingen merknader, og det er ei svært god tilbakemelding på vårt arbeid.

Til slutt ein stor takk alle for det arbeidet som blir lagt ned av både tilsette, tillitsvalde og politikarar for å få legge til rette for gode tenester og eit godt liv for våre innbyggjarar i kommunen.

Surnadal, 31.03.2016

Knut Haugen  
rådmann



## Overordna satsingsområde


Samfunnsdelen av kommuneplanen for 2009 – 2021 vart vedteken av Surnadal kommunestyre 26.10.2009. Denne har vore grunnlaget for arbeidet med økonomiplanen for 2015 - 2018. Kommunestyret vedtok ny samfunnsdel for perioden 2014 – 2026 i møte 20.06.14. Målet for Surnadal kommune er å arbeide for ein organisasjons- og samfunnuskultur prega av motivasjon, kraft og kultur.

I planen er det 7 gjennomgåande tema som skal ligge til grunn for all kommunal planlegging. Desse temaa er: folkehelse, likestilling og diskriminering, universell utforming, areal og miljøvern, frivillig arbeid, samfunnstryggleik og beredskap, og utviklingssamfunnet.


Samfunnsdelen er delt i 6 hovudtema:

1. Befolkningsutvikling og kompetanse
2. Barn og unge sine oppvekstvilkår
3. Næringsutvikling
4. Folkehelse og levekår
5. Kultur - omdømme - identitet
6. Tettstads- og arealutvikling

Desse temaa skal leggjast til grunn for alle tema- og sektorplanar, og også for satsingsområda i økonomiplanen i dei ulike sektorane og einingane.



### Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune





## INTERNKONTROLL

Etter Kommunelova §48 nr. 5 skal kommunane i si årsmelding gjøre greie for internkontrollarbeidet i verksemda.

Surnadal kommune har gjennom fleire år arbeidd med kvalitetsarbeid, og også hatt eit digitalt verktøy til delar av dette arbeidet. I 2013 vart det gjort vedtak om å delta i eit felles arbeid med å etablere eit digitalt kvalitetssystem gjennom samarbeidet i IKT Orkidé. Gjennom eit eige prosjekt i regi IKT Orkidé, med Annett Ranes frå Surnadal kommune som prosjektleiar, vart det i 2014 innkjøpt og starta implementeringsarbeidet med å ta i bruk kvalitetssystemet Compilo (tidl. Kvalitetslosen). Saman med dei andre kommunane på Nordmøre har ein utarbeidd ei standardisert oppbygging, som gjer at ein har likt rammeverk for innhaldet, og også har høve til å dele prosedyrar og anna nyttig dokumentasjon. Gjennom faggruppene i IKT Orkidé arbeider ein også med sjølv innhaldet, og utarbeider like prosedyrar i alle kommunane på enkelte område.

Målet med arbeidet er å ha eit internkontrollsysten som gjer kommunestyret, kontrollutvalet og rådmannen i stand til å ivareta krava om overordna kontroll- og tilsynsansvar og sikre at verksemda er organisert slik at kommunen når dei måla som er sett, og at ein førebyggjer at feil skjer. Kommunen skal ha kvalitetsdokumentasjon som sikrar at alle tilgang til relevant informasjon som lovar og forskrifter, styrande dokument, prosedyrar og dokumentasjon,

Mål med prosjektet:

- Forenkle og kategorisere
- Å sikre gode nok tenester gjennom god dokumentasjon og aktiv avviksbehandling.
- Å gi auka tryggheit for dei tilsette og brukarar ved at tenesteutøvinga er i samsvar med myndighetskrav, vedtak og prosedyrar.
- Å sikre at avvik faktisk blir meldt, og blir behandla på rett måte.
- Å få på plass og sikre eit tilgjengeleg og gjennkjennbart system som skal vere enkelt å bruke og enkelt å finne fram i.

### Vurdering:

Surnadal kommune er godt i gang med gjennomføringa av Compilo i heile organisasjonen. Det er gjennomført opplæring i alle delar av systemet, og ein arbeider no på dei ulike områda med å få aktuell dokumentasjon på plass, utarbeide årshjul og gjennomføre ROS-analysar på sentrale område. Avviksmeldingsdelen er også teke i bruk. Dette arbeidet vil fortsette i 2016. Internkontrollarbeid er ikkje noko blir ferdig med, det er ein kontinuerleg prosess.



## KLIMA OG ENERGIPLAN

Surnadal kommune si energi- og klimaplan frå 2009 har desse måla:

1. Klimagassutsleppa i 2020 skal vere 10 % lågare enn klimagassutsleppa i 1991.
2. Veksten i energiforbruk skal reduserast og Enøk - potensialet på 10% skal realiserast innan 2020.
3. Energibruk i kommunale bygg, føretak og selskap skal reduserast med minimum 10% innan 2020 (referanse 2006).
4. Det skal stimulerast til at 3% av total elektrisk energibruk (referanse 2006) skal leggjast om til ny fornybar energi.

Dei viktigaste tiltaka i 2015:

- Gjennomføring av energisparekontrakt vart starta opp. Målet er redusert energibruk i kommunale bygg.
- Kommunen har bidratt til etablering av hurtigladestasjon for el-bil. Til saman har Surnadal kommune brukt kr. 130.000 på ladestasjonar i 2014 og 2015.
- Innkjøp av ladbar hybrid tenestebil for tilsette på kommunehuset.
- Kommunen har vidareført drift av energiportalen.  
(<http://surnadalkommune.entelligent.no/>)
- Etablering av ro-ro-rampe i Surnadal hamn. Dreining av godstransport frå veg til sjø er eit godt klimatiltak.

## LIKESTILLING

Ein kommune har ulike roller i samfunnet og skal i sine roller utøve likestillingsarbeid: som arbeidsgjevar, som tenesteutøvar og som samfunnsutviklar. Som **arbeidsgjevar** er det spesielt viktig å ivareta likestillingsperspektivet ved å hindre diskriminering grunna t.d. kjønn, nedsett funksjonsevne, hudfarge, religion, etnisitet, språk, seksuell orientering, kjønnsuttrykk og alder. Det gjeld både under tilsetningsprosess, undervegs i og ved avslutning av arbeidstakarforholdet. Samstundes med at ein skal arbeide for å hindre diskriminering, skal ein også arbeide for å utjamne misforhold i kjønnsbalansen og hindre anna diskriminering innafor dei ulike yrkesgruppene og på dei enkelte arbeidsplassane. Dette må skje innafor gjeldande lov- og avtaleverk.

Som **tenesteutøvar** skal ein arbeide for at tenestene, både i omfang og innhald, skal vere mest mogleg likestilte og likeverdige for brukarane. Likestillingsperspektiva skal inn i barnehage og skole, arbeidet retta inn mot framandspråklege, og i korleis ein bygger opp og utfører tenestene elles. Frå barnehage til omsorg ved livets slutt: alle tenestemottakarar har krav etter lovverket på eit tenestetilbod som i størst mogleg grad tek omsyn til den livsfase og livssituasjon ein er i. Likeverdig tilbod med andre betyr ikkje at tilboden skal vere likt, men at tilboden skal innebere at tenestemottakaren skal få så gode moglegheter til livsutfolding som mogleg innafor dei rammene ein har.



Som **samfunnsutviklar** og viktig samfunnsaktør har kommunen ei særleg rolle. Som behandler av saker knytt til byggeløyve er det viktig å sjå til at likestillingslovene og spesielt særreglane knytt til universell utforming vert følgd opp av byggherrane. Ved utdeling og sakshandsaming knytt til søknad om kommunale midlar eksempelvis kulturmiddlar og næringsstøtte, er også likestillingssperspektivet viktig å ta med seg både for administrasjon og politisk leiing.

Dei ulike lovene set krav om at Surnadal kommune uavhengig av kva rolle ein utøver skal gjere aktive grep for å oppfylle sine lovpålagde krav for å fremme likestilling og hindre diskriminering.

## **Likestilling i arbeidet med busetjing, integrering og opplæring av flyktningar**

Det overordna styringsdokumentet for arbeidet med flyktningarbeidet er «Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere».

I eit likestillingssperspektiv er «Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion og livssyn (diskrimineringslova om etnisitet)» styrande. Her er det viktig å leggje merke til § 13 *om offentlege styresmakters plikt til aktivt likestillingsarbeid*. Det heiter at offentlege styresmakter skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling. For å komme krava i lovverket i møte arbeider flyktningtenesta inn mot den enkelte for å gje vedkommande eit så individuelt tilpassa opplærings- og integreringsløp som råd. Dette blir gjort ved at det vert skreve individuelle planer(IP og IOP) saman med den einskilte deltagaren. Planane blir følgt opp gjennom evalueringsmøte og samtalar.

Når det gjeld arbeid for likestilling mellom kvinner og menn kjem flyktningane frå kulturar og samfunn som skil seg mykje frå det som er gjeldande i Noreg på dette feltet. Det har generelt vist seg at kvinnene som blir busett i Noreg deltek mindre i samfunnet utafor heimen enn det som er tilfelle for menn. For å snu på det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret som mange har med seg frå heimlandet, trekkjer kommunen fram kor sentralt det er med individuell oppfølging både når det gjeld å snakke med kvinnene om kva som fins av mogelegheiter for dei, men og med mennene om kva som er forventa av dei som innbyggjarar i det norske samfunnet. I tillegg kjem sjølvsagt opplæring i samfunnskunnskap og deltaking i sosiale aktivitetar og språkpraksis/ arbeidspraksis som ein del av den totale integreringsprosessen.

## **Stillingsstørrelse fordelt på kjønn**

Statistikken viser oversikt over den stillingsprosent dei tilsette mottar månadslønn etter pr desember 2015. Tilsette som har slutta i løpet av 2015 er ikkje teke med.

Tal pr 31.desember 2015 viser ein slik fordeling (**berre faste tilsette**):



Arbeidstid	Kvinner	Menn
100% stilling	165 (174)	71 (70)
Deltidstilsette: gj.sn. stillings%	64,81% (64,83%)	62,58% (63,33%)

Det er den stillingsprosenten som vedkommande står i / mottek lønn i pr. 31.12 som dannar grunnlaget for statistikken både for 2015 og 2014.

Det er mange fulltidstilsette kvinner som pr 31.12.2015 arbeider midlertidig deltid grunna delvis permisjon pga omsorg, helsesituasjon, uttak delvis foreldrepermisjon, m.v. Desse er ikkje med i talet på heiltidstilsette kvinner i oversikta over, men blir rekna med blant dei deltidstilsette. Det er difor reelt sett ein god del fleire kvinner som har 100% stilling enn det som tabellen kan gje inntrykk av. Tal for 2014 i parentes.

Gjennom prosjektet Saman om ein betre kommune har ein sett ei auke i gjennomsnittleg fast stillingsomfang spesielt innafor pleie og omsorg. Kommunen har lyst ledige mange fleire stillinger enn før der stillingsomfanget har vore 80-100% stilling. Tross det har ein i 2015 noko det same nivået på gjennomsnittleg deltidsprosent som i 2014. Dette kan ha samanheng med at vi den siste tida har lyst ledig og tilsett i mange rekrutteringsstillingar (i 2015 gjekk 18 tilsette i slike stillinger). Dette er stillinger for studentar på t.d. vernepleiarstudier, der dei tek studiet på deltid over 4 år samtidig med at dei kombinerer studiet med ei helgastilling i kommunen. Dette er ei støtte for dei i studiet sidan dei på denne måten får praksis i det dei lærer under studiet. For ein del studie sitt vedkommande er slik delstilling også eit krav for å komme inn på studiet i utgangspunktet. Etter fullført studie vil den enkelte få tilbod om fast stilling i kommunen. I tillegg kjem at vi i 2015 også har hatt ein del tilsettingar etter 4-årsregelen.

## Arbeidsfråvær fordelt på kjønn

Statistikk ulik type fråvær 2015 (faste tilsette og tilsette i ulike typar vikariatstillingar er tekne med):

Kjønn	Tal tilsette %vis fordeling	Eige sjukefråvær	Sjuke barn	Foreldreperm.	Følgje av barn
Menn	142 (140) 17,2% (17,6%)	6,0% (3,2%)	0,3% (0,2%)	0,2% (0,3 %)	0,0% (0,0%)
Kvinner	682 (654) 82,8% (82,4%)	9,3% (8,2%)	0,3% (0,5%)	0,8% (0,3 %)	0,0% (0,0%)
Sum	824 (794) 100%	8,6% (7,5%)	0,3% (0,4%)	0,7% (0,3 %)	0,0% (0,0%)

Statistikken for 2015 dekkjer alle som har vore tilsett i løpet av 2015 med stillingsstorleik 1-100%, dvs ekstrahjelp/korttidsvikrarar er ikkje med, men tilsette i vikariat med



stillingsprosent >0 er med. Perioden kan vere på 1 månad til 12 månader. Tal for 2014 i parentes.

Følgje av barn: prosentvis fråvær er så lågt at det ligg under 0,1% og er difor falt ut.

Som ein ser er det ein viss auke når det gjeld fråværsuttaket samanlikna med 2015.

Når det gjeld uttak av permisjon for sjuke born, ser ein at kvinner og menn har det same nivået på uttak. Generelt kan ein også sjå at det er samla sett langt fram til ein god kjønnsbalanse i arbeidsstokken.

### Mål og tiltak

Det er naturleg å skilje mellom likestillingsarbeid retta utover og innover i organisasjonen.

Kommunen er ein stor samfunnsaktør og kommunale vedtak og avgjerder får stor betydning for kommunen sine innbyggjarar. Det er difor teke inn eige punkt i kommunen sin samfunnssdel av kommuneplanen for 2009-2021 om at likestilling og diskriminering er 1 av 7 gjennomgåande tema som skal ligge til grunn for all kommunal planlegging. Det same gjeld for universell utforming.

Det er viktig for Surnadal kommune å ha eit ekstra fokus på integrering og inkludering i samband med busetting av flyktningar. Det må samarbeidast med frivillige lag og organisasjoner om ulike tiltak som t.d. fadderordningar, trivselstiltak og felles møteplassar.

Kommunen er arbeidsgjevar for svært mange tilsette. Også i 2015 har Surnadal kommune lagt ned eit stort arbeid for å vidareføre med å trygge tilsettingsforhold og gje tilbod om fast tilsetting eller utviding av stilling etter arbeidsmiljølova sin § 14-9 , som omhandlar 3 og 4-årsregelen. Fordi uønska deltid meir er eit kvinnefenomen enn eit mannsfenomen, er arbeidet mot uønska deltid eit godt likestillingstiltak.

### IKT

Surnadal kommune er som kjend med i Orkidé - samarbeidet. Dette samarbeidet er eit §27-samarbeid som er basert på frivillig deltaking. Alle prosjekt må godkjennast administrativt og politisk i kvar kommune før dei blir med. Surnadal kommune har vore svært delaktig i dette samarbeidet opp gjennom åra. Det var ingen nye prosjekt i regi av IKT Orkidé i 2015 i påvente av omorganisering. Sjølve omorganiseringa vart ikkje gjennomført.

IKT Orkidé og Surnadal kommune vil uansett ha fokus på digital dialog og eit digitalt førsteval framover. Der prosjektet SvarUt blir særskilt viktig, der formålet er at post fra forvaltninga skal bli sendt til ein sikker digital postkasse.

Elles er det stor fokus på effektivisering og sikkerheit, der utrulling og oppsett av PC'ar no er automatisert gjennom ei løysing som blir drifta av fellespunktet i IKT Orkidé.



Lokalt i Surnadal kommune vil vi ha fokus på forretningsutvikling og gevinstrealisering. Korleis få betre tenester og betre samkjøring mellom ulike fagområde ved hjelp av ikt som verktøy. I 2015 vart det gjennomført eit prosjekt innanfor velferdsteknologi med tanke på opplæring og bevisstgjering samt utprøving av teknologi.

**Mål:**

- Betre kvalitet på våre tenester.
- Betre samhandling mellom ulike fagområde.
- Fleire tenester tilgjengeleg digitalt via våre heimesider.

**Tiltak:**

- Det blir satt opp ein tverrfagleg gruppe som skal samarbeide på tvers av ulike fagområde, med representantar frå alle faggruppene i IKT Orkidé.
- Fleire digitale skjema via heimesidene.
- Bruk av SvarUt frå vårt sak og arkivsystem for å sende utgåande post digitalt.
- Definere prosjekt innan velferdsteknologi basert på behov og ønskje som har komme fram gjennom forprosjektet som vart køyrd i 2014.

**Vurdering:**

Den tverrfaglege ikt-gruppa vart oppretta som planlagt. Gruppa har som formål å tenkte tverrfagleg både når det gjeld innføring av nye løysingar, men også det å tenkte meir tverrfagleg med tanker på å hente ut gevinstar.

Vi har også lagt ut fleire digitale skjema i tråd med både den lokale og sentrale satsinga på døgnopen forvaltning. Når det gjeld SvarUT så blir denne løysinga no teke i bruk av fleire og fleire einingar. Vi er langt i frå at all post går ut digitalt, men vi arbeider med det og køyrer opplæring på stadig fleire.

I 2015 vart det køyrt eit velferdteknoiprosjekt innanfor helse. IKT-avdelinga var med i dette prosjektet, som hadde som hovedmål å bevisstgjøre tilsette kva dette er. Det vart også kjøpt inn Ipad samt spillkonsoll til bruk både innafor institusjonane og Bu- og aktivitetstenesta. Og tilbakemeldingane har vore svært gode.

## 3-PARTSSAMARBEID

Surnadal kommune var i perioden 2008- 2009 med i Kvalitetskommuneprogrammet, i regi av Kommunaldepartementet, KS og fleire fagorganisasjonar.

Gjennom dette vart det inngått ein 3-partsavtale mellom politisk leiing, administrativ leiing og dei hovudtillitsvalde frå arbeidstakarorganisasjonane. Denne avtalen vart fornya i 2010, og skal gjelde for resten av kommunestyreperioden. Avtalen har 4 mål:

Mål 1: Ein betre kommune for innbyggjarane, der ein gjennom 3-partssamarbeidet kjenner til og arbeider mot felles mål.



Mål 2: Tre likeverdige partar som arbeider for å utvikle kommunen.

Mål 3: Samarbeide om godt omdømme.

Mål 4: Formalisere arbeidet med 3-partssamarbeidet

## FOLKEHELSEARBEID

Surnadal Kommune har i kommuneplanen sin samfunnsdel (2014-2026) definert folkehelse og levekår som eit gjennomgåande tema, d.v.s. at alle skal ha kjennskap til det og at alle skal ta omsyn til det både når vi planlegg og arbeider med saksbehandling. Dette med bakgrunn i folkehelselova, som klart definerer folkehelsearbeidet som eit sektorovergripande ansvar.

I samband med Regional delplan for folkehelse 2014 – 2017 har ein sagt det slik:

*Målet med folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse for den einskilde, og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga. Helse i alt vi gjer – er kjernen i folkehelsearbeidet. I åra framover er det nødvendig at alle sektorar set seg folkehelsemål og samarbeider for å nå desse.*

I Regional delplan for folkehelse 2014 – 2017 er det vedteke seks satsingsområde :

1. Samfunnsutvikling for ein god start i livet.
2. Helsevennleg arbeidsliv.
3. Samfunn som fremmar aktiv, trygg og frisk alderdom.
4. Trygt og helsefremmande fysisk miljø.
5. Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar.
6. Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

I 2015 har det vore arbeidd med folkehelse på mange ulike arenaer. Kvar sektor har laga mål og tiltak for folkehelsearbeidet i samband med økonomiplanen.

### Hovudmål

Yte gode tenester innanfor byggesak, plan/oppmåling og jordbruk/skogbruk.

Legge til rette og vera med å utvikle god fysisk og psykisk helse.

Legge til rette for god fysisk og psykisk helse for alle - utjamne sosiale ulikskapar.

Helsetenester og bustader må tilpassast den kraftige auken i behov som er venta når talet på eldre og kronisk sjuke veks.

### Dette har det vore arbeidd med i 2015

I **byggesaksbehandling** blir det lagt stor vekt på universell utforming av alle typar bygg, både inne og tilkomst til bygg. For eigne bustader vil dette bety at bustaden kan brukast om ein er eller blir funksjonshemma.

I **planarbeidet** er det også lagt stor vekt på universell utforming. Dette er viktig for at alle skal kunne bruke ulike tilbod, slik som t.d den nye sentrumsplana.

Effektiv utnytting av dei tekniske anlegg på kommunale bygg, slik at dei kan nyttast av flest muleg.

Leggje til rette slik at kommunale leikeplassar/idrettsanlegg til ein kvar tid kan nyttast.



**«52 – 17 Søndagsturen»:** Ei lågterskelsatsing på friluftsliv i friluftslivets år 2015.

Det har vore gjennomført 17 søndagsturar i Surnadal i 2015. I samarbeid med Halsa og Rindal, så var det guida søndagstur kvar søndag i heile 2015 i ein av dei tre kommunane.

**Stikk ut:** Surnadal hadde i 2015 tolv StikkUtmål. Det er mange som går desse turane utan å registrere seg på nettet etterpå. Det viser seg at vi må skifte bøker på dei ulike turmåla utan at dette samsvarar med registreringar på nettet. Vi er registrert med 4 391 besök på dei ulike postane i 2015.

**Ordførartur:** Det vart gjennomført to Ordførarturar i 2015, den eine med overnatting i det fri på januar.

**Internt i kommunen** har det òg vore faste turkveldar der folk har samla seg og gått til forskjellege turmål rundt om i kommunen.

**Frisklivssentralen:** Her er det faste treningsøkter 4 dagar i veka. Totalt er det ca- 20-30 deltakarar til ei tid som deler seg på dei ulike treningsstilboda.

**Andre aktivitetsmål med tiltak som er starta opp i 2015:**

**Legge til rette for funksjonshemma t.d. rullestoltrasear og fiskeplassar.**

-Øra – Brumelen nærmiljøanlegg er på trappene, grunnarbeid vart gjort i 2015, her vil det etter kvart bli mellom anna fiskeplass for funksjonshemma.

**Merking av tur og kulturminnestiar i samarbeid med frivillige.**

Planlegging og söking på forprosjekt når det gjeld kulturminneløype på Eidet frå museet på Åsen, vi ønskjer å byggje kopi av gamal kavelveg som ligg i myra, (den er datert til før svartedauden).

Bygging av Strengenløypene – frå Vang Skiarena. Løyper opp mot strengen men også løyper i den gamle Bøkeskogen mot Stangvik – den gamle postvegen.

Surnadal kommune gir kvart år støtte til Vinterleikane for funksjonshemma som Nordmøre folkehøgskule (NoFo) saman med Surnadal sparebank og Surnadal kommune arrangerer på Nordmarka.

**Sjukeheimen i kommunen har eit godt samarbeid med fleire lag og organisasjonar.**

Pårørandeforeininga har eit sterkt fokus på å bidra med midlar som fremmer aktivitetstiltak for pasientane. Dei har også, i samband med andre lag og lokalt næringsliv, gjeve midlar slik at innkjøp av el-sykkel har vorte mogleg. Med denne sykkelen kan ein pleiar ta med seg inntil to pasientar ut på sykkeltur.

Institusjonen har besök frå ulike lag, barnehagar og skular som saman bidreg til underhaldning for pasientane. Kvar torsdag er det dans med levande musikk. Det er også eit nært samarbeid med kyrkja.



## Heimetenesta og rehabilitering

Rehabiliteringsavdelinga og dagsenteret for eldre hadde sin årlege «onnadag» med hersjing, kaffekoking på bålpanne, sal av sjølvlaga produkt, musikk og dans. Yrande dyreliv var det også med hest sau, høner og andre husdyr. Både barn, unge og eldre deltok på dagen. Dagen vart avslutta med onnagraut.

Kommunen har også starta med kvardagsrehabilitering som eit tiltak for kvardagsmeistring i omsorgstenestene.

## Barnehage og skule

Barna får vere ute ei tid kvar dag og får vere i aktivitet og får frisk luft. Nokon har faste turdagar. Det er starta eit samarbeid med eit treningssenter i bygda der barna får kome og klatre og vere fysisk aktiv. Ved den største barneskulen er det starta eit samarbeid med eit treningssenter i bygda der barna får kome og klatre og vere fysisk aktiv.

Den største barneskulen har uteskule med faste økter ute for alle elevar på 1.-4.trinn. Alle trinn har mulegheit til å leggje delar av undervisinga si ute. Det er etablert eigen arena for uteskule i nærmiljøet.

Skular og barnehagar har smøremåltid og frukt/grøntmåltid kvar dag.

Vi er opptekne av sosial utjamning som eit ledd til god folkehelse. I barnehagane arbeider dei med bruk av digitale verktøy. Det er ikkje gjeve at alle har tilgang til eller får rett hjelp og støtte i bruken av digitale verktøy på heimebane.

Øye og Skei barnehage har laga ein trafikksikringsplan som gir klare føringar på korleis dei skal opptre i trafikken når dei er ute på tur.

«Inn på tunet» for elevar på 3. og 7.trinn ved den største Barneslulen med fokus på kvar maten vår kjem frå. Opplæring og dyrking av eigen mat. 7.trinn har hatt elevbedrift knytt til oppgåvane deira «Inn på tunet».

Førebygging og mobbing – både skulane og barnehagane følgjer handlingsplan mot mobbing. Mobbing er også tema på foreldremøter.

Vi har auka helsesøsterressursen ved den vidaregåande skulen med gode tilbakemeldingar og resultat.

## HMS – ARBEID

### Mål:

For 2015 og 2016 skal ein ha fokusområde innafor HMS på å evaluere det interne informasjonsarbeidet i kommunen, og eventuelt komme med forslag til endringar. Verneområda skal i 2015 og 2016 ha fokus på å analysere sitt eige interne informasjonsarbeid med sikte på å finne mogleg forbetningsområde. Områdeleiar og verneombod har ansvar for å starte opp dette arbeidet.



## Tiltak:

Informasjon om satsingsområda har vore sendt ut til alle verneområda og orientert om på kommunen sine intranettsider, teke opp på einingsleidarmøte og på møte mellom hovudtillitsvalde/ hovudverneombod og administrativ leiing.

Verneområda skal rapportere i Årsrapport HMS for sitt arbeide i 2015, noko som skal bli behandla i AAU i løpet av våren 2016.

## Einingane sitt arbeid på området:

### Rådmannen

- Rådmannen sender ut månadleg «fredagsbrev» til alle tilsette.
- Informasjonsmøte for alle på ansvar 100 - rådmannen.
- Det er oppmoda om at ein skal legge ut aktuelle saker på intranettet og på dei kommunale heimesidene.
- Arrangerer årlege velkomsttreff for nytilsette, der det vert informert nærmare om kommunen.

## Vurdering:

Å gje nok og rett informasjon til dei rette mottakarane i ein stor organisasjon er ei stor utfordring, og det har vist seg i 2015 at det er viktig å ha fokus på dette området. Det er viktig i denne forbindelse å evaluere dei ulike informasjonskanalane vi bruker internt, slik at rett informasjon når ut til den rette målgruppa alt etter kva det vert informert om.

## Kultur

- Eininga har ein del tilsette i mindre stillingar, men det ser ut til at dei fleste ønskjer å fortsette i desse stillingane. Andre kan tenke seg ein større prosentdel om dette var mogleg å få til innanfor ramma.

## Vurdering:

I september 2014 flytta kultureininga frå 3. høgda på kommunehuset og over til kulturhuset. Kultureininga er no samlokalisert, og har gjennomført ein turnusplan som gjer at det er større fleksibilitet til å utøve dei tenestene som innbyggjarane får glede av. Mellom anna kan kinodrifta hjelpe til når biblioteket er stengt på grunn av innsparinger.

## Midtigrenda barnehage

### Mål:

- Arbeide med det psykososiale miljøet i barnehagen.
- Vernerunde –få kjenndskap til Kvalitetslosen på nett.
- Kunnskap om førstehjelp og brannberedskap.

### Tiltak:



- Gjennomføre fagbolkar på personalmøta og planleggings - dagane framover.
- Fast vernerunde på HMS der verneområdeleiar og verneombod deltek.  
Gje kjennskap til /opplæring til personalet på personalmøta ang. Kvalitetslosen.
- Førstehjelpskurs for personalet november -14, og faste brannvernveker 2 gong pr. år.

#### Vurdering:

Vi har gjennomført fagbolker på pers.møter og pl.dag januar og august. Vernerunde i februar med etterarbeid.

Vi har starta opplæring på personalet når det gjeld KS-losen, gjennomgått jомнleg på personalmøtene. Personalet har vorte tryggare på digitale verkty, og vi veileder undervegs i opplæringa. Gjennomført brannvernveke vår/haust.

#### Øye og Skei barnehage

Mål:

- Ha god brannberedskap.
- Ha god kunnskap om førstehjelp for barn og vaksne.
- Ha eit godt psykososialt arbeidsmiljø.
- Alle tilsette skal ha kjennskap til Kvalitetslosen på nett og at vi skal bidra til å utvikle HMS-systemet.

Tiltak:

- Vi er med på den nasjonale brannvernveka to gonger i året.
- Førstehjelpskurs blir gjennomført annakvart år.
- Arbeide med psykososialt arbeidsmiljø.
- Arbeide systematisk for at alle arbeidstakarane blir kjent med HMS - systemet.

#### Vurdering:

Alle tiltak er gjennomført. Vi har spesielt lagt ned ein stor innsats for å få alle tilsette oppe og gå i høve det digitale kvalitetssystemet. Personalet veit kor dei skal finne informasjon og beredskapsplanar og dei er kjent med korleis ein melder avvik.

#### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

Mål:

- Ha eit ope og trygt arbeidsmiljø.

Tiltak:

- Oppfølging av tilsette gjennom medarbeidarsamtalar.
- Gjennomføre årlege vernerundar.
- Ha 2 årlege brannøvingar.
- Trivselstiltak for tilsette.

#### Vurdering:



Tiltaka er gjennomførte.

### **Mo oppvekstsenter**

Mål:

- Ha eit ope, trygt og triveleg arbeidsmiljø.
- Ha gode HMS-rutinar.

Tiltak:

- Gjennomføring av vernerunde og medarbeidarsamtaler kvart år.
- Minimum ei brannøving kvart år.
- Minimum eit førstehjelpskurs for alle tilsette annakvart år og samtidig ha aktuelle deltakarar på symje- og livreddningskurs kvart år.
- Trivselstiltak for alle tilsette.
- Opplæring i Kvalitetslosen for alle tilsette.

### **Vurdering:**

HMS-arbeidet og trivselstiltak stort sett gjennomført. Førstehjelpskurset blei utsett til 2016 grunna sjukdom av kurshaldar.

### **Todalen og Stangvik oppvekstsenter**

Mål:

- Gode rammer for helse og trivsel for born og vaksne.

Tiltak:

- Følgje opp trafikksikringsplana.
- Årlege vernerundar.
- Årlege brannøvingar.
- Førstehjelpskurs tilsette.
- Årleg symje- og livreddingskurs.

**Vurdering:** Alle tiltak er gjennomført.

### **Øye skule**

Mål:

- Fokus på eit ope og trygt arbeidsmiljø.

Tiltak:

- Vi skal sende alle leiarar med personalansvar på HMS - kurs, kurs Kvalitetslosen.
- Førstehjelpskurs i løpet av 2014.
- Jobbe med trivselstiltak i kvardagen.
- Sende aktuelle lærarar og andre tilsette på symje- og livreddningskurs.

**Vurdering:** Verneombod har gjennomført kurs for verneombod. Vi har starta ei kollektiv opplæring med Kvalitetslosen, men vi er ikkje i mål. Dei andre tiltaka er gjennomførte.



## Surnadal ungdomsskule

Mål:

- Skape eit trygt og triveleg skulemiljø for elevar og tilsette.

Tiltak:

- Trivselstiltak for tilsette.
- Bruke MOT som verkemiddel i førebygging mot mobbing.
- Ha deltakarar på symje- og livredningskurs.
- Gjennomføre 2-3 brannøvingar kvart skuleår.
- Årlege vernerundar.
- Tilpasser arbeidsplassar for tilsette etter behov.

### Vurdering:

MOT –besøka vert gjennomført etter planen på alle trinn i 2015, og skulen har svært gode tal i elevundersøkinga når det gjeld mobbing. Scoren var 4,9 av 5,0 som er det høgaste. Det er ei klar betring frå året før. Det er også gjennomført fleire trivselstiltak for tilsette ved hjelp av midlar avsett i budsjettet for 2015. Resten av tiltaka er også gjennomførte etter planen.

## Helse og familie

Mål:

- Eit inkluderande arbeidsmiljø med rom for nyskaping og kreativitet.
- Legge til rette for tverrfagleg samarbeid internt og på tvers av einingar.

Tiltak:

- Oppfølging gjennom medarbeidarsamtalar.
- ROS - analyse for å avdekkje satsingsområde.
- Kompetanseheving

### Vurdering:

Det har vore gjennomført ROS-analyse på arbeidsmiljø, samt ei medarbeidarundersøking i samband med vernerunden. Ingen har tatt vidareutdanning i 2015, men har vore på prioriterte kurs / fagdagar . Dei som treng spesielle kurs for å oppretthalde ei spesialisering har fått dette.

## Institusjonane

Mål:

- Ha eit inkluderande arbeidsmiljø med fokus på fagutvikling, nærvær, kompetanse og samarbeid.



#### Tiltak:

- Fortsette samarbeidet innan fokusområda saman med tillitsvalde og tilsette i Arbeidsmiljøgruppa og Kvalitetsgruppa.
- Aktiv medskaping.
- Betre oppgåve- og rollefordeling.

#### Vurdering:

Fortsette arbeidet ein har starta i prosjektet *Saman om ein betre Institusjon*. Synleggjere gevinstane og arbeide saman med dei tilsette i å forankre tiltaka i den praktiske arbeidskvardagen. ROS-analyser nyttast for å kartlegge risikoområde.

#### Bu – og aktivitet

##### Mål:

- Ha eit arbeidsmiljø som legg til rette for tverrfagleg samarbeid og fagutvikling.
- Ha eit godt og trygt psykososialt arbeidsmiljø som legg vekt på samhandling i endringsarbeidet.

##### Tiltak:

- Involvere alle tilsette i utviklings- og endringsarbeidet gjennom arbeidsgrupper i bustadene.
- Fokus på etikk og haldningar i samhandlinga mellom kollegaer og mot brukargruppa.
- Ha arbeidstidsordningar som bidrar til betre arbeidsmiljø og betre tenester.

#### Vurdering:

Også det siste året har det vore fokus på arbeidsmiljø og utviklingsarbeid. Alle har sett fram til at det nye aktivitetshuset skulle stå ferdig og gje nye moglegheiter for både utviklingsarbeid og positive effektar for arbeidsmiljøet.

Ein har ikkje kome i mål når det gjeld arbeidstidsordningar i 2015, men arbeidet er i gang for utprøving av langvakter i 2016.

#### Heimeteneste og rehabilitering

##### Mål:

- Ha eit trygt, ope og inkluderande arbeidsmiljø med fokus på omsorg, samarbeid og fagutvikling.

##### Tiltak:

- Oppfølging av tilsette gjennom medarbeidarsamtalar.
- Kompetanseheving, heiltidskultur og felles målutvikling.

#### Vurdering:

Vi får ikkje til å gjennomføre medarbeidarsamtalar for alle. Mellomleiarane har til dels svært mange tilsette og oppgåvane utanom personalansvar har auka dei siste åra utan at dei



administrative ressursane har følgt med. Vi har sett i gang eit arbeid for å knytte medarbeidarsamtalene opp mot pasientforløptankegangen (HPH). Dette vil gjere samtalande meir målretta, men vil krevje like mykje tid til gjennomføring.

Vi har lykkast i arbeidet med kompetanseheving. Fleire har teke fagbrev og vidareutdanningar. Dei aller fleste har til ei kvar tid ønska stillingsprosent, og det er i stor grad heiltidsstillingar. Bekymringa er rekruttering og vikartilgang i feriar.

## NAV

Mål:

- Ha eit trygt, ope og inkluderande arbeidsmiljø.
- Gjennomføre vernerundar.
- Sikre gode rutinar i forhold til evakuering, vold og truslar.

Tiltak:

- Oppfølging av tilsette gjennom medarbeidarsamtalar.
- Kompetanseheving med felles målutvikling på NAV sine oppdrag.
- Gjennomføre øvingar i forhold til brann/evakuering minimum 2 gonger i året og øve på aksjon i forhold til vold og truslar minimum 4 gonger i året.

## Vurdering:

Vernerunde er gjennomført og tiltak i verksatt. Alle tilsette har hatt medarbeidersamtaler. Kompetansehevande tiltak er gjennomført, gjeldsrådgivar har starta utdanning for gjeldsrådgivarar.

Øving på situasjonar i fht vold og truslar er gjennomført.

## IK Barnevern

Mål:

- IK barnevern har som mål at sjukefråværet ikkje vert over 5,6%
- Ha eit godt arbeidsmiljø med fokus på samarbeid og fagutvikling.

Tiltak:

- Medarbeidarsamtalar vert gjennomført årleg.
- Saksmengde og arbeidstilhøve til den enkelte vert vurdert kontinuerlig.
- Kompetanseutvikling og felles målutvikling

## Vurdering:

Sjukefråværet er framleis for høgt. Arbeidet med å finne tiltak for å redusere fråværet held fram. Det er gjennomført ROS – analyse og utarbeid handlingsplan for eininga.

## Kommunalteknikk – VAR

- Eininger har gjennom fleire år hatt særslig lågt sjukefråvær. Dette skuldas bl.a. eit godt psykososialt arbeidsmiljø, som det har vore jobba kontinuerleg med over relativt lang tid.



- I samarbeid med Midtnorsk HMS - senter har eininga tidlegare gjennomført ROS - analysar innanfor fleire av tenestene som eininga har ansvar for.

#### Vurdering:

Eininga har fortsatt eit svært lågt sjukefråvær og ein har ikkje funne det nødvendig med ekstra tiltak av noko slag.

#### Areal- og naturforvaltning

##### Vurdering:

- Eininger har eit lågt sjukefråvær. Dette skyldes fleire ting som lite fysisk utfordrande arbeid, godt arbeidsmiljø og at vi bevisst tilrettelegg for at arbeidsplassen tilpassast den enkelte arbeidstakar. Vi har fleire gonger hatt god bistand frå Midtnorsk HMS - senter på dette.
- Vi arbeider bevisst med trivsel for alle.

#### Eigedom

##### Vurdering:

- Eininger er ikkje samlokalisert, men vi fokuserer på tett oppfølging av alle, da trivsel er eit godt tiltak når det gjeld førebygging av sjukdom.
- Prøver å få til nokre fellesmøte gjennom året, der vi prøver å kombinere fagleg innhald og trivselstiltak.
- Er ressurskrevjande å samle alle, dette både på grunn av avstandar og arbeidstider.

## IA-aftalen

### Delmål 1: Sjukefråvær

- a) Utarbeide mål for sjukefråvårsarbeidet og sette resultatmål for sjukefråvårsutviklinga.
- b) Etablere etterprøbare aktivitetsmål.

#### Tiltak:

Opplæring i nye rutinar for oppfølging av sjukmelde ved fleire høve i 2015, og da særskilt ved orientering frå NAV Arbeidslivssenter og organisasjonspsykolog Magne Seierslund hausten 2015 for einingsleiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

Det har vore særleg oppfølging av dei einingane som har hatt det største sjukefråværet, med sikte på å analysere sjukefråværet i einingane med sikte på å sette i verk målretta tiltak på det førebyggande området så vel som på det individretta området.

Det ble i mai gjennomført halvdags opplæring innan AKAN for einingsleiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod.



## Einingane sitt arbeid på området:

### Rådmannen

- Ønskjer å ha fokus på trivsel i arbeidsdagen, som også kan påverke sjukefråværet positivt.

**Vurdering:** Vi har lågt sjukefråver på eininga.

**Personal og kompetanse** har arbeidd tett saman med einingane i enkeltsaker, mellom anna med rådgjeving og veiledning, bestilling av funksjonsevurderinger frå eksterne samarbeidspartnarar, jamlege samarbeidsmøte med NAV lokalt og bistand i saker som treng endeleg avklaring.

### Vurdering:

Tross det fokus som ein har hatt i løpet av året på sjukefråværforebygging og -oppfølging, har sjukefråværet i Surnadal kommune auka i 2015 på same måte som generelt elles for kommunane.

### Kultur

- Vi vil arbeide for å ha eit gjennomsnittleg lågt sjukefråvær. Når eininga er så lita som ho er, blir det vanskeleg å sette eit fast prosenttal, ettersom ei sjukemelding kan føre til høg prosent på totalen.

### Vurdering:

Vi har fokus på å ha eit lågt sjukefråvær, med fleksibilitet i arbeidsoppgåver og fordelinga av ansvarsområde. Vi hadde langtidssjukemelding grunna sjukdom i 2015 som gir eit stort utslag når det er få tilsette. Dette ser vi fram til at vert betre i 2016.

### Midtigrenda barnehage

#### Tiltak:

- Arbeide mot måltal for sjukefråvær som er sett for ansvar 223.
- Halde høg fokus på nærværsfaktorar – kommunikasjon med alle tilsette.
- Tett og rett oppfølging på sjukemeldte, samarbeid med andre instansar som trengs, NAV og personalavdelinga i kommunen.

### Vurdering:

Vi prøver heile tida å arbeide mot nedsette måltal, men har dessverre opplevd ein del sjukefråvær grunna mykje muskel - og skjelettplager. Måltalat har derfor ikkje vore muleg å nå. Fokus på nærværsfaktorar og eit godt arbeidsmiljø er viktig, og få alle avd. til å fungere med både faste tilsette og vikarar som må inn når nokon er gradert eller heilt sjukemeldt. Vi har gjennomført det vi skal i forhold til oppfølging på kvar enkelt sjukemeldt gjennom året.



## Øye og Skei barnehage

Mål:

- Arbeide for å kome ned på måltal for sjukefråvær satt for ansvar 227.
- Definere nærværsfaktorar ilag med personalet og ha fokus på desse.
- Ha god oppfølging på sjukmeldte medarbeidrarar.

### Vurdering:

Vi har justert målet for sjukefråværarsarbeidet og lagt nye føringar for arbeidet med å redusere fråværet. Vi har fortsatt eit sjukefråvær som er for høgt.

Vi har hatt god oppfølging på sjukmeldte arbeidstakarar.

## Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

Mål:

- Ha eit sjukefråvær på 5% eller mindre

### Vurdering:

Vi har ikkje nådd målet på 5%, men er på god veg med eit måltal på 5,9%.

## Mo oppvekstsenter

Mål:

- Måltal for sjukefråvær på 5%.

### Vurdering:

Sjukefråværet var på 4%. Det er ein liten oppgang frå 2014. Korttidsfråværet har derimot gått ned til 0,6%.

## Todalen og Stangvik oppvekstsenter

- Måltal for sjukefråvær 5%

**Vurdering:** Resultat for 2015 er på 6,0%. Tostop består av to skular og to barnehagar. Ein må kanskje vente noko større sjukefråvær i barnehage enn på skule, så totalresultatet er innafor etter vår vurdering, men måltalet på 5% står fast.

## Øye skule

- Øye skule har fått ned sjukefråværet dei siste åra. Målet er å halde det godt under 5%.



**Vurdering:** Etter at vi i 2014 hadde eit gledeleg lågt samla sjukefråvær på 3,3% , auka det i 2015 til 4,9%. Det var langtidsfråværet (17-365 dg.) som auka frå 1,3 til 2,8%. Positivt at korttidsfråværet (1-8 dg.) gjekk ned

### Surnadal ungdomsskule

Mål:

- Målet er å halde det gjennomsnittlege sjukefråværet godt under 5 %

### Vurdering:

Skulen arbeider førebyggande med god tilrettelegging og tilpassing av arbeidet og har tidleg og god dialog med sjukemelde. Med eit lågt korttidsfråvær på 1.1 % og eit samla sjukefråvær på 4.2 % , er målsettinga for 2015 oppnådd. Det er ein klar nedgang frå eit samla fråvær på 5,4 % året før.

### Helse og familie

Mål:

- Halde nærværsprosenten på minst 94,5 %. Ein har få tilsette, noko som gjev store utslag ved fråvær.

### Vurdering:

Nærværsprosenten på 94,5 % er nådd. For 2015 var den på 94,9%. Med få tilsette gir eit lengre sjukefråver stort utslag på fråversprosenten.

### Institusjonane

Mål:

- Fortsette arbeidet med å redusere sjukefråværet. Arbeide tett saman med NAV, Personalavdelinga og legane. Erfaring frå andre kommunar syner at ein ved Institusjonane har innført tiltak som ein trur vil gje positive resultat over tid.

### Vurdering:

Sjukefråværet er framleis for høgt ved Institusjonen. Arbeidet med tiltak for å redusere fråværet held fram. Ein arbeider tett saman med NAV arbeidslivssenter, personalavdelinga og legane. Ein har fokus på aktiv medverknad frå dei tilsette.

### Bu og aktivitet

Mål:

- Ein har stått ovanfor ei stor endring det siste året med bygging og oppstart av nytt aktivitetshus og bygging av nye fellesbustader. Det har vore vesentleg å trygge dei tilsette i denne prosessen slik at dei opplever meistring og mulegheiter, og ikkje stress og utryggheit.
- Målet har vore å ha uendra sjukefråværsprosent.



### Vurdering:

Sjukefråværet er på 8,7% i 2015 og har gått litt opp fra 2014 da sjukefråveret låg på 7,3. Sjølv om dette ikkje er urovekkande, er det likevel viktig å arbeide for at sjukefråværet ikkje skal gå ytterlegare opp. Det blir viktig å halde fram med utviklingsarbeid, kompetanseheving og ha fokus på etikk og haldningars.

### Heimeneste og rehabilitering

Mål:

- Heimenesta må redusere talet på tilsette neste år, og tilsette må få endra arbeidsoppgåver for å få til dette. Dette gir erfaringsvis utslag på sjukefråværsprosenten.
- Målet er å stabilisere den høge nærværsprosenten vi har hatt det siste året.

### Vurdering:

Vi varsla i fjor ei bekymring for auka sjukefråvær i samband med reduksjon av talet på tilsette. Vi fekk eit sjukefråvær på 10,7%, noko som eir ei relativt stor auke frå dei to siste åra der vi har hatt 6% sjukefråvær. Likevel var sjukefråværet i fjor konsentrert om første tertial, der fleire uheldige hendingar utanom arbeid slo ut i mange lange sjukemeldingar.

### NAV

Mål:

- NAV Surnadal har som mål at sjukefråveret ikkje vert over nasjonal målsetting på 5,6

### Vurdering:

NAV Surnadal hadde eit sjukefråvær på 16 %. Få tilsette i eininga gir stort utslag når vi har langtidssjukefråvær.

### IK Barnevern

Mål:

- Utarbeide mål for sjukefråværarbeidet og sette resultatmål for sjukefråværsutviklinga.
- Sette aktivitetsmål for oppfølgings- og tilretteleggingsarbeidet overfor eigne arbeidstakarar med redusert arbeidsevne for å førebyggje overgangen frå arbeid til passive ytingar.
- Sette aktivitetsmål for korleis eininga skal opne for personar som NAV har avklart og som har behov for utprøving av arbeids- og funksjonsevna si i det ordinære arbeidslivet.



### Vurdering:

Sjukefråværet er framleis for høgt . Arbeidet med å finne tiltak for å redusere fråværet held fram. Vi får ikkje til å gjennomføre medarbeidarsamtalar for alle tilsette.

### Kommunalteknikk

Mål:

- Målet er eit sjukefråvær mindre enn 3 %. Eininga har låg bemanning, slik at eit langtidsfråvær vil gjere store utslag i %, noko ein må vere klar over.

### Vurdering:

Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2015 har vore 1,4 %, noko som talar sitt eige språk.

### Areal- og naturforvaltning

Mål:

- Sjukefråværet er under 2 % og målet er å halde eit så lågt sjukefråvær. Eininga har låg bemanning og da vil dette gje store utslag ved eit langtidssjukefråvær.

### Vurdering:

Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2015 har vore 1,6 %.

### Eigedom

Mål:

- Målet for sjukefråvær er mindre enn 5%, noko som er ambisiøst innan fagområdet.

### Vurdering:

Eininga har relativt høgt sjukefråvær, og det har auka frå 7,6% i 2014, til 10,3% i 2015. Dette er urovekkjande tal som vi har, og må ha sterkt fokus på framover.

Det er langtidsfråværet som er urovekkjande høgt, og i 2015 var det fleire medarbeidarar som var langtidssjukemeldt.

### Delmål 2: Personar med nedsett funksjonsevne

- a) Sette aktivitetsmål for oppfølgings- og tilretteleggingsarbeidet overfor eigne arbeidstakrar med redusert arbeidsevne for å førebyggje overgangen frå arbeid til passive ytingar.
- b) Sette aktivitetsmål for korleis verksemda skal opne for personar som NAV har avklart og som har behov for utprøving av arbeids- og funksjonsevna si i det ordinære arbeidslivet.

### Tiltak:

Gjennomføre tilretteleggingstiltak for å finne arbeid som er tilpassa funksjonsevne.



Stilt arbeidsplassar til disposisjon i samarbeid med NAV for personar som treng utprøving av si reduserte funksjonsevne.

### Einingane sitt arbeid på området:

#### Rådmannen

- Rådmannsteamet/administrasjonen har ikkje i dag medarbeidarar med nedsett funksjonsevne, men vil (og kan) legge til rette for det dersom slikt behov oppstår.

#### Vurdering:

Pr. i dag ingen aktuell problemstilling.

#### Kultur

- Eininga arbeider tett med personalstaben for å legge til rette for arbeidstakarar med redusert arbeidsevne.

#### Vurdering:

Kultureininga har pr i dag ikkje medarbeidarar med nedsett funksjonsevne, no når vi har kontor i kulturhuset kan vi legge til rette for slike tiltak.

### Midtigrenda barnehage

#### Tiltak:

- Legge til rette for gode arbeidsforhold i forhold til ergonomi.
- Tett og rett oppfølging på sjukemeldte arbeidstakarar; samarbeid med andre instansar som trengs, samarbeid med NAV og Personal og kompetanse.
- Legge til rette for å ta imot personar frå NAV dersom det høver.

#### Vurdering:

Når det gjeld ergonomi og muskel- og skeletpager har vi mange hjelpe midler, og er heile tida på søken etter kva som kan avhjelpe den enkelte arb.taker. Her må vi arbeide forebyggande og veilede kvarandre undervegs i ny praksis med nye hjelpe midler.

Vi har arbeidd tett med sjukemeldte, for å finne gode løysningar saman med NAV og personal-og kompetanse. Dette har vi så godt som det er muleg lukkast med.

### Øye og Skei barnehage

#### Mål:

- Legge til rette for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne.

#### Tiltak:

- Sette mål for arbeidet ved kvart enkelt høve i samarbeid med Personal og kompetanse og andre samarbeidspartar etter behov.
- Ha god dialog med den tilsette og vere kreativ for å finne måtar å legge tilrette på.



- Vere positiv til å ta imot personar frå NAV som treng arbeidsutprøving.

#### Vurdering:

Vi har eit tett samarbeid og god dialog med Personal- og kompetanseavdelinga i kommunen rundt personar med nedsett funksjonsevne. I løpet av 2015 har vi søkt om tilretteleggingstilskott fire gonger og fått innvilga alle søknadane gjennom Nav arbeidslivssenter.

Gjennom året har vi hatt to personar frå Nav og to personar frå Trollheim vekst på arbeidsutprøving

### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

#### Tiltak:

- Vere fleksible i forhold til timer/dagar og arbeidsoppgåver for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne.
- Ta imot personar frå NAV som treng arbeidsutprøving.

#### Vurdering:

Konkrete tiltak er gjennomført i forhold til pkt. 1. Vi har ingen på arbeidsutprøvingstiltak dette året.

### Mo oppvekstsenter

#### Mål:

- Gjennom god dialog legge til rette for at arbeidstakarar som har redusert arbeidsevne og ulike behov skal kjenne seg verdsatt.

#### Tiltak:

- God oppfølging av sjukmeldte i samarbeid med personalavdelinga.
- Legge til rette for og vere fleksible i forhold til timer/dagar og arbeidsoppgåver.

#### Vurdering:

Samarbeidet med personalavdelinga fungerer godt i høve til oppfølginga av sjukmeldte.

### Todalen og Stangvik oppvekstsenter

#### Tiltak:

- Leggje til rette for at tilsette med særskilde behov eller som treng utprøving, kan fungere så godt som råd i arbeid ved oppvekstsenteret.

#### Vurdering:

Tett individuell oppfølging i tilfelle der dette har vore nødvendig.



## Øye skule

Tiltak:

- Øye skule har god erfaring med å tilpasse arbeidsdagen for eigne arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne. Med god dialog mellom leiing, arbeidstakar, bedriftshelseteneste og fastlege, finn vi gode løysingar for alle partar
- Øye skule har alltid vore positiv til å ta i mot personar frå NAV for arbeidsutprøving. Det skal vi fortsette med.
- Øye skule tek inn busette flyktningar for arbeidspraksis på 2-årig kontrakt.

## Vurdering:

God dialog med arbeidstakarar som er sjukmelde, tilrettelegging om muleg. Også god dialog med personalavdelinga og NAV når dei kjem inn i bildet. Per i dag har vi ikkje nokon på utprøving eller på arbeidspraksis (flyktningar).

## Surnadal ungdomsskule

Mål:

- Avklare restarbeidsevne og ha ein open og god dialog der arbeidstakarane kjenner seg verdsette.
- Å ha ein godt tilrettelagt arbeidsplass som tek omsyn til ulike behov hos dei tilsette.

Tiltak:

- Følgje opp sjukmelde arbeidstakarar på ein profesjonell og god måte i samarbeid med Personalavdelinga, fastlege, og Bedriftshelsetenesta der det er naturleg.
- Tilpasse arbeidssituasjonen og legge arbeidsmiljøet fysisk godt til rette ved behov.
- Ta i mot arbeidstakarar som treng arbeidstrening/utprøving i samarbeid med NAV.

## Vurdering:

Tiltak er gjennomført som planlagt og arbeidet med oppfølging av sjukmelde har vore systematisk og godt i 2015.

## Helse og familie

- Eininga klarar for det meste å få til gode løysingar for tilrettelegging for brukarar med nedsett funksjonsevne. Løysingar blir vurdert i kvart enkelt tilfelle.

## Vurdering:

Eininga kan legge til rette for å få til gode løysingar for tilsette med nedsett funksjonsevne.

## Institusjonane

- Institusjonane arbeider kontinuerlig med tilrettelegging av oppgåver for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Bruke skjema for funksjonsvurdering i førebygging av sjukefråvær.



## Vurdering:

### Bu og aktivitet

- Eininga prøver å leggje til rette for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne så langt det let seg gjere innanfor drifta på den tilsette sin arbeidsplass.

## Vurdering:

Vi klarer stort sett å leggje til rette for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne innanfor eininga. I tillegg er vi og i eit tett samarbeid med arbeidstakar, personal- og kompetanseavdeling og NAV for å leggje til rette for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne anten det gjeld arbeidstakarar i eiga eining eller der det har vore aktuelt med samarbeid med andre einingar for å finne best mogleg løysingar.

### Heimeteneste og rehabilitering

- Heimetenesta og rehabilitering arbeider kontinuerleg med relevante individuelle aktivitetsmål.

## Vurdering:

Heimetenesta kan legge til rette for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne. Utfordringa er oftast at arbeidstakarane blir sjukmeldt utan at vi opplever at sjukmeldar har vurdert høvelege arbeidsoppgåver. Vi ønskjer oss ei ordning der sjukmeldar tek kontakt med arbeidsgivar om restarbeidsevne og aktuelle arbeidsoppgåver før sjukmeldinga blir skriven.

### NAV

- Nav Surnadal vil legge til rette for at også personar med nedsett arbeidsevne kan rekrutterast til ledige stillingar.
- Vi vil legge til rette for at tilsette med nedsett arbeidsevne kan få tilrettelagt arbeidet .

## Vurdering:

Vi har jobba med forebygging og tilrettelegging samt kjøpt inn hev/senk arbeidsbord til de som trong det.

### Kommunalteknikk

- Ikke relevant for eininga.



## Areal- og naturforvaltning

- Eininga har ikkje i dag personar med nedsett funksjonsevne, men kan lett legge til rette for det.

## Vurdering:

Ikkje aktuell problemstilling i 2015.

## Eigedom

- Eininga har personar med nedsett funksjonsevne, og oppgåvene blir tilrettelagt deretter.
- Eininga har også hatt personar på utprøving frå NAV. Ein ser at dette i enkelte tilfelle krev mykje frå leiinga om det skal lukkast.

## Vurdering:

Eininga har medarbeidere med nedsett funksjonsevne, samt at vi har hatt personar på utprøving frå NAV. Dette er arbeidkrevjande, og stiller store krav til omstilling/rokking av arbeidsstyrken.

## Delmål 3: Avgangsalder

- Ha eit livsfaseperspektiv som skal vere del av verksemda sin personalpolitikk og i det systematiske førebyggjande arbeidet.
- Sette aktivitetsmål for korleis verksemda kan stimulere eldre arbeidstakrar til å forlenge yrkeskarrieren.

## Tiltak:

Vidareført dei seniortiltaka som allereie er vedtatt.

Gjennomfør seniorsamtalar.

## Einingane sitt arbeid på området:

### Rådmannen

#### Tiltak:

- Vi vil legge til rette for at eldre arbeidstakrar også i framtida kan forlenge yrkeskarrieren.

## Vurdering:

Det blir gjennomført ein god dialog med dei tilsette. Seniorsamtalar blir m.a. gjennomført i samband med medarbeidarsamtalar.



## Kultur

Tiltak:

- Støtte opp og inspirere til at eldre arbeidstakarar forlenger yrkeskarrieren.

## Vurdering:

I 2015 hadde vi ingen tilsette i denne kategorien.

## Midtigrenda barnehage

- Seniorsamtalar.
- Individuell tilrettelegging ved behov, sjå på stillingsprosent/gjere det vi kan for at eldre arbeidstakarar kan stå lengst muleg i stillinga si.

## Vurdering:

Det er gjennomført seniorsamtaler med dei aktuelle, og i tillegg hatt eit samarbeid med Personal og kompetanse og NAV, noko som virker oppklarande for den enkelte arb.taker. Vi bruker tid til å finne løysningar på stillingsprosent og kor mykje den enkelte sjukemeldte kan klare å stå i fram i tid. Dette diskuteres med samarbeidspartene når det t.d.gjeld å komme tilbake i arbeid etter endt sjukmeldingsperiode.

## Øye og Skei barnehage

Mål:

- Legge til rette for eldre arbeidstakarar slik at dei kan stå lengst mogleg i jobb.

Tiltak

- Gjennomføre seniorsamtalar.
- Ha god dialog med arbeidstakar og tilpasse arbeidssituasjonen etter behov.
- Søke samarbeid med aktuelle instansar ved behov.

## Vurdering:

Alle tiltak er gjennomført. Vi har fleire som ligg i løypa og har dialog med ei aktuelle.

## Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

Mål:

- Legge til rette for at eldre arbeidstakarar kan forlenge yrkeskarrieren

Tiltak:

- Seniorsamtalar.
- Individuell tilrettelegging ved behov.

## Vurdering:



Seniorsamtalar gjennomført i samband med medarbeidarsamtalar.

### **Mo oppvekstsenter**

Mål:

- Leggje til rette for at eldre arbeidstakrarar kan forlenge yrkeskarrieren.

Tiltak:

- Gjennomfører seniorsamtalar i samband med medarbeidarsamtalane.
- Individuell tilrettelegging ved behov.

### **Vurdering:**

Seniorsamtalar gjennomført i samband med medarbeidarsamtalane. Individuell tilrettelegging ved behov.

### **Todalen og Stangvik oppvekstsenter**

- Seniorsamtalar, og individuell tilrettelegging ved behov.

### **Vurdering:** 1 senioravtale inngått i 2015.

### **Øye skule**

Tiltak:

- Leiinga ved Øye skule gjennomfører kvart år ein seniorsamtale med dei eldste arbeidstakarane. Vi tilpassar arbeidsdagen og arbeidsoppgåvene til seniorar slik at dei kan stå lenger i arbeidet sitt.

**Vurdering:** Samtalar med seniorane om arbeidsoppgåver og tilrettelegging for at dei framleis skal kunne yrkesaktive. Konkrete tiltak er gjort.

### **Surnadal ungdomsskule**

Mål:

- Å legge best muleg til rette for at eldre arbeidstakrarar kan forlenge yrkeskarrieren.

Tiltak:

- Gjennomføre seniorsamtalar.
- Leggje til rette og tilpasse arbeidssituasjonen til den enkelte arbeidstakar ved behov.

### **Vurdering:**

Det er gjennomført seniorsamtalar med aktuelle tilsette i 2015. Det har også vore gjort vurderingar om restarbeidsevne og tilpassing av arbeidssituasjonen for enkelte tilsette der det har vore behov for det.

### **Helse og familie**



- Legge til rette for at eldre arbeidstakarar kan forlenge yrkeskarrieren gjennom seniorsamtalar og individuell tilrettelegging.

#### Vurdering:

Det er inngått senioravtalar med alle som kjem inn under ordninga.

#### Institusjonane

- Seniorsamtalar og utviklingssamtalar, tilrettelegging ved behov.

#### Vurdering:

#### Bu og aktivitet

- Gjennomføring av seniorsamtalar, tilrettelegging ved behov.

#### Vurdering:

Seniorsamtalar blir gjennomført i samband med medarbeidarsamtalar av nærmeste leiar. Det ser ut til at dei fleste seniorane over 62 år, vel meir fritid framfor auka lønn.

#### Heimeteneste og rehabilitering

- Seniorsamtalar, og individuell tilrettelegging ved behov.

#### Vurdering:

#### NAV

- Seniorsamtalar og individuell tilrettelegging er tiltak vi vil gjennomføre for at medarbeidarar kan velje å stå lengre i arbeid.

#### Vurdering:

Ingen aktuelle tilsette. Men tilrettelegging ved behov vert gjennomført.

#### IK Barnevern

- Legge til rette for at eldre arbeidstakarar kan forlenge yrkeskarrieren gjennom seniorsamtalar og individuell tilrettelegging.

#### Tiltak:

- Gjennomføre seniorsamtale.



- Vurdere tilrettelagt arbeidsforhold.

#### **Vurdering:**

Det er inngått senioravtalar med alle som kjem inn under ordninga.

#### **Kommunalteknikk**

#### **Vurdering:**

Pr. i dag har eininga 1 medarbeidarar på seniortiltak. Seniorane innehavar mykje kompetanse som eininga har bruk for. Vi vil fortsette å støtte opp om og inspirere til at seniorane (for tida berre 1) skal forlenge yrkeskarrieren.

#### **Areal- og naturforvaltning**

#### **Vurdering:**

Eininga har i dag 2 medarbeidarar som går på seniortiltak. Her er det mykje kompetanse som vi har bruk for og vil støtte opp om at desse vil forlenge sin yrkeskarriere.

#### **Eigedom**

#### **Vurdering:**

Eininga har i dag 5 medarbeidarar på seniortiltak. Desse tilfører eininga mykje kompetanse og trivsel. Vi vil legge til rette for at eldre arbeidstakrarar også i framtida kan forlenge yrkeskarrieren.



## SJUKEFRÅVÆR I %

Eining	Eigenmelding (1-8 dagar)	Arb.gjevar- periode (1-16 dagar)	Trygdebetalt (17 dagar-1 år)	Gjennomsnitt 2015	Gjennomsnitt 2014
Rådmannen	0,6	0,9	1,6	2,5	4,5
Kultur	0,6	2,1	0,8	2,9	2,5
Midtigrenda barnehage	0,3	1,1	12,7	13,8	20,5
Øye og Skei barnehage	1,5	1,7	9,9	11,6	8,2
Bøfjorden og Bæverfjord oppv.	1,4	2,2	3,7	5,9	6,7
Mo oppvekstsenter	0,6	0,7	3,3	4,0	2,5
Todalen og Stangvik oppv.	1,5	2,3	3,7	6,0	6,6
Øye skule	1,3	2,1	2,8	4,9	3,3
Surnadal ungdomsskule	1,1	1,3	2,9	4,2	5,4
Vaksenopplæring og integrering	0,3	0,8	3,8	4,5	
Helse og familie	1,0	1,7	3,4	5,1	6,5
Institusjonane	1,7	3,4	10,7	14,1	13,0
Bu- og aktivitet	1,3	2,7	5,3	8,0	7,3
Heimetenesta og rehabilitering	1,6	3,1	7,6	10,7	6,1
NAV	0,7	0,8	15,2	16,0	
Kommunalteknikk	0,8	1,4	0,0	1,4	2,9
Areal- og naturforvaltning	1,4	1,6	0,0	1,6	1,3
Eigedom	1,3	3,4	6,9	10,3	7,6
IK Barnevern	1,7	1,8	6,5	8,3	



## Tilsette pr. 31.12.2015

	Tal tilsette		Kvinner		Menn		Årsverk	
	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015
Rådmannen	38	31	26	21	12	10	38,80	29,95
Kultur	11	10	6	6	5	4	8,85	7,92
Midtigrenda barnehage	19	19	19	19	0	0	14,82	15,02
Øye og Skei barnehage	32	30	30	28	2	2	24,33	23,13
Bøfjorden og Bæverfjord oppveksts.	14	16	13	1412,3	1	2	11,80	12,502
Mo oppvekstsenter	13	15	11	13	2	2	10,85	12,45
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	33	37	30	35	3	2	26,73	30,03
Øye skule	55	53	44	45	11	8	45,28	44,65
Surnadal ungdomsskule	35	39	25	29	10	10	33,0	34,25
Vaksenopplæring og integrering	0	11	0	8	0	3	0	10,90
Helse og familie	33	20	29	17	4	3	25,58	17,26
Institusjonane	140	135	137	132	3	3	101,51	97,17
Bu og aktivitet	122	129	92	102	30	27	82,66	86,98
Heimetenesta og rehabilitering	61	71	58	68	3	3	45,54	52,49
NAV	7	8	6	7	1	1	6,20	8,50
Kommunalteknikk	13	13	0	0	13	13	13,00	13,00
Areal- og naturforvaltning	9	9	4	4	5	5	8,80	8,80
Eigedom	44	41	30	26	14	15	33,76	33,29
IK Barnevern	11	11	10	10	1	1	9,00	8,80
<b>Totalt</b>	<b>690</b>	<b>698</b>	<b>570</b>	<b>582</b>	<b>120</b>	<b>114</b>	<b>540,51</b>	<b>547,09</b>

### Vurdering:

#### Rådmannen:

Auken i talet på tilsette er i hovudsak auken innanfor Oppvekst og integrering, med flere tilsette i vaksenopplæring/grunnskule/programrådgjeving.

#### Kultur:

Som vi ser så har kultureininga to tilsette under 50 % stilling, den eine stillinga var nyoppretta i 2014 og er sesongarbeid, der vedkommande har tilnærma 100% stilling i Svinvik arboret si opningstid. Det hadde sjølv sagt vert ønskeleg å kunne gi vedkommande meir arbeid innanfor kommunen, ingen kan leve av ei 30% stilling! Den andre stillinga under 50% er ei stilling som er eit samarbeid med oppvekst, som samla er 100% stilling.



### **Midtigrenda barnehage:**

Talet på tilsette for 2015 har auka litt, årsak til dette er at vi fekk tilsett personale etter 4-årsregelen hausten 2014, som vi tok med oss inn i 2015. Vi har dessverre ingen menn i faste stillingar, men har ein mannleg vikar med Barne-og ung.fagarbeiderutdanning.

### **Øye og Skei**

Talet på tilsette er notert pr 15. desember i høve rapportering til kostra. Talet på tilsette i vår eining har gått noko ned. Hovudgrunnen til det er at vi hadde ein del % årsverk knytt til eit barn med spesielle behov ved rapportering i 2014.

### **Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:**

Talet på tilsette har auka p.g.a. fleire barn i barnehage og fleire barn i SFO morgen og ettermiddag.

### **Todalen og Stangvik oppvekstsenter:**

Utviklinga av talet på tilsette er knytta til bemanningstilpassing i høve barnetalet, særleg på barnehage.

### **Helse og familie:**

Ingen tilsette har mindre enn 50 % stilling med unntak av lege i offentleg legteneste på helsestasjonen. Ingen har ufrivillig deltid. Reduksjon i årsverk kjem av at Rehabiliteringa er flytta til Heimetenestene. Ergoterapistillinga har vore ubesatt i 3 månader og folkehelsekoordinator har vore ubesatt i 9 månader. Psykologstillinga vart redusert med 40 % i 2014.

### **Institusjonane**

Ein har eit stort fokus på heiltidskultur. Dei som i dag har stilling under 50% har ikkje ufrivillig deltid. Ein har fleire vakante stillingar under 50% som er stillingar på helg. Desse er tilpassa elevar og studentar som tek helsefagleg utdanning.

### **Eigedom:**

Talet på årsverk er det same som tidlegare, men det har vorte ein person meir tilsett, og talet på tilsette med stillingsstorleik under 50% har auka. Dette skuldast at fleire er tilsett i mindre stillingar, dels etter eige ønskje, og etter 4-årsregelen.



## KOSTRA –TAL

### Administrasjon

	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Brutto driftsutgifter i kr pr. innbyggjar, adm styring i % av tot. brt.driftsutg.	6,5	6,3	6,4	6,2	6,3
Lønn og adm. styring i % av totale lønnsutgifter	6,1	5,9	6,2	6,2	6,5

### Kommentar:

Det har vore ein nedgang av lønn til administrasjon, og vi ligg lågare enn dei gruppene vi samanliknar oss med. Når det gjeld brutto driftsutgifter til adm. Styring ligg vi om lag på landssnittet.

### Kultur

Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner:	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Kultursektoren	3 383	2 974	1 725	1 867	1 998
Folkebiblioteket	394	347	241	253	266
Kino	94	101	11	30	8
Aktivitetstilbod barn og unge	155	204	71	93	155
Idrett	110	94	162	139	190

### Kommentar:

Tala viser at Surnadal kommune har hatt ein nedgang i netto driftsutgifter, men vi ligg over landssnittet.

### Oppvekst

	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Andel barn 1- 5 år m. barnehageplass	93,7%	95,8%	93,1	91,1%	91,1%
Kommunale overføringer av driftsmidlar til priv. barnehagar per korr. oppholdstime (kr)	45	48	40	40	43
Andel ansatte med barnehagelærarutdanning	39,0%	38,6%	33,1%	37,1%	36,4%

### Kommentar:

Dei siste åra har det vore arbeidd med å heve delen tilsette med førskuleutdanning. Figuren viser at vi no har nådd gode resultat.



	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Netto driftsutgifter 6- 15 år	111 876	117 991	107 103	110 130	102 960
Brutto korrigerte driftsutgifter	109 584	113 921	107 361	113 377	106 726
Elevar per kommunal skule	121	114	171	174	217
Del innbyggjarar 6 – 9 år i SFO i %	42,4	41,2	57,1	47,2	58,5
Del elevar i grunnskulen som får skuleskyss %	69,2	72,2	27,3	35,4	23,2

#### Kommentar:

Surnadal kommune brukar litt meir enn samanliknbare kommunar pr. elev. Dette skuldast truleg ein desentralisert skulestruktur, med mange skulebygg. Vi ligg høgt samanlikna med andre kommunar når det gjeld elevar som får skuleskyss.

#### Helse og omsorg

	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner	2 183	2 470	2 368	2 594	2 384
Netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter	3,8	4,1	4,4	4,6	4,5
Netto driftsutg. til førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste pr. innb. 0-20 år	1 820	2 874	2 153	2 194	2 141
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar, kommunehelseteneste	9,3	5,6	11,2	11,6	10,5
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	8,6	8,7	8,1	9,6	9,0

#### Kommentar:

Vi brukar no meir på kommunehelseteneste enn i 2014.

	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/ Oslo
Netto driftsutgifter, pleie-og omsorg i prosent av kommunen sitt totale netto driftsutgifter	40,3	36,2	33,6	33,3	30,9
Andel bebuarar 80 år og over som bur på institusjon	68,5	62,1	73,5	71,9	69,6
Andel plassar avsett til på tidsavgrensa opphold	18,5	9,0	15,5	17,9	19,0
Andel plassar i skjerma eining for aldersdemente	17,4	16,9	19,5	29,4	26,1
Legetimar per veke per bebuar i sjukeheim	0,29	0,30	0,46	0,44	0,54
Tjenester til hjemmeboende – andel av netto driftsutgifter til plo	44	44	52	53	50
Aktivisering/ støttetjenester – andel av netto driftsutgifter til plo	1	1	5	5	5



### Kommentar:

Netto driftsutgifter til pleie- og omsorg har hatt ein nedgang. Delen som går til omsorgstenester for heimebuande har gått opp siste året, men vi ligg enno noko under det samanliknbare kommunar og landet utanfor Oslo brukar til slik omsorg av det totale beløpet til pleie- og omsorgstenester.

	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/ Oslo
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr innbyggjar 20 – 66 år i Kr.	408	1 064	2 438	2 927	1 952
Netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr innbyggjar 20 – 66 år i kr		387	856	1 462	1 611
Andel sosialhjelppsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20 – 66 år i %	2,1	2,0			4,2

### Kommentar:

Tala syner at Surnadal kommune brukar lite ressursar til økonomisk sosialhjelp. Arbeidsledigheta i kommunen er låg, satsing på kvalifiseringsprogrammet og førebyggande tiltak kan ha hatt ein positiv effekt når det gjeld utviklinga i økonomisk sosialhjelp.

### Teknisk

	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Årsgebyr for avløpstenesten (rapporteringsår + 1)	3 292	3 292	2 924	3 231	3 604
Årsgebyr for septikktømming (rapporteringsår +1))	1 200	1 200	1 157	1 315	1 465
Årsgebyr for avfallstenesten (rapporteringsår + 1)	2 650	2 700	2 561	2 448	2 485
Netto driftsutgifter til funksjon 339 (brann- og ulykkesvern) pr. innbygger	652	619	794	787	692

### Kommentar:

Surnadal kommune ligg no omrent på landsgjennomsnittet i gebyr for alle VAR – tenestene.

### Eigedomsforvalting

	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet utanom Oslo
Netto driftsutg. til kommunal eiendomsforv. pr innbygger	5 960	5 440	4 081	4 291	4 645
Samlet areal på formålsbyggene i kvadratmeter pr innbygger	6,5	6,3	3,8	5,3	4,6
Energikostnader for kommunal eiendomsforv. I prosent av netto driftsutgifter	12,2	12,6	11,8	12,5	10,9
Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforv. pr. kvm.	37	40	98	61	84

**Kommentar:**

Som vi kan lese av tabellen har vi store driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltning pr. innbyggjar. Dette heng saman med at vi har store kommunale areal pr. innbyggjar.

**IK Barnevern**

	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet utanom Oslo
Netto driftsutgifter pr,barn i barnevernet.	141 940	100 444	100 564		110 365
Del av netto driftsutg. til barn som ikkje er plassert av barnevernet	8,3	4,0	12,1	9,6	12,1
Barn med undersøking ift. talet på innbyggjarar 0-17 år.	2,2	4,4	3,9		4,4
Delen av barn med barneverntiltak ift. talet på innbyggjarar 0-17 år.	4,0	4,7	5,1		4,8

**Kommentar:**

Surnadal kommune har hatt ein stor nedgang i netto driftsutgifter i 2015.


## ØKONOMISKE RAMMER OG FØRESETNADER

Tabell 1: Folketalsutviklinga i kommunen

Pr. 01.01 År	Folke- mengd	Fødde	Døde	Fødsels- overskot	Innflyttingar	Utflytt- ingar	Netto innflyt.	Folke- tilvekst
2005	6 160	50	65	-15	104	142	-38	-53
2010	5 956	54	55	-1	156	163	-7	-7
2011	5 949	48	64	-16	210	191	19	3
2012	5 952	52	73	-21	194	199	-5	-25
2013	5 927	50	62	-12	211	174	37	27
2014	5 954	49	55	-6	185	157	28	22
2015	5 976	52	59	-7	171	171	0	-7
2016	5 969							


Kjelde: Regionalstatistikken, SSB

Tabell 2 og 3: Folketalsutviklinga fordelt på krinsane





## Nedre Surnadal



### Arbeidsmarknad og næringsliv

Ved utgangen av september 2014 var det registrert 47 heilt arbeidsledige i Surnadal kommune. Dette utgjer 1,6 % av arbeidsstyrken. Av dette var det 19 kvinner og 28 menn. Tala viser har det vore ein auke i talet på arbeidsledige siste året. I Rindal er 0,7 % av arbeidstyrken heilt arbeidsledig, mens tala for Halsa var 1,4 %. Møre og Romsdal hadde ved utgangen av september 2013 registrert 2,0% heilt arbeidsledige, og ligg litt under landsgjennomsnittet på 2,5% heilt arbeidsledige. Desse tala viser at det er stor aktivitet i næringslivet både lokalt, regionalt og nasjonalt. Mykje tyder på at det vil bli kamp om arbeidskrafter i åra framover.



# Rekneskap for Surnadal kommune 2015

## 1.1 Investeringsrekneskapen

Samla investering i anleggsmidlar i 2015 var kr 50 641 348. Av dette vart kr 38 517 612 lånefinansiert.

## 1.2 Driftsrekneskapen

Driftsrekneskapen viser slikt resultat for einingane:

Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Meirforbruk i kr	Forbruk i %
100 RÅDMANN	29 032 957	27 323 000	1 709 957	106,3 %
130 KULTUR	7 385 309	7 241 000	144 309	102,0 %
150 POLITISK VERKSEMD	4 309 461	4 758 000	-448 539	90,6 %
223 MIDTIGRENDA BARNEHAGE	6 629 936	7 079 000	-449 064	93,7 %
227 ØYE OG SKEI BARNEHAGE	11 003 839	11 106 000	-102 161	99,1 %
231 BØFJORDEN OG BÆVERFJORD OPPV	6 767 852	6 873 000	-105 148	98,5 %
233 MO OPPVEKSTSENTER	6 640 668	6 623 000	17 668	100,3 %
234 TODALEN OG STANGVIK OPPVEKSTS	15 479 302	14 776 000	703 302	104,8 %
236 ØYE SKULE	28 103 285	27 827 000	276 285	101,0 %
237 SURNADAL UNGDOMSSKULE	23 270 698	23 217 000	53 698	100,2 %
238 VAKSENOPPL. OG INTEGRERING	10 752 504	11 078 000	-325 496	97,1 %
310 HELSE OG FAMILIE	21 387 592	20 544 000	843 592	104,1 %
330 INSTITUSJONANE	54 625 834	56 572 000	-1 946 166	96,6 %
340 BU OG AKTIVITETSTENESTE	45 266 668	42 134 000	3 132 668	107,4 %
350 HEIMETENESTE OG REHABILITERING	30 630 965	30 732 000	-101 035	99,7 %
360 NAV	4 696 601	5 634 000	-937 399	83,4 %
420 KOMMUNALTEKNIKK	14 293 230	15 038 000	-744 770	95,0 %
430 KOMMUNALTEKNIKK - VAR	-3 156 245	-2 496 000	-660 245	126,5 %
440 AREAL OG NATURFORVALTNING	6 545 264	6 502 000	43 264	100,7 %
460 EIGEDOM	31 462 741	31 025 000	437 741	101,4 %
503 TILSKOT	8 665 546	8 461 000	204 546	102,4 %
510 PP-TENESTA	2 261 493	2 624 000	-362 507	86,2 %
520 KULTURSKULEN PÅ I.NORDMØRE	2 715 825	2 953 000	-237 175	92,0 %
530 KYRKJELEG FELLESRÅD	5 575 000	5 575 000	-	100,0 %
540 IK BARNEVERN	8 963 139	9 236 000	-272 861	97,0 %
Samla for dette utvalet	383 309 464	382 435 000	874 464	100,2 %

Avvik frå budsjett er kommenterte i tekstdelen under dei einskilde einingane.

I 2015 vart driftsrekneskapen for Surnadal kommune avslutta med eit netto driftsresultat på kr 2 045 056. Dette svarer til 0,41% av driftsinntektene på kr 497 647 086. For 2014 var netto driftsresultat på kr -5 386 766.



## 1.3 Auke i lønsutgifter

### 6.3 Lønsutgifter i høve til driftsrekneskapen for 2015

	2015	2014	auke i kr	auke i %
Lønn inkl. sosiale utgifter	365 569 460	347 694 386	17 875 074	5,14

## 1.4 Skatt på formue og inntekt

I 2015 var kommunedelen av skatteinngangen kr 122 572 641, mot kr 120 188 153, i 2014. Dette er ein auke på kr 2 384 488, eller 1,98 %.

## 1.5 Fond

Bundne driftsfond	kr	12 072 387
Ubundne investeringsfond	kr	460 303
Bundne investeringsfond	kr	3 830 074
Disposisjonsfond	kr	26 517 273
Til saman rekneskap 2015	kr	42 880 037
Til saman rekneskap 2014	kr	54 773 932
Minke frå 2014 til 2015	kr	11 893 895

## 1.6 Lånegjeld

Lånegjelda er siste året auka frå kr 404 700 244 til kr 421 466 208. Dette svarar til ein auke frå kr 67 721 per innbyggjar til 70 609 per innbyggjar. I tillegg har vi langsiktig gjeld i form av pensjonsplikt på kr 723 146 788.

## 1.7 Langsiktig gjeld


Langsiktig gjeld (inkl. pensjonsplikt og lån til vidare utlån) har utvikla seg slik:

	Gjeld	Folketal	Kr pr innbyggjar
2011	Kr 904 407 475	5 952	kr 151 950
2012	Kr 974 474 602	5 927	kr 164 413
2013	Kr 1 030 526 192	5 954	kr 173 081
2014	Kr 1 093 898 443	5 976	kr 183 049
2015	Kr 1 144 612 996	5 969	kr 191 760

## 1.8 Andre utdrag frå rekneskapen

Lønnsutgiftene sin del av dei totale driftsutgiftene:

	Totale utgifter	Lønnskostnad	Prosent
2011	Kr 407 764 394	Kr 287 250 708	70,45%
2012	Kr 438 438 282	Kr 305 876 151	69,76 %
2013	Kr 487 865 341	Kr 330 790 806	67,80 %
2014	Kr 492 311 409	Kr 347 694 386	70,62 %
2015	Kr 500 337 706	Kr 365 569 460	73,06 %



## 1.9 Finansielle omløpsmidler

Aktivklasser:

**Utanlandske aksjefond:**

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.15	Virkeleg verdi pr. 31.12.15	Bokført verdi pr. 31.12.15
Aksjefond 1	1 911 518	4 924 857	4 924 857
Aksjefond 2	107 941	493 693	493 693
SUM	2 019 459	5 418 550	5 418 550

**Norske aksjefond:**

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.15	Virkeleg verdi pr. 31.12.15	Bokført verdi pr. 31.12.15
Aksjefond 3	2 846 292	5 678 464	5 678 464
Aksjefond 4	1 050 000	1 869 653	1 869 653
SUM	3 896 292	7 548 117	7 548 117



**Utanlandske obligasjonsfond:**

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.15	Virkeleg verdi pr. 31.12.15	Bokført verdi pr. 31.12.15
Obligasjonsf. 1	1 700 000	2 714 704	2 714 704
SUM	1 700 000	2 714 704	2 714 704

**Norske obligasjonsfond:**

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.15	Virkeleg verdi pr. 31.12.15	Bokført verdi pr. 31.12.15
Obligasjonsf. 2	3 100 000	3 928 058	3 928 058
SUM	3 100 000	3 928 058	3 928 058

**Norske pengemarknadsfond:**


Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.15	Virkeleg verdi pr. 31.12.15	Bokført verdi pr. 31.12.15
Pengem.fond 1	4 000 000	5 452 929	5 452 929
SUM	4 000 000	5 452 929	5 452 929

**Norske bankinnskot:**

Omløpsmiddel		Virkeleg verdi pr. 31.12.15	Bokført verdi pr. 31.12.15
Bank 1		17.844.513	17.844.513
Bank 2		8.060	8.060
Bank 3		19.790.408	19.790.408
Bank 4		89.007	89.007
Bank 5		3.948.886	3.948.886
SUM		41.680.874	41.680.874

Porteføljen er innafor dei rammene som kommunestyret behandla i sak 112/07.

Her vart allokeringa i ulike aktivaklasser sett til:





Ein har med bakgrunn i dette valt å gå mot ei slik samansetning av porteføljen for langsigktige aktiva:

Aksjefond norske aksjar	kr 5 400 000
Aksjefond utanlandske aksjar	kr 3 600 000
Norske obligasjonar / obligasjonsfond	kr 5 400 000
Utanlandske obligasjonsfond	kr 6 600 000
Bank / pengemarknadsfond	kr 9 000 000
Til saman	kr 30 000 000

Finansreglementet vårt har disse rammene for denne forvaltninga:

Samla maksimum plassering i pengemarknads- og obligasjonsfond er 50% av aktuell kapital. Maksimum plassering i aksjefond er 40% av kapitalen. Midlar plasserte i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.

Aksjefond skal spreast på norske, nordiske og / eller fond med minst 60% europisk plassering. Ingen fondstype skal ha meir enn 50% av plasseringa.

Med denne porteføljen er vi godt innafor desse rammene. Porteføljen er ikkje å sjå på som statisk, men som eit uttrykk for det som bør vere normalsituasjonen. Det vil alltid vere avvik frå desse verdiane, både på grunn av verdiendring på fonda og på grunn av inn - / utfasing i ei aktivaklasse.

Ein har sett det som fornuftig å gå inn i marknaden gjennom fleire mindre kjøp over tid. Dette for å spreie risikoen i kjøpsfasen i ein litt uroleg marknad. For tida ynskjer vi også å vere undervekta i obligasjonsmarknaden.

For aksjefond ligg vi no over normalverdiane for både norske og utanlandske fond. Dette har samanheng med avkastning i perioden som enno ikkje er teke ut.

Når det gjeld bankinnskot er det i økonomireglementet fastsett ei maksimal ramme for innskot i ein og same bank på kr 50 000 000.

## 1.10 Langsiktig gjeld

Gjeldsporteføljen er fordelt på 27 lån hos 3 ulike långjevarar.

Total lånegjeld er kr 421 466 208. Av dette er kr 33 538 256 knytt til formidlingslån, og kr 387 927 952 til eigne investeringar i anleggsmidlar.

**Lånegjelda er fordelt slik mellom långjevarane:**

Husbanken	33 538 256
Kommunalbanken	358 994 202
KLP Kommunekredit	28 933 750

**Lånegjelda har slik fordeling på vilkår:**

Flytande rente	122 659 856
3 mnd. NIBOR +/- margin	269 872 602
Fastrente	28 933 750

**Lånegjelda har slik gjenstående avdragstid:**

Nedbetalt < 5 år	kr 17 226 360
Nedbetalt mellom 5 og 10 år	kr 3 693 750
Nedbetalt mellom 11 og 15 år	kr 18 965 814
Nedbetalt mellom 16 og 20 år	kr 146 274 340
Nedbetalt mellom 21 og 25 år	kr 74 259 264
Nedbetalt mellom 26 og 30 år	kr 132 112 930
Nedbetalt > 30 år	kr 28 933 750

## 1.11 Skatterekneskapen

Økonomisjefen er skatteoppkrevjar for kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda. Det vert ført eige rekneskap for skatteinntektene og folketrygda. Fordeling av inntektene skjer kvar månad.

År	Innbet. skattar og arb.gj.avgift (mill.kr.)	Auke i %	Kommunedel (mill. kr)	Auke/minke i %
2011	459,7	1,50	102,1	-9,28
2012	483,1	5,08	110,1	7,82
2013	543,4	12,5	115,1	4,53
2014	577,7	6,3	120,2	4,40
2015	584,9	1,2	122,5	1,88

## 1.12 Eigedomsskatt – bustad og fritidsbustad


Krets	Utskrive skatt	% av samla skatt
Bøfjorden	442 344	5,62
Bæverfjord	560 759	7,12
Mo	808 336	10,27
Øye	4 679 969	59,40
Stangvik	988 339	12,55
Todalen	396 453	5,04
Sum	7 876 200	100,00



# Rådmannen/administrasjonen

## Stab og støtte

Den administrative strukturen vart sist gjennomgått og endra gjennom ein prosess i 2015, og gjeldande organisasjonskart er no slik ut;





## 1. Aktivitet

### Rådmannsteamet

Rådmannsteamet (leiargruppa) er samansett av rådmann, dei 4 kommunalsjefane og økonomisjef. Alle kommunalsjefane har kvar sine sektorvise hovudområde, men arbeider på tvers av organisasjonen ved behov. I den utvida leiargruppa deltek også personalsjef og avdelingsleiar for informasjon og service. Hovudoppgåva for rådmannsteamet er m.a. å førebu, legge fram, i verksette og følgje opp forslag som blir vedteke i politiske organ. Rådmannsteamet har også eit overordna ansvar for administrativ leiing og økonomistyring – samt å legge tilrette og gjennomføre gode prosessar for strategisk arbeid og utvikling.

### Økonomi

Stabsfunksjon med 8,6 årsverk.

Økonomi har ansvaret for disse oppgåvene:

- Føring av rekneskap for kommunen, inkludert interkommunale samarbeid og diverse legat. Avstemming og kontollarbeid på rekneskapen.
- Ansvar for mva. oppgåvene, inkl. søknad om mva. kompensasjon.
- Felles mottak og skanning av fakturaer for heile kommunen.
- Utgåande fakturering for alle einingane, og ansvar for innfordring av alle kommunale krav.
- Overordna ansvar for budsjettgrunnlag og oppfølging av dette.
- Ansvar for rutinane for økonomiarbeidet og internkontroll på dette området.
- Overordna ansvar for innkjøp og kontaktpunkt mot innkjøpssamarbeidet på Nordmøre.
- Lønnsarbeid, inkl. refusjon av sjukepengar.
- Daglig finansforvaltning, både på plassering og gjeldssida.
- Saksbehandling for formannskap og kommunestyre i økonomisaker.
- Rettleiing og oppsyn med økonomiarbeidet i einingane.
- Skatteoppkrevjar for kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda, inkl. rettleiing, saksbehandling, tvangsinnekrevjing/ tvangssal og rekneskapskontroll.
- Arbeidsgjevarkontroll, inkl. rettleiing for nye arbeidsgjevarar.
- Eigedomsskattekontor, inkl. saksbehandling for takstnemnda og klagenemnda.
- Administrering av startlån, inkl. sikring av pant/ tinglysing.



## Personal og kompetanse

Personal og kompetanse har i dag 3,25 årsverk.

Personal og kompetanse har særleg ansvar for å sette i verk kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk slik den er nedfelt i lov- og avtaleverk, kommunale planar, med særleg vekt på personalplana, og andre kommunale vedtak som gjeld arbeidsgjevarpolitikken.

Personal og kompetanse har ansvar for saksbehandling og oppfølging av vedtak i tilsettingsutvala, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet og sekretærfunksjon i andre utval, prosjekt og arbeidsgrupper knytt til kommunen sin arbeidsgjevarfunksjon.

Personal og kompetanse har eit særleg ansvar for rekrutteringsarbeidet i kommunen, frå ei stilling blir ledig, til evt. utlysing, til vedtak om tilsetting er fatta og kunngjort, inngåing av arbeidsavtalar, og melding til alle som har søkt stillinga. Under tilsettingsforholdet har Personal og kompetanse arbeidsoppgåver i forhold til m.a. ulike typar permisjonar, lønnsfastsetting og forhandlingar, endringar i tilsettingsforholdet, sjukefråværsoppfølging, saker som gjeld yrkesskadar, disiplinærssaker, pensjonsspørsmål og søknader om ulike typar pensjon, oppseing og avslutning av arbeidsforholdet.

Støtteeininga driv mykje med oppfølging, rettleiing og opplæring til einingane i forhold til den daglege utøvinga av arbeidsgjevarfunksjon, og i saker der einingsleiarane treng særskilt oppfølging og støtte. Personal og kompetanse har også overordna ansvar for kommunen sitt arbeid med helse, miljø og sikkerheit (HMS).

Aktivitet/arrangement utover daglege løpande oppgåver:

- Arrangement for jubilantar og pensjonistar
- Velkomsttreff for nyttilsette
- Sommarjobb for ungdom
- Innføring av nytt kvalitetssystem

## Informasjon og service

Informasjon og service består av følgjande roller/arbeidsoppgåver:

- Servicetorg med førstelinje mot ulike kanalar (sentralbord, publikumsmottak, informasjonsmedarbeidar).
- Arkiv og politisk sekretariat med ansvar for arkivsystem, postmottak, politiske møte.
- IKT med ansvar for innkjøp, drift, vedlikehald og opplæring av ikt-utstyr og programvare.



## Næring og utvikling

Næring og utvikling er ein stabsfunksjon med 3 medarbeidarar. Kommunalsjef er ansvarleg for "teamet", som består av ein næringskonsulent og ein rådgjevar.

Arbeidsoppgåvene til avdelinga er både prosjektretta og med fleire tyngre stabsfunksjonar på oppdrag frå rådmannen. Næringsutvikling, samfunnsutvikling, rekruttering og tilrettelegging for å få eit attraktivt bu - og arbeidsområde.

Våre arbeidsoppgåver er:

- Vere sakshandsamar for Næringsfond og Landbruksfond
- Koordinering og oppfølging av vetrinærvakttenesten
- Dagleg drift av Surnadal Hamneteminal AS
- Sekretariatsfunksjoner for kommunale selskap
- Sekretariatsfunksjoner for Næringsforeninga
- Vere pådrivar og utøvar av næringssamarbeid med Sunndal kommune.
- Vere pådrivar og utøvar av regionalt samarbeid på entreprenørskap.
- Vere pådrivar og utøvar av regionalt og fylkeskommunalt næringssamarbeid.
- Vere kontaktledd og samarbeidspart for næringsutvikling med næringslivet.
- Vere pådrivar og utøvar av rekrutteringstiltak på vegne av næringslivet.
- Kommunalt HoppId kontor; rådgjeving og rettleiing i spørsmål knytt til etablering av eigen bedrift.
- Del av administrativt-team for kommuereformarbeid
- Administrere kjøp og sal av industritoromter.

Dei mest sentrale lovverka som blir nytta er Kommunelova, Forvaltningslova og Offentligheitslova. I tillegg til lover med eit meir fagleg preg.

## 2. Utfordringar

### Rådmannen / administrasjon

Rådmannen og resten av leiargruppa har ei stadig utfordring med å finne den rette balansen mellom daglig drift og utviklings- /strategiarbeid. Det er svært lett å hamne i den fella at for stor del av tida og fokuset blir retta mot det daglige arbeidet. Vi må samtidig passe så vi ikkje "møter" bort arbeidsdagen, både med tanke på tidsbruk og dei økonomiske ressursane som går når mange samlast rundt møtebordet i (for) lang tid. Som leiarar bør vi alltid sørge for å ha tid til å følge opp einingane, prate med medarbeidarar osv., men dette er det dessverre ikkje alltid like lett å finne nok tid til. Dette må igjen balanserast mot ønske om å prioritere arbeid retta mot sentrale myndigheter (departement, fylkesmannen, fylket, KS osv), eksterne prosjekt, regionalt / interkommunalt samarbeid, lokale bedrifter, frivillig sektor , osb.



## Økonomi

For 2015 var målsettinga å vidareutvikle og forenkle saksflyten vår på økonomiområdet.

Dette ved å:

- Ta i bruk nye elektroniske forsystem for direkte input i rekneskapet.
- Doble talet på efaktura til private kundar.
- Ta i bruk det nye EHF-formatet på efaktura til bedriftskundar.
- Sikre gode innkjøp og redusert fakturabehandlingstid ved bruk av eOrdre og Visma eHandel.
- Få alle tilsette over til lønsslipp på epost og elektronisk reiserekning.

## Kompetanseutvikling

Delta på regionale og nasjonale kurs og konferansar innan fagområdet. Ta i bruk nye verktøy som blir utvikla, og vere pådrivar for oppgradering, rasjonalisering og samarbeid i Romsdal og på Nordmøre.

## Personal og kompetanse

Surnadal kommune er ein svært kompleks organisasjon. I tillegg til mange felles problemstillingar innafor personalområdet, har dei ulike einingane svært ulike behov for hjelp og kompetanse frå vår eining. Det sett store krav til variert og spesiell kompetanse i ei lita eining, og det er ei utfordring å heile tida skulle vere best muleg oppdatert på lov- og avtaleverk innan heile feltet vårt.

Gjennomsnittleg sjukefråvær har auka i kommunen i 2015, sjølv om det blir lagt ned mykje og godt oppfølgingsarbeid av sjukmeldte i alle deler av organisasjonen. Vi må derfor vurdere om vi skal halde fram med dei samme tiltaka, eller om vi også må sette inn andre tiltak og sjå på andre innfallsvinkler i dette viktige arbeidet.

Etter at det i 2015 vart varig redusert bemanning på Personal og kompetanse, er det ei utfordring å tilpasse arbeidsmengde og forventningar frå organisasjonen elles, når det gjeld ønskje om oppfølging og støtte frå eininga vår.

I 2016 skal vi innføre ny elektronisk rekrutteringsmodul, og det vil vere ei utfordring å få dette i funksjon, i tillegg til vanleg ordinær drift.

## Kompetanseutvikling

Det skjer heile tida endringar i lov- og avtaleverk innafor fagområdet vårt, og det er viktig at vi på Personal og kompetanse held oss faglig oppdatert på desse endringane og prøve å vere



i forkant av den utviklinga som skjer. Dette er krevjande når vi samstundes skal sørge for at daglege arbeidsoppgåver ikkje blir skadelidande.

Ved tilgang på god kompetanse, ny teknologi og gode arbeidsverktøy må vi prøve å utnytte dei ressursane vi har på ein god måte, prøve å forbetre arbeidsrutinar og vere så effektive som muleg.

### Informasjon og service

#### Kompetanseutvikling

Å halde tritt med teknologisk utvikling og vere i front er krevjande men og svært viktig.

#### Bemanning

Vi på informasjon og service har funksjonar og roller som må oppretthaldast dagleg. Dette gjeld til døme ikt, postmottak og sentralbord. Slike roller må vi ha overlapp på for å kunne oppretthalde eit godt nok tilbod.

#### Kapasitet

Bruken av IKT er i stadig utvikling, talet på pc'ar, mobiltelefonar, fagsystem og talet på brukarar aukar år for år. Kravet til oppetid og kapasitet på nettverket blir aukar i takt med bruken av ikt.

## 3. Rådmannen si vurdering

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2014
Rådmannen	29 032	27 323	1 709	27 224

#### Vurdering:

Noko av meirforbruket skuldast forsinka utbetaling av offentlege tilskotsmidlar (som er utbetalt i 2016).



## Politisk verksemd

Ein har valt å leggje all økonomi knytt til politisk verksemd under eit eige ansvar. Dette er:

- Ordførar 100% stilling, funksjonshemma
- varaordførar 20% stilling
- Klientutval
- Kommunestyre, formannskap og Kontrollutvalet
- hovudutvala
- Overformynderiet
- Ungdomsråd, eldreråd, rådet for Valstyret

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2014
Politisk verksemd	4 309	4 758	-449	4 076

### Vurdering:

Ramma er ikkje redusert etter at forvaltninga av Overformynderiet vart overført til Fylkesmannen i 2014. Elles er noko av møteaktiviteten knytta til kommunereformen finansiert gjennom tilskot frå Fylkesmann, samt at stillinga til varaordførar vart redusert frå 30% til 20% etter valet. Dette gjer at resultatet vart noko betre enn budsjett.

## Kultur, Nærings- og utvikling

### 1. Aktivitet

Utviklingsavdelinga i kommunen har vore operativ i om lag 3 år. Vi har etter kvart funne ei god arbeidsfordeling i høve kompetanse og arbeidsoppgåver. Vi er ser likevel at det er eit uutnytta potensiale i samarbeid på tvers av fagområde med resten av administrasjonen, samt at dei ulike fagområda kan bruke utviklingsteamet meir. Kulturavdelinga er den einaste eininga i denne avdelinga med einingsleiar Lilli Husby, som har med seg en stab på omlag 10 personar. Elles er det 3 tilsette som utgjer staben for utviklingsavdelinga.

#### Kultur

I kulturplanen heiter det: "Kunst og kultur har ein viktig eigenverdi og kan ikkje reduserast til middel for å nå andre mål. Såleis står den enkelte sine opplevelingar og utvikling i sentrum. Kulturaktivitet og kulturoppleving er òg ein berebjelke for lokal og regional identitet, trivsel og utvikling. Kultur er viktig for å skape attraktive lokalsamfunn for næringsutvikling og verdiskaping.



*Den har derfor meirverdi knytt til trivsel, bulyst, folkehelse, omdømmebygging, rekruttering, kompetanse, innovasjon og nyskaping".*

Kulturavdelinga er organisert med 7 område:

- Ungdom: Barne- og ungdomsarbeid og fritidsklubben.
- Frivilligheita: Frivillige lag og organisasjoner (idrett og friluftsliv).
- Bibliotek.
- Kino.
- Kulturhuset.
- Kulturkontoret: Kulturvern, bygdebok, museum, kulturhus og fordeling av kulturmiddlar etc.
- Museum: Nordmøre museum som står for drifta av anlegga av Surnadal museum. Og dei to tilsette som «høyrer» til på avdelinga her i Surnadal har «vinterkontor» på kommunehuset, og dessverre ikkje på kulturhuset saman med resten av kultureininga. Kommunen eig museums- samlingane og -bygningane ved Åsen bygdemuseum, Svinvik Arboret og Kleiva.

Organisasjonen består av einingsleiar, kulturhusteam (tre personar som arbeider i turnus med å ivareta funksjonane på kulturhuset og kinoen), biblioteksjef og to bibliotekkonsulentar, barne – og ungdomsarbeidar på ungdomsklubben og ein ungdomskonsulent, i tillegg har vi to prosjektstillingar i bygdebokprosjektet. Kultureininga er samlokalisert på kulturhuset, med dei fordelane dette fører med seg, som større fagmiljø, meir tilgjengelag for kontakt med publikum m.m.

Næring og utviking er ein stabsfunksjon med 3 medarbeidarar. Kommunalsjef er ansvarleg for "teamet", som består av ein næringskonsulent og ein rådgjevar.

Arbeidsoppgåvene til avdelinga er både prosjektretta og med fleire tyngre stabsfunksjonar på oppdrag frå rådmannen. Næringsutvikling, samfunnsutvikling, rekruttering og tilrettelegging for å få eit attraktivt bu - og arbeidsområde.

Våre arbeidsoppgåver er:

- Vere sakshandsamar for Næringsfond og Landbruksfond
- Koordinering og oppfølging av vetrinærvaktjenesten
- Dagleg drift av Surnadal Hamneteminal AS
- Sekretariatsfunksjoner for kommunale selskap
- Sekretariatsfunksjoner for Næringsforreninga
- Vere pådrivar og utøvar av næringssamarbeid med Sunndal kommune.
- Vere pådrivar og utøvar av regionalt samarbeid på entreprenørskap.
- Vere pådrivar og utøvar av regionalt og fylkeskommunalt næringssamarbeid.
- Vere kontaktledd og samarbeidspart for næringsutvikling med næringsslivet.
- Vere pådrivar og utøvar av rekrutteringstiltak på vegne av næringsslivet.



- Kommunalt HoppId kontor; rådgjeving og rettleiing i spørsmål knytt til etablering av eigen bedrift.
- Del av administrativt-team for kommuereformarbeid
- Administrere kjøp og sal av industritomter.

Dei mest sentrale lovverka som blir nytta er Kommunelova, Forvaltningslova og Offentlighetslova. I tillegg til lover med eit meir fagleg preg.

## Utviklingsområde

### Særskilde fokusområde i 2015

#### Kultur:

- Eit mangfaldig friluftsliv i «Friluftslivets år 2015».
- Lansering og utgiving av to bygdebøker, boka frå Todalen på våren og boka for Stangvik før jul.
- Legge til rette for meir kulturell aktivitet på kulturhusplassen/Torget, i samarbeid med lag/organisasjonar og andre.
- Rullere Kulturplanen.

#### Plan og utvikling:

- Effektivisere og vidareutvikle sakshandsaming av søknader til næringsfondet
- Ta i bruk elektroniske skjema
- HoppId-kontor og etablererveildning
- Sakshandsaming for Landbruksfond
- Dagleg drift av Surnadal Hamneterminal AS og satt i gang godstransport på sjø
- Prissette og lage salgsmatriell for sal av industritomter
- Utvikle Sjekk Nordmøre til ei god og aktiv nettside
- Avslutta Bolystprosjektet 01.12.15 i samarbeid med Sunndal
- Utøve et utviklingsarbeid som ivaretar lokalsamfunn og omdømme
- Evaluere og justere tiltak og rutiner i næringssamarbeidet med Sunndal
- Rullere og justere næringsplanen

## 2. Satsingsområde

### Satsingsområde 1: Befolkningsutvikling og kompetanse

Mål: "Eit robust og stabilt folketal for å oppretthalde eit godt tenestetilbod og nok, god og rett arbeidskraft og kompetanse".

Tiltak:

**Rådmann**



- Legge til rette for bedriftsetablering og nye arbeidsplassar for å rekruttere arbeidskraft og behalde den vi har.
- Vere med å legge til rette for kompetanseheving gjennom tilskotsordningar og eigne kurs.
- Bidra til auka innbyggjartal ved å rekruttere arbeidskraft gjennom Sjekk Nordmøre, eigne tiltak og i samarbeid med Sunndal og andre nabokommunar.

#### Vurdering:

Dei fleste mål og tiltak er gjennomført som planlagt.

#### Kultur

- Sikre merking med namneskilt av gamle stiar med gamal kulturell historie.
- Lage gode møteplassar for integrering av tilflyttarar, både arbeidsinnvandring og flyktningar. Her vil frivillige lag og organisasjonar spele ei viktig rolle.

#### Vurdering:

Vi arbeider saman med frivillige lag og organisasjonar med desse tiltaka. Biblioteket hadde i 2015 to prosjekt som gikk direkte på tilflyttarane våre; Ny i Surnadal og småbarnstreff.

#### Satsingsområde 2: Barn og unge sine oppvekstvilkår

Mål: "Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel.".

#### Tiltak:

#### Rådmann

- Stimulere til å ta i bruk naturen og idrettsanlegg i ferie og fritidsammenheng.
- Bidra til fokus på forbetring og vedlikehald av idrettsanlegg som for eksempel Surnadal Alpinsenter.

#### Kultur

- Vidareføre lågterskeltilboda vi allereie har, til barn og unge.
- Marknadsføre biblioteka som ein god møtestad/lekseplatz for barn og unge, og legge til rette for lesegleda og mangfoldig bruk av andre media biblioteket har til utlån.

#### Vurdering:

Vi arbeider med desse tiltaka, og merker ei positiv utvikling innanfor biblioteksaktivitetene.



### Satsingsområde 3: Næringsutvikling

Mål: "Utvikle og skape fleire arbeidsplassar innanfor reiseliv generelt og natur- og kulturbasert reiseliv spesielt, da basert på våre lokale ressursar, som laksefiske, jakt og anna fiske, rein natur og friluftsliv".

Tiltak:

#### Rådmann

- I samarbeid med våre nabokommunar Rindal, Halsa og Sunndal utvikle og styrke arbeidet med å drive produktutvikling og tilrettelegging for næringsutvikling basert på våre naturgitte føresetnader.
- Vi har eit 4-årig program for næringsutvikling med Sunndal kommune der møteplassar og nettverkstreff er viktige arena. I tillegg har vi fleire møteplassar og prosjekt i lag med Rindal og Halsa. Vi er koordinator for mellom anna HoppId arbeidet.

#### Vurdering:

Planlagte tiltak er gjennomført.

#### Kultur

- Samarbeide med aktørane i kulturnæringa; utvikle ein naturleg møteplass for dialog på tvers av næringa.

#### Vurdering:

Vi arbeider aktivt med å få på plass ein naturleg møteplass. Men til no har vi hatt mest fokus på enkeltbedrifter som har teke sjølvstendig kontakt med oss på kultureininga.

### Satsingsområde 4: Folkehelse og levekår

Mål: "God helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar".

Tiltak:

#### Kultur

- Vidareføre satsinga på friluftslivskommunen Surnadal.
- Legge til rette for funksjonshemma t.d. rullestoltrasear og fiskeplassar.
- Arbeide for å få bygd ein fotballhall tilpassa aldersbestemte klassar.

#### Vurdering:

Vi har hatt stort fokus på friluftskommunearbeidet i 2015, det har jo vore friluftslivets år med dei mange arrangementa det har ført med seg. Arbeidet med nybygging både innanfor rullestoltrasear og med fotballhall har gått seint .



Årmelding 2015

## Satsingsområde 5: Kultur – omdømme – identitet

Mål: "Vi skal skape eit raust samfunn prega av mangfold, toleranse, utfordringar og utvikling for den enkelte – og for kvarandre - der kulturlivet skal vere ei drivkraft i formainga av vår identitet og vårt omdøme".

Tiltak:

### Rådmann

- Ha klar profil for omdømmebygging av Surnadal som ein god stad å vekse opp, arbeide og bu i. *"Levande, leikande, veksande"*

### Vurdering:

Vi har grunn til å tru at Surnadal kommune har eit godt omdømme. Kommunen har ingen vedteken visjon eller slagord gjeldande pr i dag, og kanskje er det behov for å sette i gang med prosess knytta til dette. Omdømmearbeid er ein kontinuerleg prosess som ein aldri blir ferdig med.

### Kultur

- Gi ut to reviderte bygdebøker (Todalen og Stangvik) i løpet av 2015.
- Løfte fram og nyttiggjere oss eldre kulturminne frå dei første spor av menneskelege aktivitet og busetting i kommunen fram til i dag. Dette gjerast med tanke på å styrke lokal identitet, auka kunnskap om vår lokale historie, samt styrking av reiselivsnæringa i kommunen.
- Informasjonstavle om bronsealderbusettinga på Bårdshaugen.

### Vurdering:

Bygdebokutgiving i 2015 greidde vi dessverre ikkje å gjennomføre, grunna mykje korrekturar opp mot ny informasjon som har kome fram gjennom kyrkjebokavskriving etc. Vi arbeider med dei to andre tiltaka, men har dessverre ikkje hatt tid til å ferdigstille dette arbeidet i 2015.

## Satsingsområde 6: Tettstads- og arealutvikling

Mål: "Legge det fysiske miljøet til rette for å skape best muleg trivsel og utvikling i heile Surnadal kommune".

Tiltak:

### Rådmann

- Legge til rette for at sentrum, tettstader i bygdene våre og naturlege møteplassar er attraktive og godt tilrettelagt for trivsel og samhald.



### Vurdering:

Saman med lokalt næringsliv arbeider vi for å få til trivsel og møteplassar i sentrum. Vidare sett vi fokus på samhandling og integrering med god hjelp frå frivillige lag og organisasjonar i Bolyst-prosjektet som vart avslutta i desember.

### Kultur

- Ta vare på og utvikle dei fritidsanlegga vi har i kommunen, samt vurdere å etablere nye aktivitetar knytt til eksisterande anlegg.
- Arbeide for å myke opp kulturhusplassen/torget (bord, benker, blomster etc.).
- Sjå på bruken av krigsminna på Røssmoen (bunkersar og kanonstillingar).

### Vurdering:

Vi arbeider med desse tiltaka, men vi har dessverre ikkje midlar eller ressursar til å få gjennomføre desse tiltaka.

## 3. Kvalitetsarbeid

Særskilde område det vil bli arbeidd med i 2015.

### Mål:

Vi skal systematisere vårt kvalitetsarbeid og implementere det nye i heile avdelinga og i kultureininga.

### Tiltak:

#### Rådmann

- Ta i bruk elektroniske skjema i fleire samanhengar og kvalitetssikre bruken av dei for sakshandsamar og for kundane våre.
- Evaluere og justere tiltak og rutinar i næringssamarbeidet med Sunndal.

### Vurdering:

Det er i løpet av 2015 lagt til rette for bruk ca 25 nye digitale skjema med tilgang frå kommunen si heimeside.

### Kultur

- Vi fortsett arbeidet med gjennomgang av rutinar og prosedyrar.
- Heile prosessen blir dokumentert.

### Vurdering:



Vi er ikkje ferdig, men arbeidet er påbegynt.

## 4. Utfordringar

### Kultur

Det er eit politisk ønske at det skal bli ein frivilligsentral i Surnadal. Kultureininga meiner òg at vi bør ha ein frivilligsentral, men dessverre så har vi ikkje midlar til dette i 2015. Vi ønskjer oss òg ein ungdomsbase, som er ein tilhaldsstad for ungdom mellom skule og trening, eller andre aktivitetar, der dei mellom anna kan få mulegheit for å kjøpe seg enkel varm mat. For å få til noko slikt, ser vi for oss ei samdrift mellom frivilligsentralen og kultureininga. Vi må med andre ord få på plass frivilligsentralen først.

Andre utfordringar vi ser framover er nok at inventaret i kulturhuset held på å bli merka av tidas tann. Vi må etterkvart sjå om vi har rom på driftsbudsjettet til å skifte ut møbler etc, før forfallet blir for tydeleg.

### Næring og utvikling

Vi har gjennom mange år svært gode erfaringar med kommunesamarbeid på både næringsutvikling og anna utviklingsarbeid. Vi er i ei tid med kommunereform, der framtidas tenester til innbyggjarane står i fokus. Dette har vi ei aktiv rolle til for å skape eit breitt engasjement. Det er viktig at prosessen får med seg folk frå alle samfunnslag og vi evnar å få til god dialog om korleis vi skal ha det i framtida. Næring og utvikling har ei sentral rolle her.

I 2015 har arbeidet med å etablere Surnadal Hamneterminal AS teke myke tid. Aksjonæravtale, tinglysingsdokument, kundekartlegging, marknadsføring og etableringa av rutinar for drift har vore dagleg leiar sitt ansvar. Denne oppgåva har kommunen teke på seg og leigd ut kommunalsjefen som dagleg leiar. Etter søknad til Landbruksdirektoratet fekk Surnadal kommune tilkjent kr. 4.260.000,- til utbetring av tømmerkai. Dette arbeidet blir iverksatt i 2016.

Vi må ha ein oppdatert og framtidsretta kompetanse til å ivareta utviklingsarbeidet. Det er viktig for oss å delta på regionale kurs, sertifiseringar, seminar og kompetansehevande tiltak innan næringsarbeid, rekruttering og busetting. Vi er 3 personar som har ulike rollar, men kan ved mange oppgåver overlappe og hjelpe kvarandre. Vi har som målsetting å selje vår kompetanse i prosjekt og i samarbeid med andre kommunar. Dette skal gje avdelinga og kommunen større handlefridom og effektivisering i utviklingsarbeidet.



Kapasiteten blir fort ei utfordring dess fleire oppgåver og prosjekt vi tek på oss. Her er det viktig med ei rolle og ansvarsfordeling slik at vi fordeler ressursane rett.

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2014
Kultur	7 385	7 241	144	10 127

### Vurdering:

Kultureininga varsla inn til andre tertial at vi rekna med eit meirforbruk på 395 000 kroner som årsavslutning. Det at vi «berre» kjem på eit meirforbruk på 144' er basert på stram budsjettdisiplin og fornuftige justeringar innanfor mannskapsbruk som følgje av samlokaliseringa.

## Oppvekst

### 1. Aktivitet

#### Ansvaret 223 - 225 Barnehage

Surnadal kommune har 9 barnehagar; 8 kommunale og 1 privat. 4 av desse barnehagane ligg i Nedre Surnadal. I Bæverfjord, Bøfjorden, Mo, Stangvik og Todalen er barnehagane ein del av oppvekstsentera med grunnskulane under felles administrativ leiing.

Tenesta barnehage er regulert av Lov om barnehagar og "Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver". Hovudmålsetting for barnehagane i Surnadal kommune er: "*Barnehagane i kommunen skal gje alle barna eit likeverdig, mangfoldig og kvalitativt godt barnehagetilbod*" .



#### Prognose over fødde og busette barn i førskulealder fordelt på krinsane:

	2015	2014	2013	2012	2011	2010	SUM
Bæverfjord	3	1	1	4	1	2	12
Bøfjorden	3	4	2	2	3	5	19
Mo	6	4	5	6	6	5	32
Stangvik	6	7	15	12	9	8	57
Todalen	2	1	3	3	4	3	16
Øye /SUS	33	36	28	30	36	45	208
SUM	53	53	54	57	59	68	344

Kjelde: SSB pr. 31.01.16



## Ansvar 231 – 237 Grunnskule


Surnadal kommune har 3 oppvekstsenter, 1 barneskule og 1 ungdomsskule.

Desse har saman med skulefagleg ansvarleg ansvar for:

- Eit godt og teneleg grunnskuletilbod til elevar mellom 6 og 16 år
- Tilpassa tilbod til funksjonshemma elevar i barnehage og grunnskulen
- Tilbod om skulefritidsordning (SFO)
- Opplæringstilbod til ulike grupper vaksne
- Gi kompetanseheving til undervisingspersonale og andre tilsette i tråd med Kunnskapsløftet
- Legge til rette for utvikling av skulane som lærande organisasjoner

Grunnskuleopplæringa er regulert av Opplæringslova av 17.07.1998 med endringar, og Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

### Prognose over elevtalsutvikling i perioden 2015 – 2025:



Kjelde: SSB fødde og busette pr31.01.16

## Oppvekst og integrering / Vaksenopplæring og integrering (frå 20.06.15)

Denne stabsfunksjonen besto av pedagogisk konsulentar for barnehage og grunnskule, innvandringstenesta og vaksenopplæringa. Frå 20.06.15 vart det etablert ei ny eining kalla Vaksenopplæring og integrering, medan pedagogisk konsulent framleis er ein del av rådmannen sin stab.





Det var i 2015 tilsett 2 personar i til saman 100% stilling som pedagogiske konsulentar, sidan den eine i 2 år skulle vere prosjektleiar for Barnehageløftet IKT i regi IKT Orkidé i 50% stilling. Barnehageopptak, skuleskyss, Den kulturelle skulesekken, Give me 5, tilsynsansvar som barnehagemyndigkeit, kompetanse og utvikling på barnehageområdet ligg m.a.her.

I vaksenopplæringa er det undervisningsstillingar, og stillingar som programrådgjevar og miljørarbeidar for flyktingar. Programrådgjevar Olav Bergheim hadde den daglege leiinga av stabsfunksjonen, og vart frå 20.06.15 einingsleiar. Introduksjonslova gjeld for innvandrar med rett eller plikt til norskopplæring med samfunnsfag. For innvandrar kan også introduksjonsprogram vere aktuelt. Dette går over 2 år, med introduksjonsløn, og kan vere samansett av språkopplæring, språkpraksis, grunnskuleopplæring for vaksne eller arbeidspraksis. Programmet kan utvidast med eitt år, og det har vi gjort i 2015/16. For dei som er busette flyktingar skal det vere introduksjonsprogram.

For innvandrar utan rett eller plikt blir det gjeve tilbod om norskkurs på kveldstid, som dei betaler ein eigendel for. Heimelen for vaksenopplæringa finn ein Introduksjonslova, Opplæringslova §4A -1 Grunnskuleopplæring for vaksne og §4a-2 spesialundervisning for vaksne.

#### Særskilde fokusområde i 2015

- IKT – Barnehageløftet og Skuleløftet
- Vurderingsløftet – Vurdering for læring
  - Betre tilpassa opplæring og spesialpedagogikk
  - Lokalt læreplanarbeid
  - Entreprenøriell læring
  - Kompetanseutvikling

#### Visjon

-  
"Kultu  
r for  
danni  
ng"



Visjonen for oppvekstsektoren i Surnadal kommune er å skape "Kultur for danning", der barnehagar og skular saman med foreldre og samfunnet elles bidreg til å dyktiggjere barn og unge til å delta og møte eit samfunn i stadig utvikling. Dette handlar mellom anna om ein god kultur for å vere saman, ein god kultur for foreldresamarbeid, kultur for å lytte, lære, formidle og utvikle digital kompetanse, og ein kultur for å dele og gjere kvarandre gode.

"Sluttmålet for opplæringen er å anspore den enkelte til å realisere seg selv på måter som kommer fellesskapet til gode – å fostre til menneskelighet for et samfunn i utvikling (Generell del L97 s. 50).





Mål og tiltak under satsingsområde er henta frå planen, men også sett opp mot nye statlege satsingar og endringar som mellom anna det regjerings -oppnemnde Ludvigsen-utvalet arbeider med. Dei kom i juni 2015 med sin siste NOU – Frentidens skole.

## 2. Satsingsområde

### Satsingsområde 1: Befolkningsutvikling og kompetanse

#### Barnehage

Mål:

- Full barnehagedekning med god kvalitet.
- Rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft.
- Vidareutvikle og auke kompetansen i personalet målretta i tråd med satsingsområda i perioden.

Tiltak:

- Bruke ekstra areal i skulane ved behov for utviding ved oppvekstsentrar.
- Løyve naudsynte ressursar til tilsette ved utviding av barnegrupper i barnehagane ved ekstra behov for barnehageplass.
- Gi tilbod om etter- og vidareutdanning i tråd med strategiar og lokale behov i kvar Eining.



#### Vurdering:

##### Midtigrenda barnehage:

Vi har i 2015 hatt ledige plasser på storbarn, men fylt opp småbarnsplassane. Frå hausten-15 organiserte vi oss på ein annan måte på storbarnsavdelingane våre, som gjorde at vi fekk benytta ressursane og dei fysiske areala på ein betre måte.

Ila. 2015 har styrarane vore på 4 kursdagar i regi IMTEC, som har gått på leiarutvikling. Ped.leiarane starta si kursrekke hausten 2015, der det og skal vera 4 kursdagar tilsaman, i regi DMMH. Opplæringa består her av m.a. spesialpedagogikk, relasjonsbygging og observasjonar. Dette har vorte og vil bli vidareført inn til resten av personalgruppa.

##### Øye og Skei barnehage:

Øye og Skei bhg har i 2015 hatt omtrent full dekning på barnehageplassane. I tillegg har det vore få barn på venteliste gjennom året.

I 2015 fullførte vi vårt kompetansehevingsprosjekt som gjekk ut på å auke kvaliteten i det daglege arbeidet. Vi tok for oss daglege rutinesituasjonar i bhg og gjekk djupt inn i dei for å auke fokus på språk, atferd, organisering og vaksenrolla. Dette har vore med på å betra kvaliteten i det daglege arbeidet.

#### Vurdering:

##### Stangvik barnehage:



Aukande barnetal i perioden. Ombygging og ny ekstra avdeling hausten 2015. Utviding av uteareal.

## Grunnskule

Mål:

- Utvikle skular med god kvalitet.
- Rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft.
- Vidareutvikle og auke kompetansen i personalet målretta i tråd med satsingsområda i perioden.

Tiltak:

- Utvikle Mentorordningar, og rettleie vikarar og andre.
- Vurdere kompetansebehov ved ledige stillingar.
- Gi tilbod om etter- og vidareutdanning i tråd med strategiar og lokale behov i kvar eining.

### Vurdering:

#### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

To tilsette på vidareutdanning i 2015.

#### Mo oppvekstsenter:

Ein tilsette på vidareutdanning i 2015.

#### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

Tre tilsette på vidareutdanning i 2015.

#### Øye skule:

I 15/16 har vi seks lærarar på vidareutdanning, fem på det nasjonale vidareutdanningssystemet. Ved sia av det mentorarbeidet som skjer på dei enkelte trinna, har lærar og andre som arbeider rundt enkeltelevar med spesielle behov, faste samarbeids- og planleggingsmøte. Viktig med rett kompetanse ved alle tilsettingar, her er elven(ane) sine behov i sentrum.

## Surnadal ungdomsskule

Skulen har arbeidd med skulebasert kompetanseutvikling over tid, noko som har auka kompetansen i personalet og kvaliteten på opplæringstilbodet til elevane. I tillegg vil nokre i personalgruppa få tilbod om vidareutdanning kvart år framover.

Det er også utarbeidd skriftlege retningslinjer, prosedyrer og malar for ulike deler av arbeidet på skulen. Dette arbeidet er samanfatta i «Slik gjer vi det hos oss» på Surnadal ungdomsskule.

## Satsingsområde 2: Barn og unge sine oppvekstvilkår



## Barnehage

Mål:

- Barna skal utvikle godt språk-, god lese- og skriveførebuande kompetanse.
- God organisering og godt innhold med fokus på barn si medverknad i barnehagedagen.
- Sikre digitalt kompetente barn og unge som kan møte framtidens krav.

Tiltak:

- Utarbeide rutinar og prosedyrar for å vurdere til ei kvar tid organisering og innhold i barnehagedagen, tilpassa barna sine evner og behov -fokus på Rammeplana.
- Utarbeide lokale rutinar og prosedyrar for å sikre barn og foreldre sin medverknad .
- Utarbeide felles plan for IKT- Orkidé barnehage og lokal tilpassing til barnehagane.

## Vurdering:

### Midtigrenda barnehage:

Vi har arbeidd med språk, lese og skrivekompetanse i alle aldersgrupper, men spesifikt inn mot førskulegruppa. Frå hausten 2015 har førskulegruppa vore på ei eiga avdeling, noko som gjer at vi har fått intensivert det språkelge arbeidet ila. veka.

Rammeplana i tillegg til vår eigen progresjonsplan er brukta gjennom heile året, inn mot dei ulike aldersgruppene. Medverknad både frå barnegruppa og foreldrepruppene har vi hatt fokus på. Vi er i gong med å utvikle satsingsområde IKT, og har lagt nokre føringer i årsplana for 2015, og vil fortsette same arbeidet inn i det kommande året.

### Øye og Skei barnehage:

Vi driv målretta med å utvikle godt språk-, god lese- og skrivekompetanse i barnehagen. Dette arbeidet skjer tett knytt opp mot både enkeltbarn og dei gruppene vi har i vår barnehage. Vi har gode rutinar for å sikre medverknad for barn og foreldre.

Øye og Skei barnehage er godt i gang med å utarbeide vår lokale plan for arbeidet med IKT med utgangspunkt i Orkide sin handlingsplan på feltet.

## Grunnskule

Mål:

- Gi barna medverknad etter alder og modning.
- God samhandling med foreldre/føresette.
- Sikre digitalt kompetente barn og unge som kan møte framtidens krav.

Tiltak:

- Vidareutvikle og implementere Vurderingsretteliaren for å gi god vurdering tilpassa elevane sine evner og behov.



- Auke pedagogisk bruk av IKT og LMS for å betre informasjonen og høve til samhandling med heimane.
- Følgje opp manifest mot mobbing.

### Vurdering:

#### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

Vi arbeider kontinuerleg med VFL, og målet hausten 2015 har først og fremst vore å sikre at elevane forstår kva dei skal lære, men også gjennom erfaringsdeling å gi rett framovermelding. God kompetanse i IKT i personalgruppa har ført til auka bruk av digitale media både i undervisninga og til informasjon/samarbeid heim/skule.

#### Mo oppvekstsenter:

Arbeider med Vurdering for læring og å auke den digitale kompetansen.

#### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

Månadlege elevråd. Mykje bruk av digitale media i foreldre- og samfunnskontakten. Open dialog med FAU og foreldre etter behov. Morgonsamling kvar veke (Stangvik), som også er eigna fellesarena i læringsmiljørarbeidet. Lokal handlingsplan mot mobbing i bruk.

#### Øye skule:

Skulen arbeider svært godt VFL (Vurdering for læring), ref. Fylkesmannen sitt tilsyn ved Øye skule hausten 2015.

Office 365 har vore prøva ut frå hausten 2015 og lærarane er svært positive til dette verktyet. Dette saman med god utbygging av IKT-verktya tyder at i er på rett veg her.

Elevane melder både gjennom «Elevundersøkelsen» og eigne kartleggingar at det er svært lite plaging og mobbing ved Øye skule, dette melder og elevrådet. Så snart vi oppdagar eller får meldingar om plaging/mobbing – set vi inn tiltak.

#### Surnadal ungdomsskule

Skulen har gode rutinar på samhandling med foreldra, både gjennom møteverksemd, kontaktmøte og foreldresamtalar med kontaktaktlærar, rådgivar og leiinga etter behov.

Skulen arbeider også med involvere elevane meir i eige lærings- og vurderingsarbeid.

Office 365 har vore prøva ut frå hausten 2015 og alle 8.trinns-elevane fekk kvar sin PC ved skulestart. Dette er planlagt vidareført til alle trinn hausten 2017.

MOT blir no bruka i full skala på alle trinn, og det fell saman med ei svært gode utvikling for skulen når det gjeld mobbing (4,9 av 5,0 oppnåeleg i elevundersøkinga).

### Satsingsområde 3: Næringsutvikling Barnehage og grunnskule

Mål:



- Auke talet på pedagogar i barnehagane.
- Ha universelt utforma barnehagar og skulebygg.
- Auke arbeidet med entreprenørskap i barnehagane og skulane.

Tiltak:

### **Barnehage**

- Vurdere kompetansebehov ved utlysing av ledige stillingar.
- Leggje til rette for at assistenter/barne- og ungdomsarbeidarar kan få ta arbeidsplassbasert førskulelærarutdanning.
- Innarbeide entreprenørskap som del av handlingsplanen for kultursekkjen for barnehagen.

### **Grunnskule**

- Vurdere kompetansebehov ved utlysing av ledige stillingar.
- Leggje særleg vekt på universell utforming ved pedagogisk tilpassing av skulebygget på Øye skuleområde.
- Innarbeide entreprenørskap som del av handlingsplanen for kultursekkjen for skule.

### **Vurdering:**

#### **Midtigrenda barnehage:**

Pedagognormen i barnehagen vår er i tråd med fastsett norm, og vi har godt høgskuleutdanna personale, også dei som er inne i vikariat på desse stillingane. Vi har lagt til rette for at 1 barne-og ung.fagarbeider no går desentralisert barnehagelærarutdanning. Entreprenørskapsplana er lagt i IKT-verktyet Fronter, og vi har satt det inn i årsplan med mål og tiltak som ein del av det pedagogiske arbeidet.

#### **Øye og Skei barnehage:**

Vi har tilstrekkeleg personale med høgskuleutdanning pr. i dag.

Vi har fokus på Entreprenørskapstenking nedfelt i våre planar. Vi har vald tema med god forankring i dagens barnekultur for å kunne legge til rette for entreprenørskapsarbeid i barnehagen.

#### **Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:**

Ta Entreprenørskapsplanen i aktivt bruk.

#### **Todalen og Stangvik oppvekstsenter:**

Arbeider med entreprenøriell tilnærming i undervisninga.

#### **Mo oppvekstsenter:**

Ta vare på og utvikle dei entreprenørielle verksemndene vi har.

#### **Øye skule:**



Gjennom «Inn på tunet» som vi no har hatt i ti år, er det lagt inn elevbedrift for 7.tr.. Dei sel det dei sådde om våren i sjette og haustar på hausten i sjuande.

Personalet er aktive og er opptatt av utviklinga av Øye skuleområde og kva konsekvensar det får for elevane våre og personalet.

### Surnadal ungdomsskule

Det er gjennomført Gründercamp i 2015, der elevar på 9.trinn utførte oppgåver dei fekk av næringslivet i kommunen. Ei gruppe elevar frå Surnadal ungdomsskule vann til slutt fylkesfinalen for det beste prosjektet i eit samarbeid med Surnadal kommune om utvikling av Svartvassområdet på Skei. Det er også jobba med planlegging og utvikling av Øye skuleområde gjennom arbeidet i Plan og byggenemnda.

### Satsingsområde 4: Folkehelse og levekår

#### Barnehage og grunnskule

Mål:

- Førebyggje, avdekke og stoppe mobbing.
- Gi eit godt tilbod om fysisk aktivitet.
- Betre kontakten og dialogen mellom heim og barnehage/skule.

Tiltak:

#### Barnehage og grunnskule

- Følgje handlingsplanen mot mobbing og Zero.
- Bidra til god helse hos barna ved å legge vekt på fysisk aktivitet og sunt kosthold.
- Etablere felles kommunale foreldreutval for barnehagar og skular.

#### Vurdering:

#### Midtgrenda barnehage

Handlingsplan mot mobbing er ei felles plan for barnehagene, som vi følger gjennom året.

Fysisk helse og sunt kosthold er fokus inn mot barnegruppa på alle aldersnivå.

Barnehagen har eige foreldreutval, som blir valgt på kvart foreldremøte om hausten.

#### Øye og Skei barnehage

Vi har innarbeidd handlingsplan mot mobbing i barnehagen inn i våre planar. Vi legg vekt på å tilby barna mykje fysisk aktivitet og eit sunt kosthold.

#### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

Eit godt læringsmiljø er tema på alle personalmøte, oppe i klasseråd og på elevrådsmøte kvar månad. Vi har eit stort uteområde for aktiv leik.

#### Mo oppvekstsenter

Årleg gjennomgang og revidering av handlingsplana mot mobbing. Arbeider kontinuerleg med å utvikle haldningar mot mobbing gjennom samtalar med enkeltelevar og på allmøte.



Utbetringa av uteområdet har gjeve større mulegheiter for fysisk aktivitet.

### Todalen og Stangvik oppvekstsenter

Fysisk aktivitet er timeplanfesta, og uteområdet gjev gode høve for mange aktivitetar. Kantinedrift og dagleg utdeling av frukt og grønt. Følgjer lokal handlingsplan mot mobbing. Elevråd ein gong i månaden og elles ved behov.

#### Øye skule:

Vi arbeider svært godt med elevane sitt læringsmiljø og trivsel og har dette høgt på dagsorden. Positiv aktivitet i friminutta, m.a. på Øye stadion og gjennom organisert fysisk aktivitet på 2x30 min. for 5.-7. trinn, er helsefremjande for elevane og gir trivsel og godt læringsmiljø.

#### Surnadal ungdomsskule

Ungdomsskulen brukar MOT-programmet som sitt viktigaste verktøy mot mobbing. Det ser vi har verknad på utvikling av gode haldningar og merkbart mindre mobbing på skulen. Tilbodet om eit sunt skolemåltid er viktig for alle på skulen og med mange elevar på valfag som «Fysisk aktivitet og helse» og «Natur- miljø og friluftsliv», aukar den fysiske aktiviteten for mange elevar.

### Satsingsområde 5: Kultur - omdømme - identitet

#### Barnehage og grunnskule

Mål:

- Styrke individuell og felles identitet i eit raust fellesskap prega av mangfold og toleranse.
- La barna utvikle kulturinteressene sine.

Tiltak:

#### Barnehage

- Gjennomføre den årlege barnehagedagen for 5-åringane.
- Gjennomføre vedtekne tiltak i handlingsplanen for Kultursekkjen.
- Bidra i utarbeidninga av årleg handlingsplan for Kultursekkjen.

#### Vurdering:

#### Midtigrenda barnehage:

Barnehagedagen 2015 vart arrangert i Sæterlia, då temaet var fysisk aktivitet i utedørsområdet. Kultursekkjen gjennomfører si plan for besøk ut i barnehagen kvart år, og det har også vorte gjennomført i 2015.

#### Øye og Skei barnehage:

Vi har vore med på den årlege barnehagedagen, både i eigen barnehage og på fellesarrangementet.

Vi har gjennomført tiltaka i handlingsplana for Kultursekkjen.



## Grunnskule

- Gjennomføre "Give me 5" – koret årlegfor 5.trinn ved skulane.
- Gjennomføre 10.trinns - prosjekt årleg ved Surnadal ungdomsskule.
- Gjennomføre vedtekne tiltak i handlingsplanen for Kultursekkene.

### Vurdering:

#### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

Vi har eigne arrangement, deltek på arrangement gjennom Kultursekkene og alle elevane deltek på minst eitt kulturtilbod frå kulturplanen.

#### Mo oppvekstsenter:

Har delteke på arrangement gjennom kultursekkene og GM5.

#### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

Aktiv bruk av digitale media i samfunnkontakten. Lag og organisasjonar benytter lokalitetane på begge avdelingar. Mykje utleige også til private på avd. Stangvik.

#### Øye skule:

Tre store arrangement der alle dei 313 elevane har vore med, er den tradisjonelle Juleavslutninga i Storstua, Bli med dansen (arrangert av Nrk) i ein stappfull gym.sal på Øye skule og Skuletreff/Sommaravslutning i idrettshallen saman med foreldre. Dette i tillegg GN5, Kultursekkene og arrangement på klasse- og trinnivå.

#### Surnadal ungdomsskule

10.trinns-prosjektet i 2015 var «Millenniumsbarna», som vart gjennomført hausten 2015. Det vart ei flott forestilling med mykje song, dans og musikk i tillegg til sketsjar. I tillegg har Surnadal ungdomsskule gjennomført programmet vi får tilbod om gjennom Kultursekkene.

## Satsingsområde 6: Tettstads- og arealutvikling

### Barnehage og grunnskule

#### Mål:

- Leggje til rette for gode trafikkforhold kring barnehagane .
- Leggje til rette for at fleire skuleelevar syklar og går til skulen.

#### Tiltak:

- Vurdere ein ny gang- og sykkelveg til Øyeområdet.
- Ny busslomme og parkeringsareal på Stangvik oppvekstsenter.

### Vurdering:

#### Midtigrenda barnehage:

Vi har kjøreregler for parkering ved bhg. sitt uteområde.

Vi har hatt fokus på korleis vi skal bevege oss på tur utanfor barnehagen sitt område.

Alle barn og vaksne har refleksvester når vi går på turar.



### **Øye og Skei barnehage:**

Øye og Skei barnehage har ein eigen trafikksikringsplan som sikrar at barna blir teke godt vare på når vi beveger oss utanfor porten på barnehagen.

### **Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:**

Vi har reglar for kor elevane kan opphalde seg ved busshaldeplassen.

### **Mo oppvekstsenter:**

Vegvesenet har starta ein prosess med gang- og sykkelbane gjennom Røv. Dette vil på sikt gjere at fleire kan sykle til skulen.

### **Todalen og Stangvik oppvekstsenter:**

Ny busslomme og parkeringsareal på Stangvik oppvekstsenter utsett til 2016. Ny akebakke planlagt i samband med dette.

### **Øye skule:**

Ny regulert innkjøring i vest pluss generelt kjøreforbod på skuleområdet er positivt for tryggleiken til elevane. I tillegg har vi innskjerpa at elevane ikkje skal gå ned til busshaldeplassen før det ringer. Frå januar 2016 har vi innført tilsyn på busshaldeplassen. Krysset frå skuleområdet inn på hovudvegen er svært kaotisk og farleg ved skulestart/skuleslutt.

### **Surnadal ungdomsskule**

Den nye store parkeringsplassen ved hovudvegen har avlasta oppkøyringa til skuleområdet noko, men framleis er krysset ein flaskehals i «rushtida» ved skulestart/skuleslutt.

## **3. Kvalitetsarbeid**

Særskilde område det er arbeidd med i 2015.

### **Barnehage og grunnskule**

Mål:

- Systematisere og forenkle kvalitetssystemet for oppvekst.
- Arbeide med tidleg intervasjon og tidlege tiltak for dei yngste barna.
- Arbeide med betre oppfølging av læringsarbeidet til elevane.
- Særleg fokus på fleirspråklege barn.

Tiltak:

- Arbeidet med utvikling av nytt kvalitetssystem held fram.



- Ta i bruk kartleggingsverktøyet ASQ-SE for dei yngste barna i barnehagen
- Meir systematisk bruk av kartleggingsverktøy i skulane.
- Ta i bruk Plan for fleirspråklege barn.

### Vurdering:

#### Midtigrenda barnehage:

Vi har evaluert kvalitetsarbeidet for 2015 i ein eigen kvalitetsrapport.

#### Øye og Skei barnehage:

Dette har vi rapportert på i Kvalitetsrapporten for oppvekst for 2015

#### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

Dette er rapportert i Kvalitetsrapporten for oppvekst for 2015.

#### Todalen og Stangvik oppvekstsenter

Dette er rapportert i Kvalitetsrapporten for oppvekst for 2015.

#### Øye skule:

Dette er rapportert i Kvalitetsrapporten for oppvekst for 2015.

#### Surnadal ungdomsskule

Dette er rapportert i Kvalitetsrapporten for oppvekst for 2015.

## 4. Utfordringar

- Låge fødselstal og synkande elevtal.
- Auka tal på fleirspråklege barn, som gjev auka behov for språkopplæring i både barnehage og grunnskule.
- Krevjande økonomisk og bemanningsmessig å ha løpende opptak gjennom året, og ikkje berre gi barnehageplass etter lovbestemt rett til barnehageplass, som er å søkje ved hovudopptak 15.februar og fylle 1 år før 01.09. , for å vere sikra barnehageplass.
- Vurdere barnehagebygga ved neste rullering av bruksplan for bygga i oppvekstsektoren.
- Behov for utskifting og oppgradering av leikeplassane .
- Stor variasjon i gjennomsnittleg gruppedeling frå dei minste til dei største skulane.
- Barn med særskilde behov.
- Likeverdig skuletilbod – gruppedeling, god fagleg kompetanse ved alle skulane.
- IKT.
- Øye skuleområde.

#### Midtigrenda barnehage:



- Fortsatt utfordring for å tilpasse eit godt tilbod for barn med særskilde behov.
- Fortsatt mange små barn som treng barnehageplass, behov for å ha mange småbarnsplassar for vidare å ha nok barn på storbarn i dei to storbarnsavdelingane.
- Må sjå jamnleg på organisering.

#### Vurdering:

##### Midtigrenda barnehage:

Vi har prøvd å gje best muleg hjelp til barn med særskilte behov, men det er eit krevande arbeid der komptanse på ulike område er særskilt viktig, og som krev at personalet er på plass. Vi har fylt opp småbarnsplassane våre, og ser behovet for at vi fortsatt må gå med større barnegruppe på småbarnavdelinga vår (utvida til 12 barn pr. dag- arealet er på plass).

På storbarnsavdelingane våre har vi organisert oss slik at vi bruker dei fysiske areala på ein betre måte. Utfordringa er å få fyllt opp storbarnsplassene våre, derfor viktig at vi kvart år ser på om vi kan organisere oss annerleis. Her krever det god nok bemanning og kompetanse på dei ulike aldersgruppene. Det er krevende med endringsprosesser, både økonomisk og pedagogisk.

Sjukefråværet vårt er dessverre for høgt enno.

##### Øye og Skei barnehage:

- Grunnbemanninga ok.
- Utfordring å gi god nok hjelp til barn med særskilde behov.
- Utfordring med å fylle opp alle småbarnsplassane.

#### Vurdering:

Grunnbemanninga er i utgangspunktet tilstrekkeleg for å fylle dei krava som ligg i barnehageloven. Det er når vi får barn med spesielle behov at vi får utfordringar. Dette gjeld både ved enkeltbarn som har spesielle behov og grupper av barn, som til dømes minoritetspråklege barn. Det er lite handlingsrom i budsjettet til å gjøre omdisponeringar i høve desse utfordringane.

Når det gjeld småbarnsplassar hadde vi litt ledige plassar ved inngangen til 2015, men i løpet av året har vi fylt opp alle plassane.

##### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

- Usikkert om det blir like mange barn i barnehagane i 2015.
- Svinging i elevtal.
- Redusere ei 100% lærarstilling frå hausten 2015.
- Skulebygget i Bøfjorden.

#### Vurdering:

Auke i barnetal ved Bøfjorden barnehage, to avdelingar hausten 2015, og med tilsetting av ekstra pedagogisk leiar. Elevtalet i skulen aukar i dei neste 3 åra, til opp mot 50 elevar, noko som også vil ha budsjettmessig betydning.



### Mo oppvekstsenter:

- Nedgang i elevtal.
- Gjere best muleg nytte av personalressursane på oppvekstsenteret med tanke på skule, SFO og barnehage gjennom å utvikle samarbeidet endå meir.

### Vurdering:

Nedgang i elevtalet gjer at vi nærmar oss to-delning (under 30 elevar).

Stor vilje og fleksibilitet blant dei tilsette gjer at vi kan utnytte personalressursen på best muleg vis.

### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

- Barnehagebygget i Todalen utdatert i høve barnehagedrift i dag.
- Veksande barnetal på avd. Stangvik oppvekstsenter krev budsjettmessige tilpassingar.

### Vurdering:

Stor auke i barnetal på Stangvik. Barnehagen utvida med ei avdeling til tre. I løpet av nokre år vil dette visast i stigande elevtalet på skulen. Det skal vere plass til å møte dette.

Utfordringane i høve tilpassing til endra drift ligg i det budsjettmessige.

### Øye skule:

- Ikkje elevtalsnedgang frå h- 2014 til h-2015, viktig å behalde ressursane.
- Behov for oppgradering av delar av uteområdet og fornying av leikeapparat og inventar, men står i bero - ventar på «Nye Øye».
- Barn med særskilde behov.
- Tre lærarstillingar i overtal frå h-2015 før eventuelle permisjonar (studie, velferd), avgang eller overflyttingar.
- Utfordring å ha økonomi til kjøp av nettbrett og opplæring for fleire trinn.
- Språkopplæring for fleirspråklege barn.
- Nedsliten bygningsmasse på Øye skule - areal i Gul - og Blå - bygget som gymnastikksal og ventilasjon.
- Nye krav til arbeidsplassar for lærarane.

### Vurdering:

Viktig at brukarane av Øye skule, store som små, no får ein dato for når det kan investerast i bygg, inventar og uteområde. Mykje er nedslitt og har stått på «vent» dei siste ti åra.

Den økonomiske innstramminga blir enda meir krevjande ved at Øye skule har fleire elevar med særskilde behov som er svært ressurskrevjande, mange overflyttingar frå grendashuklane med m.a. store ekstra kostnader til skyss og språkopplæring for fleirspråklege barne. Denne opplæringa er krevjande både organisatorisk/pedagogisk og økonomisk ved at tilflyttinga er uregelmessig både når det gjeld morsmål, alder, tilflyttingstidspunkt og skulebakgrunn.



Ut i frå den situasjonen vi er i, gjer personalet eit stort og godt arbeid for å gi alle elevane våre eit godt tilbod.

### Surnadal ungdomsskule:

- Eventuelle utvidingar av timetalet (valfag, framandspråk m.m.).
- Elevtalsnedgang.
- Økonomisk ramme for innkjøp av datamaskin/nettbrett til elevar på 8.trinn kvart år framover.
- Oppretthalde lærartettheita i ein periode med minkande elevtal .
- Betre og meir funksjonelle arbeidsplassar for lærarane.
- Oppgradering av gymnastikkareal.

### Vurdering:

Det er elevtalsnedgang på skulen. Men det er framleis 3- deling, dvs. 3 klasser på kvart trinn. Det betyr at det er vanskeleg å kutte lærartimar. I tillegg har skulen elevar med spesielle behov som krev til dels store ressursar. Difor er det er det heller behov for meir ressursar enn mindre ressursar slik situasjonen er no. Det er omdisponert midlar til innkjøp av datamaskiner til elevar og det er og blir utfordrande å gjennomføre så store datainnkjøp kvart år. Det blir svært viktig å sikre Surnadal ungdomsskule gode nok og store nok undervisningsareal med nok grupperom og gode og romslege arbeidsareal for tilsette i planane for skuleutbygginga på Øye skuleområde. Skal skulen halde fram med å vere praksisskule for NTNU, må også areal for lærarstudentane takast med i arealvurderinga.

### Surnadal vaksenopplæring:

- Stor variasjon i elevmassen.
- Aukande elevtal og behov for differensiering.
- Behov for fleire tilsette i samband med busetting av flyktningar og familiegjenforente.

### Vurdering:

Den 18.juni vart det gjort vedtak i kommunestyret om at arbeidet med innvandrarar skulle organiserast i ei ny eining. Eininga fekk namnet Vaksenopplæring og integrering. Eininga har til oppgåve å drive med grunnleggande opplæring og integrering av nyleg komne innvandrarar. Fleire busette flyktningar har ført med seg at og arbeidsmengda vore stigande. I løpet av året har eininga fått tilført ressursar på både undervisningsdelen og integreringsdelen som har gjort at vi kunne møte den aukande aktiviteten på ein måte som lever opp til dei krava som lovgjevarane sett til arbeidet . Den auka aktiviteten ha og ført til at talet på tilsette har auka. I løpet av 2015 blei det tilsett tre nye medarbeidarar slik at det per 31.12.15 var 11 persomar som har arbeidskvarden sin ved Vaksenopplæring og integrering.



I 2015 vart det busett 19 flyktningar, og ved utgangen av 2015 var det totalt busett 58 flyktningar i kommunen. Per 31.12.15 deltok 42 personar på kommunen si introduksjonsordning. Programmet er delt i to retningar: dei som ønskjer å ta grunnskuleeksamen og ta vidare utdanning og dei som ønskjer å gå «praksisvegen» og med det tek sikte på å skaffe seg arbeid etter at dei avsluttar tida si i ordninga.

Å skaffe nok høvelege bustader er ei sentral oppgåve i den praktiske delen av busettingsarbeidet. I 2015 har eigedomsavdelinga løyst dette på ein god måte. Ved utgangen av året var difor kommunen i god stand til å kome gruppa sine behov for bustader i møte.

For å koordinere arbeide internt i kommunen blir det halde kvartalsvise møter der dei einingane som arbeider mest direkte med gruppa. I 2015 er det vore halde fire slike møte.

Frivillige lag og organisasjonar har i året som ligg bak oss gjort ein svært god jobb med å integrere gruppa i lokalsamfunnet. Her kan ein mellom anna nemne strikkecafè og fotball. Undersøkingar syner at å få flyktningar med i frivillige lag og organisasjonar er ein viktig suksessfaktor i integreringsarbeidet. I løpet av året har vorte etablert ei koordineringsgruppe som består av representantar frå ulike lag og organisasjonar i kommunen. Målet med gruppa er å ta arbeidet med å få flyktningane med som deltagarar i organisasjonslivet eit steg vidare.

Arbeidet med opplæring integrering av nyleg komne flyktningar i Surnadal gjekk i 2015 gjennom ei etter måten stor utvikling. Mest konkkret kan ein peike på at vi vart ei eiga eining med alt det fører med seg, men og når det gjeld det med å kunne gje dei busette flyktningane eit så individuelt tilpassa kvalifiseringstilbod som råd har vi teke eit skritt vidare i året som gjekk. Skal ein dømme etter dei signala som kjem frå sentrale styresmakter vil arbeidet på feltet bli ein del av den kommunale tenestertilbodet også i åra som kjem. Det erfaringane vi har gjort oss i 2015 tek vi med oss i tida som ligg framfor oss med målstringa om at vi skal utvikle tenestetilbodet vidare til beste for dei som vi er sett til å hjelpe ut i det norske samfunnet.

## 5. Rådmannen si vurdering:

Det har vore svært stor aktivitet i oppvekstsektoren også i 2015. Både kvalitetsutviklingsarbeid i barnehagane og skulane har vorte lagt merke til utanfor kommunen, og ein har også i år vore invitert til erfarringsdeling både regionalt og nasjonalt.

Kvalitetsutviklingsarbeidet har dei seinare åra vorte spissa gjennom Oppvekstplanen og dei årlege handlingsplanane. Hovudfokuset i det vi gjer rettar seg mot kjerneverksemda i einingane - kvaliteten på dei daglege møte mellom barn og vaksne i barnehagane og



skulane. Vi snakkar om Surnadalsbarnehagen og Surnadalsskulen, og arbeider med å finne felles utviklingsverktøy og gjere ting i lag basert på forsking om kva som faktisk gir ein betre barnehage eller ein betre skule. Flinke tilsette har også i år arbeidd hardt til beste for barna.

Hausten 2015 fekk vi tilsyn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av elevane sitt læringsutbytte ved Øye skule. Dette er eit nasjonalt tilsyn med eit breitt fokus. På mange måtar vart dette ei ekstern vurdering av kvalitetsutviklingsarbeidet på Øye skule spesielt, men også for Surnadalsskulen generelt. Skulen fekk ingen avvik, og særleg gledeleg var det at elevane gjennom sine svar bekrefta at dei opplever ei reell endring av praksisen i klasseromma, som er kjerneverksemda vår. Gjennom Elevundersøkinga ser vi også a det kontinuerlege arbeidet for best mogleg lærings- og skolemiljø gjev resultat. I 2015 er det særleg gledeleg å sjå at ungdomsskulen gjennom fleire tiltak, men særleg gjennom MOT-arbeidet ser ut til å vere i ferd med å skape eit mykje betre lærings- og skolemiljø ved skulen.

Nokre einingar innafor oppvekst har utfordringar med minkande barne- og elevtal, medan særleg Stangvik opplever framleis ein sterk vekst i barnehagen, som har sett store krav til omstillingsevne og fleksibilitet. Dette har også gjeve utfordring med å halde kostnadane til meir personell nede, noko rekneskapstala også viser. Kommunestyret vedtok i juni 2015 å løyve midlar til oppussing og tilpassing av barnehagen til det nye barnetalet, slik at dei no har fått ei avdeling til, betre personalfasilitetar tilpassa talet på tilsette og betre garderobe for dei minste.

Hausten 2015 fekk Plan- og byggjenemnda for Øye skuleområde framlagd 5 ulike alternativ til skisseprosjekt. Dette arbeidet fortset inn i 2016, der val av alternativ for forprosjekt no er ute til høyring.

Mykje av fokuset har også i 2015 vore på oppbygging av tenester for vaksenopplæring og busetting. Vaksenopplæring og integrering har gjort ein svært god jobb med busetting og opplæring. I 2015 har dei også forsterka samarbeidet med frivillig sektor, som vi vonar skal gi enda større grad av inkludering og integrering.

#### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2014
Midtigrenda barnehage	6 630	7 079	-449	6 279
Øye og Skei barnehage	11 003	11 106	-103	10 908
Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter	6 768	6 873	-105	6 802



Mo oppvekstsenter	6 641	6 623	18	6 438
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	15 479	14 776	703	13 406
Øye skule	28 103	27 827	276	26 806
Surnadal ungdomsskule	23 271	23 217	54	22 916
Vaksenopplæring og integrering	10 753	11 078	-326	-

**Vurdering:****Midtigrenda barnehage:**

Budsjettet vårt for 2015 har samsvar med drifta vår, sjølv om vi kjem ut med eit mindreforbruk. Dette kjem delvis av større inntektsgrunnlag gjennom ulike refusjonar kontra at lønnsutgiftene ikkje har overstige budsjettet. Det ser ut som at budsjettet vårt stemmer meir overens med rekneskapet, då vi har kome i mål dei 2 siste budsjettåra.

**Øye og Skei barnehage:**

I 2015 endte vi opp med eit mindreforbruk på rundt 100%. Dette skuldast delvis at vi har gått litt ned på bemanning. Vi har gått men meirforbruk i fleire år før dette og det kan endeleg sjå ut som om budsjettet har vore nokonlunde rett.

**Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:**

Vi har eit mindreforbruk som følgje av mindre bruk av vikarar i skulen enn forventa.

**Mo oppvekstsenter**

Godt samsvar mellom budsjett og rekneskap. Auka bemanning i barnehagen grunna auka barnetal har gjeve oss utfordringar på utgiftsida. Dette blei i 2015 dekt inn av refusjonar frå andre kommunar.

**Todalen og Stangvik oppvekstsenter**

Avviket reflekterer nødvendig oppbemannning grunna aukande barnetal på Stangvik barnehage og styrking av lærarressurs på Todalen skule.

**Øye skule**

Slik situasjonen er, er vi tilfredse med at meirforbruket vart såpass lite, reelt 0,5% av regulert budsjett.

**Surnadal ungdomsskule**



Vurderinga er at eit lite meirforbruk på kr. 54' (0,25 %) i ein rekneskap på godt over kr. 23 mill., ikkje er avskrekande. Med så mange usikre faktorar som først blir endeleg fastsette når rekneskapsåret er ferdig på nyåret, skal det godt gjerast å ende akkurat på 0.

## Helse og omsorg

### 1. Aktivitet

Helse og omsorgsektoren består av desse einingane:

#### Helse og familie

Helse og familie omfattar helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, interkommunalt miljøretta helsevern, smittevern, legeteneste, ergo- og fysioterapi, folkehelse og psykisk helse. Interkommunal skjenke – og røykekontroll finn ein ved denne eininga. Koordinerande eining har eit overordna ansvar for koordinering av tenester til brukarar med langvarige og samansette behov.

Helse og familie skal drive helsefremjande og førebyggjande arbeid retta mot heile befolkninga. Frisklivssentralen er ein del av folkehelsesatsinga i kommunen. Ein stor del av verksemda er retta mot barn, unge og deira familiar. Tenestene er regulert av mange ulike lovverk. Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester og Folkehelseloven gjeld for alle tenestene.

#### Institusjonane

Tenester i eininga Institusjonane vert gjeve etter ” Lov om kommunale helse og omsorgstenester m.m.

Institusjonane har ved utgangen av 2015 desse tenestene:

- Langtidsavdeling I, 16 langtidsplassar
- Langtidsavdeling II, 16 langtidsplassar
- Bu- og avlastningsavdeling, 12 langtidsplassar, 5 korttidsplassar og 1 avlastningsplass.
- OBS-post, 5 senger. Eit av romma blir nytta til lindrande behandling.
- Skjerma avdeling, 16 langtidsplassar. Avdelinga kan nyttast til forsterka skjerming med ein plass. Talet på langtidsplassar reduserast i slike tilfelle til 15.
- Stangvik Aldersheim, 8 plassar
- Storkjøkken som produserer mat for institusjonane, omsorgsbustad, heimebuande (levering av mat), skular og barnehagar. I tillegg driftar vi tre 2 kantiner.
- Vaskeri



## Bu og aktivitet

Tenestene innafor Bu- og aktivitet er heimla etter «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.»

Eininga har desse tenestene:

- Bårdshaugen og Tronvoll fellesbustad med 11 brukarar.
- Sommerro fellesbustad med 7 brukarar
- Leitet fellesbustad med 8 brukarar.
- Nistutrøa fellesbustad med 2 brukarar.
- Røssmoen fellesbustad med 2 brukarar
- Avlastingstilbod, både privat og avlasting i institusjon.
- Sommerrotunet Aktivitetshus med 17-20 brukarar

Bu- og aktivitet gir tenestetilbod til menneske med utviklingshemming og andre med særskilte behov.

Dette omfattar m.a. praktisk bistand og opplæring i bustad med heildøgn omsorgstenester. Vidare gir ein tilbod om avlastingstiltak for personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid. Vi har og dei siste par åra fått stadig press på våre tenester for å yte tenestetilbod til brukarar der nokre av dei er i «gråsone» mellom tenestene i kommunen.

Dette dreier seg om brukarar som for eksempel vanskelegstilt ungdom eller problematikk rus og psykiatri, samt brukarar med kognitiv svikt.

I desember 2015 opna det nye Sommerrotunet Aktivitetshus ( tidlegare Røtet dagsenter), der ein allereie har fått ein auke med 7 til 10 brukarar. Bu- og aktivitetstenesta har og fått ansvar for avdeling for brukarar med psykiske utfordringar på Sommerrotunet Aktivitetshus, der fagleg leiar har det faglege ansvaret for heile aktivitetshuset.

## Heimeneste og rehabilitering

Heimeneste og rehabilitering omfattar heimesjukepleie, heimehjelp, omsorgsløn, brukarstyrt personleg assistent (BPA), rehabilitering, matombringning og tryggleksalarmer. Heimenesta tildeler omsorgsbustader og pensjonærbusader. Heimenesta skal tilby tenester som er med på å oppretthalde eigenomsorgsnivået til brukarane, førebyggje, behandle og lindre sjukdom. Målet er at brukarane skal klare seg heime lengst mogleg, og ha ein best mogleg livskvalitet. Tenestene er heimla i helse- og omsorgstenestelova.

## NAV

NAV Surnadal har både kommunale og statlege tenester, begge deler er regulert i samarbeidsavtalen mellom Surnadal kommune og NAV Møre og Romsdal.

### Kommunalt område.

- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga nr. 131 av 18.12.2009
  - Denne loven samlar alle dei kommunale, sosiale tenestene ( obligatoriske tenestene ) i ei eiga lov.



- Husbankens bostøtteordning
- Startlån (frå 2015)
- Administrasjon av fylkets TT-ordning ( Tilrettelagt Transport-tjeneste )
- "Bustadsosialt arbeid ",
- "Barnefattigdom". Prosjekt finansiert frå Fylkesmannen der vi skal samarbeide med fleire einingar i Surnadal kommune, spesielt barnevern og Familie og helse.
- "Ruskonsulent". Prosjekt frå 2013 som frå 2014 er vidareført som fast stilling.

#### Statleg område:

Alle statlige tenester som til ei kvar tid er tillagt lokalkontora

#### Særskilde fokusområde i 2015

- Vridning frå institusjonsbasert til heimebasert omsorg.
- Kvardagsrehabilitering.
- Etablere heimebesøk til alle når dei fyller 75 år.
- Administrativ struktur:
  - Planlegging og drift av nytt dagsenter
  - Organisering av tenestene
- Velferdsteknologi
- Svangerskaps og barselsomsorg
- Oppfølging bustadsosial handlingsplan
  - Planlegging av omsorgsbustader.
  - Kartlegge behovet på nytt i høve ulike typer bustader.

I Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011–2015) legg regjeringa den politiske kurset for helse- og omsorgstenestene og folkehelsearbeidet dei neste fire åra. Regjeringa sitt utgangspunkt er at det er eit offentlig ansvar å fremme helse og førebygge sjukdom, og å sikre naudsynte helse- og omsorgstenester til heile befolkninga. Alle skal ha eit likeverdig tilbod av helsetenester uavhengig av diagnose, bustad, personlig økonomi, kjønn, etnisk bakgrunn og den enkelte sin livssituasjon.





### Visjon - "Legge liv til åra"

Omsorgsplan 2012-2015 understrekar at vi må arbeide for at flest muleg gjennom heile livsløpet oppleve høg livskvalitet og flest muleg leveår med ei god helse.

## 2. Satsingsområde

### Satsingsområde 1: Befolkningsutvikling og kompetanse

Ei av dei viktigaste utfordringane framover blir å sikre tilgang på tilstrekkeleg helse- og sosialpersonell. Dette kan først og fremst gjerast gjennom utdannings- og rekrutteringstiltak, ei styrking av den faglege kompetansen, og gjennom tiltak som styrker nærværsfaktorar, reduserar sjukefråveret og utstøting frå arbeidslivet.

#### Felles helse og omsorg

Mål:

- For å kunne tilby tenester av god kvalitet må vi ha rett kompetanse på rett plass til ein kvar tid.

Tiltak:

- Strategisk kompetanseplan for helse- og omsorgstenestene.
- Arbeidstidsordningar som sikrar gode arbeidsvilkår og effektiv bruk av personellressursane.
- Integrere og vidareutvikle heilskaplege pasientforløp slik at vi får denne tenkinga inn i alle tjenester.

#### Vurdering:

Strategisk kompetanseplan for helse- og omsorgstenestene er ikkje utarbeidd.

Opplæringsplan for tenestene blir rullert kvart år. I 2015 fekk Surnadal kommune kr. 565 000 i tilskot via Fylkesmannen i Møre og Romsdal til kompetanseheving og innovasjon.

Tilskottet har vore bruka til støtte til tilsette som gjennomfører utdanning i tråd med opplæringsplana, samt prosjekt innan heimerehabilitering.

I samband med satsinga «Saman om ein betre kommune» har heiltidskultur stått på agendaen. Prosjektperioden er avslutta og vi er no over i ein gevinstrealiseringfasen, kor vi skal sikre at nødvendige tiltak vert sett inn i den ordinære drifta for å nå målsettingane etter prosjektslutt jfr kommunestyret si målsetting:

- Fjerne uønska deltid i piloteingane innan 01.01.2017
- Alle med fagbrev og høgskuleutdanning innafor HESO-området skal ha minimum 80% fast stilling innan 01.01.2017

Status frå Dypdykk-rapport med PAI-tal frå 2010-2014 (Moland/Fafo):

- Uønska deltid i PLO: Reduksjon med 60% i prosjektperioden



- Gjennomsnittleg stillingsstorleik i PLO i Surnadal kommune: 70,3 i 2014 mot 64,6 i 2010
- Prosentandel heiltidstilsette i PLO: 26,7 i 2014 mot 20,5 i 2010

Tala viser at vi er på rett veg, og vi scorar bra i forhold til dei andre kommunane i nettverket. Men vi har ein veg å gå før vi kan seie at vi har ein heiltidskultur i pleie og omsorg.

Det har vore arbeidd med heilsapelege pasientforløp både innan Institusjonane og psykisk helse og rus gjennom prosjektet «Det skal være lett». Prosjektet er eit samarbeid mellom Surnadal kommune, Halsa kommune, Helse Møre og Romsdal, og Halsa Interkommunale Psykiatriske Senter (HIPS). Prosjektet skal ha fokus på pasientforløp, og flyten i pasientforløpet står sentralt. Mandatet for prosjektet er å utvikle ei samhandlingskjede tilpassa målgruppa, og tenestenivåa.

### Helse og familie

Mål:

- Rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft.
- Legge til rette for utdanning av eigne tilsette.

Tiltak:

- Rekruttere fastlege og psykolog.
- Utarbeide intern handlingsplan for kompetansebygging i samsvar med "Strategisk kompetanseplan for helse- og omsorgstenestene".
- Arbeide med etikk og verdiar i tenestene for å sikre at brukarar og pårørande blir møtt med respekt og forståing.

### Vurdering:

Fastlege vart rekruttert i 2015, men legen slutta ved årsskiftet. Nyrekruttering starta på slutten av 2015 og held fram i 2016. Det lukkast ikkje å rekruttere psykolog. Stilling vil bli lyst ut på nytt i 2016.

Som tema på enkelte einingsmøter har vi tatt opp etiske problemstillingar vi kjem opp i gjennom arbeidet vårt, gjennomgang og refleksjon av kommunens etiske retningslinjer.

### Institusjonane

Mål:

- Auke andelen med helsefagleg utdanning
- Tilby tilsette ønska stillingsprosent
- God samhandling med utdanningsinstitusjonane
- Regelmessige møter med tilsette i den vidaregåande skulen
- Betre arbeidsfordeling etter kompetanse
- Betre samhandlingskompetanse

Tiltak:



- Auke andelen faglærte gjennom ny organisering og ved at fleire tek utdanning.
- Gjennomføre kompetansekartlegging
- Standardisere definerte rollar

### Vurdering:

Fleire som har vore i gang med vidareutdanning vart ferdige i 2015. Vi har tilsette som har teke vidareutdanning innan aktiv omsorg, innovasjon og tenestedesign og palliativ omsorg. Fem tilsette har delteke i læringsnettverk i forbettingsarbeid.

I 2015 vart utviklingsprosjekta i *Saman om ein betre institusjon* sluttførte. Nokre av prosjekta skapa varig endring medan ein avslutta nokre av prosjekta utan at ein ynskjer å vidareføre dei. Ein ser gevinst i at ein har klart å bygge dei forskjellige prosjekta på kvarandre og samtidig bygge dei på fokusområda, heiltidskultur, nærvær, omdømme og auka kompetanse. Vi arbeider vidare med fokusområda, men vel nye delområde ut i frå vår definisjon av kva basiskompetanse som er naudsynt ved institusjonen.

Samarbeidet med utdanningsinstitusjonane har vore godt i 2015. Vi har hatt elevar frå VG1 og Vg2 helsefag hos oss i fleire praksisperiodar. Vi har teke imot ein lærling i kokkefaget. Seks lærlingar innan helsearbeidarfaget, har i ein periode av utdanninga si, vore på sjukeheimen.

### Bu og aktivitet

#### Mål:

- Vi skal ha kompetente medarbeidrarar som kan gi eit fagleg godt og tilpassa tenestetilbod til brukarane. Vi skal også styrke tilsette sin kompetanse innafor helsefag slik at dei opplever mestring og meining i det arbeidet dei gjer, og gjer dei til trygge og gode omsorgsytatarar.

#### Tiltak:

- Arbeidsgjevar legg til rette gjennom permisjons- og stipendordningar for at fleire tek helsefagarbeidar-, vernepleiar- eller vidareutdanning.
- Prosjektet «*Saman om ein betre kommune*» skal involverast i arbeidet med å sjå på arbeidstidsordningar som kan bidra til ein styrka heiltidskultur, auka nærvær, og betre bruk av kompetanse.
- Tilsette blir involvert i utarbeiding av ein felles visjon og målsetting for eininga.

### Vurdering:

Til våren 2016 er det fleire som blir ferdig vernepleiarar, anten ved å ha gått desentralisert vernepleiarutdanning over 4 år eller med 3 årig utdanning. Vi håpar no på å få fleire av desse tilsett i vår eining. Til hauster startar Høgskulen i Molde ny desentralisert vernepleiarutdanning, der fleire frå kommunen har søkt. I samband med Lov om helse- og omsorgstenester, kap 9, tvang og makt overfor psykisk utviklingshemma, vil det etter kvart bli strengare å få dispensasjon frå utdanningskrava og eininga treng difor å få auka kompetanse med 3 årig helse- og sosialfagleg utdanning. Sølv om det framleis kan vere ei



utfordring å få nok kvalifiserte søkerar, reknar ein no med at ein vil sjå resultat av ei langvarig satsing på rekruttering og utdanning.

Det er 2 som held på med vidareutdanning i psykisk helse arbeid, der ein av dei held på med ei masterutdanning.

Og det er gledeleg at fleire har tatt fagbrev som helse og omsorgsarbeidarar.

I samband med prosjektet « Saman om ein betre kommune», arbeidast det no med å få prøve ut langturnus på helg i ein av bustadane. Ein reknar med å kome i gang med dette rundt sommaren 2016.

### **Heimeteneste og rehabilitering**

Mål:

- Heimetenesta skal til ei kvar tid ha personellressursar med riktig kompetanse som kan tilby tenester av god kvalitet. Det betyr at pasienten får rett teneste, til rett tid på rett stad.

Tiltak:

- Sikre at Heimetenesta oppfyller nasjonale krav til kvalitet gjennom utvikling av, og arbeid etter metoden HPH –"Helhetlig pasientforløp i hjemmet".
- Kompetanseheving for tilsette gjennom tilrettelegging av gode læringsarenaer:
  - Internundervisning.
  - Kunnskapsdeling med interne og eksterne samarbeidspartnarar og gjennom nettverkssamarbeid.
- Bemanningsplan som samsvarer med tenestebehov:
  - Rekruttering av rett kompetanse.
  - Tilstrekkeleg bemanningsfaktor.

### **Vurdering:**

Vi har nedbemanna i ei tid der behovet for tenestene har auka, og kompleksiteten i tenesteytinga har auka. Dette har vore krevjande. Vi har satsa på gode system for oppfølging av pasientane , fagutvikling og kompetanseheving. Dette har vore rett og nødvendig. Likevel er grunnbemanninga for knapp. Dette vanskeleggjer nødvendig personaloppfølging og økonomistyring, noko som igjen fører til eit dårlegare tilbod til pasientane.

### **NAV**

Mål:

- Bidra til at fleire kjem i arbeid og aktivitet og at færre vert avhengig av økonomisk sosialhjelp over lengre tid – redusere arbeidsledigheita til under 1,5 %.
- Redusere andel sosialhjelpsmottakarar ift innbyggjarar i alderen 20 – 66 år til under 2%.
- Sikre kvalitativ god oppfølging av flyktningar/innvandrarar.



Tiltak:

- Alle kandidatar i målgruppa til Kvalifiseringsprogrammet skal få tilbod om deltaking.
- Samordne tenester for personar med samansette behov, gi dei ein fast kontaktperson ved NAV.
- Tilby aktuelle brukarar individuell plan.
- Tilby økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving/økonomistyringsavtalar til dei som treng det og ynskjer det.
- Styrke den arbeidsretta brukaroppfølginga.
- Styrke ferdighetene i rettleiing og samhandlinga med brukarane.

**Vurdering:**

Brukarar har fått ein fast kontaktperson, uavhengig av behovet for tenester. Gjennom veiledningsplattformen (opplæringsprogram) har vi styrka kvaliteten på brukarmøtar. Alle som trøng det får deltagelse i KVP, økonomisk rådgivning, og individuell plan.

**Satsingsområde 2: Barn og unge sine oppvekstvilkår**

Førebygging er eit viktig element i samhandlingsreforma. Med utgangspunkt i dei framtidige helseutfordringane er det behov for å styrke dei førebyggande helsetenestene i kommunen.

**Helse og familie**

Mål:

- Surnadal helsestasjon får godkjenning som «Ammekyndig helsestasjon» innan 2018.
- Sikre eit lågterskeltilbod til barn/unge med psykiske vanskar og lidingar.
- Barn og unge som står i fare for å utvikle sjukeleg overvekt får tilbod om behandling/oppfølging .
- Styrke svangerskap og barselomsorgen i medhald av Helsedirektoratet sine retningsliner.

Tiltak:

- Arbeide vidare med "tidleg tverrfagleg innsats" i samarbeid med barnevern, PPT og barnehage.
- Skaffe oversikt over utvikling av overvekt hos barn og unge ved å følgje Helsedirektoratet sin rettleiar og retningsline "Nasjonal faglig retningslinje for veiing og måling i helsestasjons og skolehelsetjenesten" og "Nasjonal faglig retningslinje for forebygging, utredning og behandling av overvekt og fedme hos barn og unge".
- Starte arbeidet med å få godkjenning som «Ammekyndig helsestasjon» etter retningsliner og krav frå Helsedirektoratet.
- Vurdere gjennomføringsevne og utarbeide plan for oppfølging av barselkvinner med eksisterande ressursar.



- Gi barn og unge med psykiske vanskar og lidingar raskt tilbod om samtalar og avklaring av behov for hjelp og oppfølging.
- Open trefftid med helsesøster skal prioriterast i den vidaregåande skulen.

### Vurdering:

"Tidleg tverrfagleg innsats" i samarbeid med barnevern, PPT og barnehage har halde fram i 2015. Det same gjeld oppfølging av dei nasjonale retningslinene for vaging og måling i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Med redusert psykologteneste har terskelen for å gi tilbod om raskt tilbod om samtalar og avklaring av behov for vidare hjelp og oppfølging auka.

Open trefftid og samtalar med helsesøster har vore auka til to halve dagar i den vidaregåande skulen. Dette har vore muleg ved at vi fekk tildelt midlar etter søknad om tilskott frå Helsedirektoratet. Vi har ikkje hatt ressursar til oppfølging av barselkvinner eller til å starte arbeidet med å få godkjenning som «Ammekyndig helsestasjon» etter retningsliner og anbefalingar frå Helsedirektoratet.

### Bu og aktivitet

Mål:

- Surnadal kommune skal ha avlastingstilbod som gir tryggleik og kontinuitet for familiar med barn med særskilte omsorgsbehov.

Tiltak:

- Sikre rett kompetanse utifrå barna sine behov.
- Arbeide for å rekruttere og behalde private avlastarar og støttekontaktar.

### Vurdering:

I april/mai står ein ny bustad klar på Sommerro, der 3 brukarar skal flytte inn i kvar si leilegheit. Denne bustaden har og eit fellesareal og ei avlastingsleilegheit, til bruk for 2 brukarar, på same tid. Dei borna som i dag får avlasting på Øye, vil få dette avlastingstilbodet i den nye bustaden.

### Heimetene og rehabilitering

Mål:

- Barn og unge skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø, prega av omsorg, tryggheit og trivsel.

Tiltak:

- Samarbeid med andre faginstansar i kommunen og 2. linetenesta for å tilby ei mest muleg samanhengande teneste.
- Bidra med spesialkompetanse i t.d. diabetes, kreft, psykiatri når barn blir alvorleg sjuke eller får kroniske sjukdommar.
- Bidra til at barn blir ivareteke der pårørande får redusert omsorgsevne pga. sjukdom.



- Støtte til pårørande som har sjuke barn.

### Vurdering:

Stadig fleire ønskjer å motta helsehjelp i heimen i staden for på sjukehus. Dette gjer at Heimetenesta oftare møter barn og unge med omsorgsbehov, eller behov for helsehjelp. Vi har samabeida godt med andre faginstansar og har kompetanse innan fagfeltet.

### NAV

#### Mål:

- Bidra til at ungdom får eit positivt forhold til eigen kommune og til å gi dei som ikkje har skoleplass/arbeid eit alternativt tilbod.
- Sikre eit helhetlig veiledning og samhandling i oppfølgingsarbeidet for ungdom.
- Bidra til raskare overgang til arbeid.

#### Tiltak:

- Delta i tverrfaglege grupper.
- Saman med OT ved Surnadal vidaregåande skole arbeide for at dei unge som ikkje har skoleplass får eit alternativt tilbod, f. eks arbeid eller tilbod om arbeidsmarknadstiltak.
- Vidareføre prosjektet "Bustadsosialt arbeid" som eit driftstiltak finansiert med kommunale midlar.
- Vidareføre prosjekta "Barnefattigdom" og "Ruskonsulent" saman med andre aktuelle kommunale einingar.
- Styrke ferdigheiter i veiledning og samhandling med brukarane samt styrke den arbeidsretta brukaroppfølginga.

### Vurdering:

Vi har fast kontaktperson som er ansvarleg for OT-ungdom som fell ut av skulen. Dette gjer at ungdom kjem raskt ut i arbeid eller/og aktivitet.

Vi har gjennomført kompetanseheving til tilsette på følgjende område: arbeidsmarked, veiledning og brukerretta oppfølging.

### Satsingsområde 3: Næringsutvikling

Innan Helse og omsorg har ein prøvd å legge til rette for mottak av lærlingar. Både når det gjeld institusjonskokk og når det gjeld helsefagarbeidarar kan ein tilby lærlingeplassar til ungdom.



## Felles pleie og omsorg

Mål:

- Ta inn 3 nye læringer i helsefagarbeidarfaget kvar haust. I tillegg 1 lærling i institusjonskokkefaget annakvart år. Til saman 7 lærlingeplassar til ei kvar tid.

### Vurdering:

Det vart teke inn 3 nye læringer i helsefagarbeidarfaget hausten 2015. Fagprøvar avlagt og bestått i 2015:

- Ordinært lærlingeløp: 5 stk.
- Interne: 4 stk.

## NAV

Mål:

- Bidra til å styrke og utvikle næringslivet gjennom kompetanseheving.

Tiltak:

- NAV Surnadal bidrar gjennom ulike kompetansetiltak som bedriftsintern opplæring, arbeidsmarknadskurs, lønnstilskot, praksisplassar og andre aktuelle arbeidsmarknadstiltak til å heve kompetansen i bedriftene, blant de ansatte og blant dei som er registrert som ledige.
- NAV Surnadal skal vere en proaktiv aktør i samarbeid med næringslivet gjennom å yte de tenester arbeidsgivarar har behov for. For eksempel bistand i sjukefråværsoppfølginga, omstilling, permisjonar, nedbemanning og rekruttering.

### Vurdering:

Vi har gode rutinar for sjukefråværsoppfølging og samarbeidar med andre kontor/kommunar. Vi har saman med Arbeidslivssenteret bistått arbeidsgivarar i arbeidet med oppfølging av sjukemeldte.

Vi har satsa mykje på bedriftskontaker og har auka vår kontakt med lokalt næringsliv i 2015.

## Satsingsområde 4: Folkehelse og levekår

Det overordna målet er god helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar.

### Helse og familie

Mål:

- Gi tilpassa og koordinerte tenestetilbod til brukargruppene innan eininga.
- Delta i det tverrsektorielle folkehelsearbeidet der overordna mål er å bidra til å skape ei bærekraftig helseteneste, fremme god helse, førebygge sjukdom og utjamne sosiale helseforskellar.



- Styrke det helsefremjande og førebyggjande arbeidet med spesielt fokus på (re)habilitering, rus- og psykisk helsearbeid.

Tiltak:

- Delta i tverrfagleg- og tverretatleg plangruppe ved bruk av eininga sin kompetanse innan miljøretta helsevern og frisklivstilbod.
- Utarbeide strategiar, mål og tiltak for rehabiliteringstilbodet i kommunen.
- Arbeide med forståinga for verdien av fysisk aktivitet, trening og kosthald for menneske i alle aldrar – frisklivstilbod.
- Kartlegge og få oversikt over helsetilstanden i befolkninga ved bruk av helsebarometer frå Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet, samt nytte kunnskap frå eigne helse- og omsorgstenester, faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på befolkninga si helse.
- Delta i prosjekt saman med Halsa kommune og Halsa interkommunale psykiatriske senter når det gjeld utarbeiding av "Helhetlig pasientforløp, rusfeltet".

**Vurdering:**

Frisklivstilbodet er fortsatt etterspurt, og dei fleste henvisingane kjem frå fastlegane. Det vart gjennomført eit "Bra-mat kurs" i 2015. Utan folkehelsekoordinator og kommuneoverlege har vi ikkje klart å arbeide med folkehelse slik som planlagt.

**Institusjonane**

Mål:

- Vere ein aktiv institusjon der kvar enkelt er verdifull.
- Auke nærværet, redusere sjukefråværet.
- God struktur rundt brukarane av tenestene våre med fokus på aktivitet

Tiltak:

- Konkretisere aktivitetar i samarbeid med pasient og pårørande
- Fortsette arbeidet med å skape fleire treffpunkt for tilsette.
- Tettare samarbeid med legane og Nav
- Ta i bruk nytt skjema for funksjonsvurdering og nye rutinar for bruk i førebygging av sjukefråvær

**Vurdering:**

Tydeleg styring mot dei måla ein har bestemt er viktig. I prosessen har ein vore oppteke av å skape ei forankring i tilsettgruppa. Erfaring har vist at for å lukkast må ein investere tid i den enkelte arbeidstakar. Ein må drive eit kontinuerleg oppfølgingsarbeid.



## Bu og aktivitetet

Mål:

- Det må leggast til rette for at utviklingshemma får oppleve meistring og ha eit meiningsfullt arbeid og/ eller aktivitet. Alle må få mulegheita til å utnytte eigne ressursar og ha eit godt og verdig liv.

Tiltak:

- Ein må ha eit godt samarbeid med andrelinetenesta/ spesialisthelsetenesta, til dømes Vaksenhabilitering.
- Nok ressursar i fellesbustadane, samt bevisstgjering av tilsette ifht. motivasjon og oppmuntring av brukarar til fysisk aktivitet.
- Opplæring til brukarane om riktig kosthald.

## Vurdering:

Med det nye aktivitetshuset, som sto ferdig i desember 2015, vil det opne seg nye moglegheiter for både brukarar og personale. Ein har allereie sett at ein kan tilby brukarane eit betre og meir allsidig tilbod både når det gjeld opplevelingar og f.eks fysisk aktivitet. Det er og fleire av brukarane, som f.eks har dagtilbodet sitt ein annan plass, som nyttegjer seg tilbod på det nye aktivitetshuset på fritida si. Eit fysisk aktivitetstilbod til denne gruppa startar opp no i vår.

Bu- og aktivitetstenesta har også fått ansvar for avdeling for brukarar med psykiske utfordringar på Sommerrotunet Aktivitetshus, der fagleg leiar har det faglege ansvaret for heile aktivitetshuset. Ein manglar ein personalressurs på denne avdelinga, som gjer at vi har vanskar med å starte tilbodet for fullt. Dei brukarane vi klarer å gje eit tilbod til førebels, er dei vi har innanfor Bu- og aktivitetstenesta og som har noko personalressurs rundt seg.

## NAV

Mål:

- Legge til rette for at dei som ynskjer hjelp i samanband med rus får eit best mogleg tilbod om hjelp.
- Bidra til heilheitleg og god oppfølging av flyktningar.

Tiltak:

- Gi tilbod om innsøking til rusbehandling og ettervern.
- Gjennom dei ulike prosjekta vi har bidra til å førebygge mot rus samtidig med at unge kan klare å skaffe seg eigen bustad, hjelpe dei til å organisere dagen sin og bidra til at dei klarer å halde på bustaden. Eit viktig tiltak vert å finansiere ei vidareføring av "Boligsosialt arbeid".
- Delta i andre samarbeidsforsa etter behov.



- Bidra til å etablere betre oppfølging/ettervern for dei som er ferdig med rusbehandling eller kjem ut frå fengsel/institusjon.
- Sikre god samhandling med kommunen i oppfølgingsarbeidet med flyktingar ved å delta i samarbeidsfora ved behov.

### Vurdering:

Vi har gjennomført alle planlagte tiltak på dette området.

Vi deltok i samarbeidsfora, og vi har satt i gong ei ettervernsgruppe, noko som har vore etterspurt av brukarar.

### Satsingsområde 5: Kultur – omdømme – identitet

"Jfr. St meld nr 25 (2005-2006). Om framtidas omsorgsutfordringar står det slik:

*"Regjeringen vil legge vekt på kultur, aktivitet og trivsel som helt sentrale og grunnleggende elementer i et helhetlig omsorgstilbud. En slik satsing vil kreve større tverrfaglig bredde i omsorgssektoren, med større vekt på sosialpedagogikk, ergoterapi, fysioterapi og sosialt arbeid."*

### Institusjonane

Mål:

- Slutføre og implementere tiltaka utarbeidd i prosjektet *Saman om ein betre institusjon*.
- Omsorgen skal være basert på kjennskap og kunnskap om den enkelte pasient.

Tiltak:

- Tettare oppfølging for å få prosjekta til å gå
- Formidling av fokusområda via alle treffpunkt med personalet ved institusjonen
- Legge til rette for sosiale møteplassar for pasientar og tilsette
- Fortsette samarbeidet med tillitsvalte, vernetenesta, Arbeidsmiljøgruppa og Kvalitetsgruppa ved institusjonen.
- Meir fokus på primærpleie
- Ta i bruk nytt skjema og sjekkliste ved innkomst til institusjonen gjeldande for pasientforløp.
- Tettare samarbeid med pårørande

### Vurdering:

Etter at utviklingsprosjekta er gjennomførte var det i 2015 meir fokus på å implementere prosjekta. Vi arbeidde med å synleggjere gevinstane i siste halvdel av 2015.

Utviklingsprosessen har hatt fokus på ei sterk involvering og medverknad frå alle tilsette.



## Heimeteneste og rehabilitering

Mål:

- Heimetenesta skal vere ein pådrivar og ressurs i arbeidet med å utvikle gode pasientforløp etter metoden HPH – ”Helhetlige pasientforløp i hjemmet”, i tråd med intensjonen i Samhandlingsreforma.

Tiltak:

- Fortsette arbeidet som ansvarleg for opplæring av prosessrettleiarar i SiO.
- Halde kontakten med NTNU i arbeidet med utviklinga av HPH.
- Vere aktiv når det gjeld å formidle oppnådde resultat i utviklinga av pasientforløp til aktuelle samarbeidspartnarar.
- Kople e-meldingar til HPH.

### Vurdering:

Heimetenesta har delteke i ulike nettverksamrabeid innanfor velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering. Vidare set vi gang eit samarbeid i lag med kyrkja der namnet er på prosjektet er «Samhandling på siste vakt». Vi deltek i eit europeisk forskingsprosjekt som heiter SUSTAIN. Alle desse nettverka og prosjekta er finansiert av eksterne midlar. Alle prosjekta blir kopla saman med HPH slik at vi får implementert erfaringane frå nettverka og prosjekta inn i dagleg drift.

## NAV

Mål:

- Bidra til tverrfagleg og heilheitleg bistand til personar som har behov for det.

Tiltak:

- Deltaking i dei samarbeidsfora det er behov for.

### Vurdering:

Gjennomført. Har fungert bra.

## Satsingsområde 6: Tettstads- og arealutvikling

Vi skal bidra til å sikre at innbyggjarane kan få bu i eigen heim så lenge dei sjølv ønskjer det. Dette krev god balanse mellom det kommunale tenestetilbodet innan helse og sosialsektoren. Då stadig fleire ønskjer å bu heime så lengje som mogleg, bør heimetenestene styrkjast. Det bør leggjast til rette for bygging av omsorgsbustader til ulike grupper. Behovet for bustad gjeld brukarar både innan psykiatrien, rusomsorga, habilitering og andre grupper som har vanskeleg for å komme inn på bustadmarknaden. Det er behov for heilsakleg planlegging, der ein m.a. ser på oppfølging i bustadene for fleire grupper under eit.



## Felles helse og omsorg

Mål:

- Betre tilpassa bygningsmasse til framtidas tenester og omsorgsbehov.

Tiltak:

- Mulighetsstudie helsehus

Utrede to alternativ:

- Lokala til BOA, Obs-posten, Rehab og dagsenteret – bør vurderast ombygd til helsehus. Det vil vere behov for utviding av arealet i høve til i dag, då heimetestene bør flyttast hit. Lokala til heimetenesta – kan bli vurdert omgjort til omsorgsbustader (bufellesskap eller dagtilbod for demente).
- Bygging av nytt helsehus.

## Vurdering:

Ikkje gjennomført i 2015. Det er avsett midlar til mulighetsstudie i 2016.

## Helse og familie

Mål:

- Skaffe eigna bustader til grupper med særlege behov – blant desse ungdom med særskilte behov, personar med psykiske vanskar og lidingar, personar med rusproblematikk.
- Dagsenteret innan psykisk helse blir ferdig. Planlegge oppstart av drift.
- Planlegge og legge til rette for byggestart av 4-6 bustader med personalbase for personar med psykiske vanskar og lidingar, jf. Bustadsosial handlingsplan.
- Planlegge utbygging av ungdomsbustader.

## Vurdering:

Nytt dagsenter på Sommerro står ferdig hausten 2015, men det er ikkje økonomi til å etablere eit fast dagtilbod for brukarar med psykiske vanskar og lidingar. Planlegging av bustadbygging for særskilte grupper har ikkje vore prioritert i 2015, da ein skal starte arbeid med å utarbeide ei overordna bustadpolitisk plan som omfattar kommunen sitt totale bustadbehov.

## Institusjonane

Mål:

- Utvikle tenestene våre til eit meir variert tenestetilbod
- Betre bruk av ressursar



Tiltak:

- Ombygging av arealet på skjerma eining slik at ein kan ta i bruk forsterka skjerming når det er naudsynt
- Større fokus på palliativ pleie. Eit av romma ved obs-posten er spesialtilpassa for å ta imot pasientar i sluttfasen av livet.

### Vurdering:

Tenestene blir meir samansette i framtida. Ein ønsker å fortsette det tette samarbeidet med primærhelsetenesta og heimesjukepleia. Ein ser nytten av eit moglegheitsstudie rundt Helsehus.

### Bu og aktivitet

Mål:

Samlokalisere og koordinere Bu- og aktivitetstenesta i det nye aktivitetshuset.

Tiltak:

- Sommerrotunet Aktivitetshus sto ferdig i desember 2015.
- Ny fellesbustad med 3 leilegheiter, med eit fellesareal, samt avlastningstilbod i ei leilegheit vil vere slutført i april/ mai- 2016.

### Vurdering:

Det har skjedd store endringar når det gjeld bygging i Bu- og aktivitetstenesta dei siste par åra. Våren 2013 sto ein bustad for 2 brukarar ferdig, Sommerrotunet Aktivitetshus sto ferdig desember 2015 og no i april/ mai står ny fellesbustad med 3 leilegheiter og avlastingsleilegheit klart. Det som var måla i Bustadsosial handlingsplan 2011- 2015 er no fullført for Bu- og aktivitetstenesta, noko vi er svært nøgd med og som kan gje eit bra løft for både brukarar og personale.

### NAV

Mål:

- Bidra til å sette fokus på behovet for korttids - og langtidsbustader for dei brukarar som står utan bustadtildelning.

Tiltak:

- NAV Surnadal skal delta i de aktuelle samarbeidsfora ved behov.

### Vurdering:

Det vart i gangsatt eit arbeid for å etablere ei arbeidsgruppe som skal jobbe tverrfagleg med tildeling bustadar.



Surnadal kommune har ikkje fast tilbod om midlertidig bustad, dette har vore etterspurt lenge.

### 3. Kvalitetsarbeid

Særskilde område det vil bli arbeidd med i 2015.

#### Felles helse og omsorg

Mål:


- Alle tilsette skal kunne bruke kvalitetssystemet.
- Sørgje for tilfredsstillande informasjonssikkerheit i medhald av lovverket ved behandling av helse-, og personopplysningar.

Tiltak:

- Opplæring i nytt elektronisk kvalitetssystem.
- Arbeide med kvalitet gjennom dokumentasjon, avviksregistrering, avviksbehandling og risiko- og sårbarheitsanalyser.
- Implementere "Norm for informasjonssikkerhet" gjennom dokumentasjon av roller, ansvar, mynde og handtering av helse-, og personopplysningar , samt opplæring av tilsette.

#### Vurdering:


Det har vore arbeidd jamt og trutt med innføring av det nye kvalitetssystemet. Gjeldande rutiner er gjort tilgjengeleg i systemet, og det er arbeidd med å utvikle nye innan prioriterte område. Melding av avvik gjennom kvalitetssystemet ser etter kvart ut til å fungere. Det blir og arbeidd aktivt med å lukke avvika i etterkant. Tabellane nedanfor syner ei oversikt over totalt meldte avvik innafor området i 2015.



Totalt vart det meldt 522 avvik innafor Helse og omsorg i 2015. Av desse er 460 avvik registrert lukka ved utgangen av året. Melde avvik i hove teneste/brukarar utgjer ein stordel



av dei meldte avvika. Tabellen nedanfor syner kva type avvik det dreier seg om.



Det er gjennomført eitt statlege tilsyn i 2015 i samband med bruk av tvang og makt i bu og aktivitet.

## Institusjonane

Mål:

- Institusjonane vil gjennom å implementere tiltaka etter utviklingsprosjektet *Saman om ein betre institusjon* vidareutvikle kvaliteten på tenestene.

Tiltak:

- Utvikle kvalitetsprosedyrar i kvalitetssystemet, gjere dei kjent ved Institusjonane og utføre tenestene i tråd med kvalitetsstandardane.

## Vurdering:

Sjå merknad under felles for helse og omsorg.

## Bu og aktivitet

Tiltak:

- Årleg funksjonskartlegging av brukarane, og eventuelt fornying og oppdatering av vedtak, slik at ein får synleggjort behov og utfordringar i bustadane.
- Strategisk kompetansekartlegging innafor helse- og omsorg. Fokus på kompetanseutvikling, rekruttering og deltidsstillingar.
- Innføring og gjennomføring av Rosanalyse i eininga
- Innføring av bruk data for å melde avvik i kvalitetssystemet

**Vurdering:**

Alle brukarane har fått oppdatert sine vedtak for 1- 2 år sidan og ein er no i gang med ei ny oppdatering for å få synleggjort behov og utfordringar i bustadane.

Sjølv om det ikkje har vore gjort ei strategisk kompetansekartlegging, har vi hatt fokus på kompetanseutvikling, rekruttering og deltidsstillingar. Eit resultat av komptanseplanlegging og rekruttering, vil vi no til våren få ferdige fleire som har gått vernepleiarutdanning både på deltid og heiltid. Dette har og vore i eit samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. I samband med kompetanseplanlegging, vil vi og framleis prioritere å få utdanna fleire vernepleiarar som grunnutdanning, men og ei satsing på vidare og masterutdanning. Målet er og å få fleire til å ta fagbrev i helse- og omsorg.

Det har vore gjort ei Rosanalyse innan eininga som heilheit og i kvar enkelt bustad for ca. 1 år sidan. Vi vil no i 2016 gjere ei ny Rosanalyse for å sjå om det har vore endringar.

Det vart og innført føring av avvik av den enkelte arbeidstakar direkte i kvalitetssystemet for vel eit år sidan.

I 2015 har det vore 314 meldte avvik, innanfor områda Helse, miljø og tryggleik, organisasjon/internt og teneste overfor brukarar. Under ligg ein statistikk frå 2012 og 2015. Statistikken tilbake til 2012, som viser at antall meldte avvik har gått kraftig ned.

**Status HMS- avvik frå 2012:**

	Vold som slag, klor, spark, spytting, bitt m. m.	Verbal trussel, trakkassering, skriking m.m.	Slag våpen, stikkvåpen etc. (kasting av gjenstand)			
	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Bustad	575	1204	89	392	21	85

Statistikk meldte avvik 2015 Bu og aktivitet:

Statistikkresultat			
Alvorsgrad	Tal avvik	Kategoriar	
Låg	212	Helse Miljø og Tryggleik	78
		Organisasjon/internt	39
		Teneste/brukar	112
Middels	80	Helse Miljø og Tryggleik	10
		Organisasjon/internt	10
		Teneste/brukar	66



Høg	22	Helse Miljø og Tryggleik	10
		Organisasjon/internt	4
		Teneste/brukar	12

Det kan ligge fleire årsaker til at meldte avvik har gått ned, men vi veit at det vart ei bevisstgjering i personalgruppa, medan vi heldt på med Rosanalyse. Med bruk av elektronisk avviksmelding, har og personalet vorte meir beivist på kva slags rolle dei sjølv har i forhold til målretta miljøarbeid. Det har og vore kurs i forhold kva som verkar førebyggjande for å finne gode alternative tiltak. På enkelte av bustadane har det og vore auka kompetanse mellom anna med fleire med 3 årig helse- og sosialfagleg utdanning.

## 4. Utfordringar

### Helse og familie

Rekruttering av psykolog, fastlege og kommuneoverlege blir ei utfordring også i 2016. Det er vanskeleg å få søkerar til desse stillingane.

Nye retningsliner og krav frå staten om auka innsats i skulehelsetenesta og innan svangerskaps - og barselomsorgen, gjev oss store utfordringar ressursmessig. Vi har totalt 2,4 helsesøsterårsverk. Normtal frå staten når det gjeld helsesøsterårsverk tilseier 3,2 årsverk for Surnadal. Helsestasjonen sitt arbeid innan miljøretta helsevern, arbeid med flyktninger og administrasjonstid for leiande helsesøster er ikkje med i normtalet. I statsbudsjettet er det lagt inn ei styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta i dei frie inntektene til kommunen på kr. 435 000 i 2015 og kr. 748 000 i 2016 (grønt hefte). Kommunen har ikkje prioritert å bruke desse midlane til å styrke tenesta. Med eit krav om reduksjon i budsjettetramma for 2016, tilsvarande ei stilling for eininga, vil vi ikkje vere i stand til å oppfylle dei forventningane til auke i tenestevolum og kvalitet som staten og brukarane ventar.

### Institusjonane

I 2015 har ein fått pussa opp fleire av pasientromma. Det er likevel eit kontinuerleg behov for oppussing av bygningsmassen ved sjukeheimen. Det er behov for skifte av ein del inventar og utstyr. Problema kring ventilasjon er enno ikkje utbetra. Ny tørketrommel på vaskeriet vart innkjøpt utan at dette var budsett. Ny klesrulle vart kjøpt inn etter å ha fått ekstra midlar.

2015 vart eit spesielt år da ein i lange periodar opplevde at ein hadde ledige plassar ved institusjonen. Tilpassing av behov for plassar vart igangsett. Frå august var det 8 pasientar ved Stangvik aldersheim. Bemanninga vert redusert med 1,5 årsverk for 5 månadar i 2015. Avklaringa rundt framtidas bruk av Stangvik aldersheim resulterte i at 8 gjenverande pasientar skulle flytte til sjukeheimen.



I siste halvdel av 2015 vart det behov for å bemanne opp forsterka skjerma eining.

Det har vore ei utfordring å synleggjere måla og gevinstane med prosjekta i utviklingsprosessen for personalgruppa. Dette ser vi tross at medbestemming har vore eit satsingsområde gjennom heile prosjektperioden. Utviklingsarbeid er, og vil vere, krevjande og dette har gjort at enkelte ikkje har delteke i den grad ein skulle ønske. Ein ønsker derfor å halde ein fagdag for alle tilsette ved institusjonen i løpet av 2016 der fokuset er medverknadrett og medverknadsplikt.

Rekruttering av fagfolk er eit viktig arbeid. Vi har kontinuerleg fokus på områda heiltidskultur, nærvær, omdømme og auka kompetanse. Fokusområda har vorte vidareført i form av internundervisning, veiledning, refleksjon, gruppearbeid under personalmøter m.m

Arbeidet med pasientforløp har kome i gang. Til no har ein ved institusjonen konsentrert seg om felles mal over innkomstrutinar. Etter kvart ser vi for oss å utvide arbeidet til å gjelde forløp gjennom heile institusjonsopphaldet.

### Bu og aktivitet

Tenestene innafor Bu - og aktivitetstenesta er lovpålagte tenester. Dei siste par åra har vi fått stadig press på våre tenester for å yte tenestetilbod til nye brukarar der nokre av dei er i "gråsone" mellom tenestene i kommunen. Dette dreier seg om brukarar som for eksempel vanskeligstilt ungdom eller problematikk innafor rus og psykiatri, samt brukarar med kognitiv svikt. Vi yter allereie i dag tenester til brukarar som ikkje bur i ein av fellesbustadane. Tenestetilbodet til «gråsone» brukarane er i eit nært samarbeid med spesielt Heimetenesta.

Vi har ikkje klart å få til noko ambulerande team, som vi hadde som mål i 2015, men tenestetilbodet til «gråsonebrukarar», vanskelegstilt ungdom, brukarar med rus og psykiske utfordringar, er det eit nært samarbeid med Heimetenesta, NAV og Helse og familie. Ei utfordring er at det framleis er litt uklart kven som har ansvaret for denne gruppa av brukarar. Det er starta opp eit arbeid med utarbeiding av ei plan for psykisk helse og rus, der eit av måla må vere å avklare dette.

### Heimeteneste og rehabilitering

Heimetenesta har etter innføringa av Samhandlingsreforma i januar 2012, fått auka pasienttal med 20%. Kompleksiteten i behandlinga har auka, og pasientane kjem raskare heim frå sjukehus. For å imøtekommе dette har vi styrka grunnbemanningsa ute i direkte pasientretta arbeid med over eitt årsverk. Ei styrking av utviklingsarbeidet og ei modernisering av lokaletilhøva er nødvendig for at Heimetenesta skal kunne tilby behandling og observasjon i heimen til pasienten på ein forsvarleg og effektiv måte.

Vi har ikkje styrka grunnbemanningsa i året som gjekk, og det er ikkje gjort noko med lokaletilhøva i heimetenesta.



Heimetenesta blir lagt merke til utanfor Surnadal kommune og har tilsynelatande eit godt omdømme i kommunen.

I 2015 delte Heimetenesta einingsleiar med Bu- og aktivitetstenesta fram til 01.06.15. Med einingsleiar som var mindre tilstade, vart det arbeidd mindre med utviklingsarbeid. Frå 01.07.15 vart Heimetenesta utvida med rehabiliteringsavdelinga som kom frå Helse og rehabilitering. Arbeidet med å samkjøre den nye eininga Heimeteneste og rehabilitering har vore ressurskrevjande arbeid i siste halvår av 2015.

## NAV

Stillinga som gjeldsrådgivar er finansiert i eit prosjekt, saman med Rindal og Halsa, men frå 2016 må kommunane finansiere stillinga sjølv. Det ligg ikkje midlar til ei slik stilling inne i budsjettet no. Det bekymrar oss med tanke på eit auka behov for gjeldsrådgiving siste år.

Prosjektet var avslutta i 31.12 2015, stillinga er vidareført som fast ordning frå 2016. Sluttrapport frå stillinga vert ferdig innan 31.03 2016 og vert lagt fram til kommunestyret.

## 5. Rådmannen si vurdering

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2014
Helse og familie	21 388	20 544	844	29 897
Institusjonane	54 626	56 572	- 1 946	53 329
Bu og aktivitet	45 267	42 134	3 133	39 892
Heimeteneste og rehabilitering	30 630	30 732	-102	27 070
NAV	4 696	5 634	-938	4 867

### Vurdering:

#### Helse og familie

Utfordringane innan Helse og familie skuldast auka utgifter på legetenestene og eit auka behov ved HIPS når det gjeld bemanning for ein av våre brukarar. Tenestene elles ser ut til å gå i balanse når det gjeld rekneskapen. Eininga har i 2015 gått med redusert bemanning delar av året på fleire område, så som kommuneoverlege, psykolog, folkehelsekoordinator og ergotapi. Dette har sjølvsagt betydning for tenestene og det har vore ei streng prioritering i høve løysing av oppgåver.



## Institusjonane

På bakgrunn av gjennomgang av rekneskapstala, såg det pr. 2. tertial ut for at institusjonane skulle greie å halde råma dersom det ikkje oppstod noko uforutsett ut året. Institusjonane hadde ledige plassar ved institusjonane i haust. Det var redusert drift ved Stangvik Aldersheim, der det hausten 2015 var 8 pasientar, og 8,5 årsverk. Det har vore fullt belegg ved langtidsavdelingane, og det har vore gjeve korttidsopphold / avlastning til alle som har hatt behov for det. Alle utskrivingsklare pasientar har fått sjukeheims plass når det har vore behov for det. Det knytte seg ein del usikkerheit til brukarbetalinga med redusert drift, men det har vore arbeidd aktivt med å styre bemanninga etter behovet ute i dei ulike avdelingane, der det har vore fokus på å gje faglege forsvarlege tenester.

## Bu og aktivitet

Bu og aktivitetstenesta såg før jul ut til å gå mest i balanse når det gjeld rekneskapen for 2015, etter å ha fått tilført midlar i samband med budsjettregulering i løpet av året, samt iverksetting av innsparingstiltak. Eit tilhøve som eininga sjølv ikkje hadde høve til å påverke på tampen av året, var at pensjonskostnadene for Surnadal kommune gikk såpass mye ned for 2015. I utgangspunktet svært positivt for Surnadal kommune, men for Bu og aktivitetstenesta førte dette i neste omgang til at kostnadsberegningsgrunnlaget for beregning av inntekter på ressurskrevende helse- og omsorgstjenester for 2015 gjekk ganske mye ned. Redusert pensjonskostnad blir ført til inntekt på ein sentral post, men tapt refusjon blir ført på eininga. Dette åleine utgjer ein reduksjon i inntekt på over 2,5 mill. I tillegg har auke av innslagspunktet og redusert inntektene i rekneskapen for 2015.

## Heimeteneste og rehabilitering

Rekneskapen for 2015 syner at eininga har hatt god budsjettkontroll i 2015. Men behovet for tenestene har auka, og kompleksiteten i tenesteytinga har auka. Dette har vore krevjande, noko som kanskje har gjeve seg utslag i auka sjukefråvær? Eininger har satsa på gode system for oppfølging av pasientane, fagutvikling og kompetanseheving. Dette har vore rett og nødvendig. Likevel ser ein at grunnbemanningsa er for knapp. Det har i fleire år stått i ulike dokument at heimetenestene bør styrkast, men i praksis har det vore ei nedbemanning innafor denne tenesta.

## NAV

Rekneskapen for 2015 syner at eininga har hatt god budsjettkontroll i 2015. Ei stilling har stått vakant store delar av året i samband med ein permisjon, men eininga signaliserer at denne stillinga er det absolutt behov for. Stillinga som gjeldsrådgjevar har vore dekt gjennom tilskott i 2015, dette tilskottet fell bort i 2016.



# IK Barnevern

## 1. Aktivitet

### Ansvar 540 Barnevern

Frå 1. september 2010 vart det etablert ei interkommunal barnevernsteneste mellom Halsa, Rindal og Surnadal. Surnadal er vertskommune for tenesta. Hovudoppgåva til eininga er å sikre at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og tilhøve deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, og medvirke til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.



## 2. Satsingsområde

### Satsingsområde 2: Barn og unge sine oppvekstvilkår

Mål:

- Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel. Barnevernstenesta skal vere med å sikre gode overgangar frå barn til vaksenliv.

Tiltak:

- Evaluere arbeidet med "tidleg tverrfagleg innsats med fokus på barn i alderen 0 - til 5 år. Arbeide vidare med innføring av same tiltak i Halsa og Rindal
- Arbeide for gode og koordinerte tiltak for barn som bur heime saman med forelder.
- Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet internt i dei tre kommunane.
- Sikre god oppfølging og kontroll av barn som er plassert i tiltak utanfor heimen.
- Etablere gode samarbeidsformer mellom dei ulike tenesteområda i familiens hus.
- Etablere gode samhandlingsformer med Bufetat og barne- og ungdomspsykiatrien.
- Etablere felles barnevernsvakt for Halsa, Rindal og Surnadal

### Vurdering:

Evaluering av tidleg tverrfagleg innsats er gjennomført. Tiltaket er etablert i alle barnehagar. Det er etablert ansvarsgruppemøter for å sikre god oppfølging av barn med hjelpetiltak og av barn plassert i tiltak utanfor heimen.

### Satsingsområde 5: Kultur – omdømme – identitet

Det blir viktig for den interkommunale barnevernstenesta å arbeide med kulturbygging for å skape ein felles vi - kultur.

Mål:

- Den interkommunale barnevernstenesta skal være synleg i alle kommunane.

**Tiltak:**

- Sikre god informasjon til befolkninga.
- Arbeide for at tenesta skal vere lett tilgjengeleg.
- Faste kontordagar i Halsa og Rindal.
- Drive med informasjon retta ut om tenesta til samarbeidspartnarane.

**Vurdering:**

Dei tilsette deltek jamleg i ulike samarbeidsforum for å informere om tenesta. Det er i 2015 etablert samarbeid med tannhelsetenesta og utvikling av prosedyrar for melding til barnevernet. Det er sett opp turnus for å sikre kontinuitet ved kontora i Halsa og Rindal. Stort arbeidspress har i periodar ført til at kontora ikkje har vore betjent.

**3. Kvalitetsarbeid**

Særskilde område det vil bli arbeidd med i 2015.

**Mål:**

- Auke den faglege kompetansen i akutt arbeidet og i saker med vald og overgrep
- Auke den faglege kompetansen i evaluering av tiltak.
- Styrke rettstryggleiken i saksbehandlinga.
- Utrede etablering av barnevernsvakt for Halsa, Rindal og Surnadal.

**Tiltak:**

- Rettleiing på dei ulike fagområda er iversett og vil halde fram i 2015.
- Arbeidet med utvikling/opplæring av Kvalitetslosen.

**Vurdering:**

Avtale om vaktberedskap etter kontortid vart etablert frå 1. mai 2015 og ivaretok beredskapen gjennom heile året. Det førebyggane arbeidet har blitt styrka på systemnivå. I 2012 ble tverretatleg team etablert beståande av psykolog, helsestasjon, PPT og IK barnevern etablert, teamet oppsøker alle barnehagar i kommunane og drøfter ulike problemstillingar – rett hjelp til rett tid. I 2015 starta prosjekt» God Oppvekst, forankra i PPT der også IK barnevern og helsestasjon deltek. Målet er å gjere barn best mogleg rusta til å mestre eigne liv. Kompetansetiltak er gjennomført på dei planlagte satsingsområda.

## 4.Utfordringar

- Auka behov for tidleg innsats.
- Tilgang på målretta tiltak.
- Auka kommunalt ansvar på barnevernområde.
- Beskytte barn som vert utsett for omsorgssvikt mishandling og overgrep.



## 5. Rådmannen si vurdering

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2014
IK Barnevern	8963	9236	273	9509

#### Vurdering:

Rekneskapen for 2015 syner at eininga har hatt god budsjettkontroll i 2015. På grunn av permisjonar og sjukefråvær har det vore redusert bemanning i løpet av året, så arbeidspresset har vore jamt høgt.

## Teknisk

### 1. Aktivitet

Dei viktigaste lovverka som blir nytta innafor teknisk sektor er :

- Plan - og bygningslov med forskrifter
- Brann - og eksplosjonsvernlova
- Forurensingslova
- Naturmangfaldlova
- Jordlov, skoglov og konsesjonslov
- Matrikkellova
- Veglova
- Vegtrafikklova

#### Kommunalteknikk

##### Vassverk

Vedlikehald og drift av:

- 14 kommunale vassverk, kor 9 av desse er godkjenningspliktige.
- 251.000 meter med vassleidningar.
- 14 stasjonar for trykkauke.

##### Avløp

Vedlikehald og drift av:

- Eitt mekanisk reinseanlegg (silanlegg) på Syltøran.



- 158.000 meter med avløpsleidningar.
- 14 store kommunale slamavskiljarar
- 25 avløppspumpestasjonar

### Slam

Privat entreprenør tek seg av tömming av:

- 1222 private slamavskiljarar for heilårsbustader.
- 315 private slamavskiljarar for fritidshus/hytter.

### Kommunale vegar og parkar

Vedlikehald og drift av:

- 93 km med kommunal veg, av dette 56 km med fast dekke.
- 15 km med gang- og sykkelvegar/fortau.
- Parkanlegg på Skei samt miljøgata.
- 840 lyspunkt/gatelys.

### Renovasjon

Frå 01.07.2010 har Hamos teke seg av all organisering avrenovasjon for:

- Alle heilårsbustader i kommunen.
- 1410 ab. med hytte/fritidshus.
- 7 returpunkt for glas/metallemballasje.
- 1 miljøstasjon (Syltøran).

### Hamna

- Industrikaia i Røtet (drifta av Kristiansund og Nordmøre Hamn IKS, Surnadal Kommunen har daglig tilsyn og assisterer ved behov).

### Brann- og Feiarvesen

- Brannvesenet har tre brannkorps med til saman 32 brannmenn.
- Brannvernet organiserar også feiing, førebyggande tiltak og tilsyn.
- Samarbeid med Rindal om bl.a. felles brannsjef.

Forutan vedlikehald og drift er eininga ansvarleg for ei rekke investeringsprosjekt innan dei same tenestene, samt utbygging av nye bustadfelt.

## Areal- og naturforvaltning

### Bygg og miljø:

- Behandlar byggesaker, delingssaker, plansaker med endringar og revisjonog dispensasjon etter plan- og bygningslova.
- Gjennomføre tilsyn i byggesaker.
- Utarbeider egne planer.



- Ajourføring av kart – digitale kart som blir tilgjengeleg for alle.
- Behandle saker om motorferdsel i utmark .
- Vassdrags og miljøforvaltning.

#### Landbruk:

- Oppfølging, forvaltning og drift av mange tilskottsortningar i landbruket.
- Rådgjeving og oppfølging av landbruksaktørar innan skog- og landbruk.
- Næringsutvikling og vidareutvikling innan landbruksnæringa.
- Samlining mellom landbruk og andre ansvarsområde o kommunen..

#### Skogbruk:

- Skog- og skogreising – Forvaltning av tilskott til skogsbilvegar og traktorvegar.
- Forvaltning av tilskott til skogkultur, skogsbilvegar og traktorvegar.
- Viltzemnd – oppfølging og drift av viltzemndna sitt arbeide.
- Viltfond – forvaltning av viltfondet.

#### Eigedom

Eigedomsavdelinga har som oppgåve å drifta kommunale bygg (ca. 45.000 m<sup>2</sup>) og anlegg, og i den forbindig er det ei rekke lover, forskrifter og normer vi må retta oss etter.

Det aller meste innafor Eigedomsavdelinga vært styrt ut frå plan og bygningslova samt arbeidsmiljølova, som vel er gjengs for alle.

Ved at vi driftar kommunale bygg som skuler, barnehagar, og andre bygg det oppheld seg menneskje i, er bla. forskrifter og normer som regulerer inneklimaet viktige og retta seg etter. I den samanheng kan nemnast:

- Reinhald
- Luftkvalitet(ventilasjonsanlegg med spesifikke krav)
- Lys(krav til vindaugeareal og belysning)
- Lyd (krav til overflatar, og ekstratiltak ved behov)
- Varme (varmekjelder som gjev nok varme, og samtidig er energieffektiv).

Drifting av uteanlegga, her under tilsyn og reparasjon av leikeapparat er også eigedom sitt ansvar, og her er vi underlagt "leikeplasskontrollen" med dei forskrifter og normer som gjeld for leikeplassar og leikeapparat.

Dette er ei krevjande oppgåve, for apparata får tøff medfart, så å halde dei i forskriftsmessig og sikker stand krev mykje arbeid.

I tillegg til dette har eininga ansvaret for:

- Utleige av kommunale bustader, samt vedlikehald av desse.
- Etablering og utleige av flyktningebustader.
- Planlegging av byggeprosjekt.
- Byggeleiing av eigne byggeprosjekt.



- Forsikringsansvar for ting og eigedom.

### Særskilde fokusområde i 2015

- Planlegge vassforsyninga til Kvanne og Stangvik.
- Sentrumsplanen.
- Tilrettelegge for nye bustadfelt.
- Energisparekontraktar for kommunale bygg.
- Vurdering av kommunale vegar.

## 2. Satsingsområde

### Satsingsområde 1: Befolkningsutvikling og kompetanse

Tilrettelegging av nye bustadfelt. Det er fortsatt gledeleg stor aktivitet med bygging av hus både i Svartvatnet og på Stormyra. Kommunen må etter kvart tenke på nye felt også i sentrum. Men like viktig er det å gjennomføre prosessane med regulering av felt ute i grrendene.

#### Kommunalteknikk

Mål:

- Oppretthalde eit godt brann- og feiarvesen i kommunen.
- Ytterlegare kompetanseheving av brannmannskapa.

Tiltak:

- Div. lovpålagt kompetanseheving, som opplæring/utdanning av overbefal, grunnkurs for brannkonstablar, kl.2-sertifikat for utrykkingskjøretøy, befalskurs 1 for utrykkingsleiarar o.a.
- Auke øvingsfrekvensen.

#### Vurdering:

Det har ikkje vore tilstrekkeleg økonomi for å starte med utstrakt opplæring/utdanning og heller ikkje auka øvingsfrekvensen.

#### Areal- og naturforvaltning

Mål:

- Auka busetting og befolningsvekst.
- Utvikle gode bumiljø.

Tiltak:

- Utarbeide nye bustadfelt i sentrum og i grrendene.
- Målretta marknadsføring av bustadfelt.



### Vurdering:

Arbeid med kommuneplanen har hatt fokus.  
Nettsider med info om kommunale bustadtomter.

### Eigedom

Mål:

- Ha attraktive kommunale tenester deriblant kommunale bygg og anlegg.
- Tilby attraktive jobbar.

Tiltak:

- Ha fornuftige og framtidsretta bygg, samt ressursar til riktig og godt vedlikehald.
- Dagens bygg krev driftspersonell med kompetanse.

### Vurdering:

Ressursane til vedlikehald av våre bygg har minka siste åra, noko som gjær at vi får eit stadig større etterslep på vedlikehaldet.

Dette kan ikkje fortsette, for då kan vi få nokre «bomber» framover.

### Satsingsområde 2: Barn og unge sine oppvekstvilkår

Innanfor teknisk sektor er det trafikksikring som er dei viktigaste tiltak for å trygge barn og unge sine oppvekstvilkår. Bygging av gang – og sykkelvegar og sikre skulevegane er prioriterte tiltak. Utvikle gode og trygge buminiljø.

### Kommunalteknikk

Mål:

- Hindre ulykker for både kjørande og mjuke trafikantar.

Tiltak:

- Gjennomføre tiltak i trafikktryggingsplana.
- Prioritere tiltak innom den økonomisk ramma for å hindre ulykker, for eksempel kantklipping (spesielt i kryss), strøing, snøbrøyting, fartsgrenser o.a.
- Vurdere nedklassifisering frå kommunal til privat veg, for på den måten å kunne vedlikehalde "resten" på ein tilfredsstillande måte.

### Vurdering:

Øye skule innkjøring vest er ferdig bygd med fortau, «kiss and drive» og gatelys.  
Sak vedr. nedklassifisering frå kommunal til privat veg er ferdig og klar til handsaming i politiske fora

### Areal- og naturforvaltning

Mål:

- Utvikle gode buminiljø.



- Sikre gang – og sykkelvegar med reguleringsplan.

Tiltak:

- Betre medverknad i plan – og større byggesaker.

### Vurdering:

Eininga har delteke i ungdomsskulen sin gründercamp med oppgåve om Svartvatnet friområde. Det er og gjennomført plan- og byggesaksdag for elevar ved svgs byggfag.

### Eigedom

Mål:

- Kommunale bygningar/anlegg med god kvalitet.
- Ha uteområde kring barnehagar og skular som fremmer trivsel og fysisk aktivitet.

Tiltak:

- Godt planlagde bygg med ditto vedlikehald.
- Planleggja gode uteområde med fornuftige leikeapparat.

### Vurdering:

Prøver å halde tritt med dei ressursane vi har.

Fikk etablert betre belysning av nokre uteareal ved Øye skuleområde i 2015.

Ved Evenshaugen barnehage blei både bygget og uteområdet renovert siste år, og det blei utført stort sett av egne mannskaper.

### Satsingsområde 3: Næringsutvikling

#### Areal- og naturforvaltning

Mål:

- Bidra til å vidareutvikle landbruksnæringa.
- Leggje tilrette areal for næringsutvikling.

Tiltak:

- Informasjons- og dialogmøte med landbruks næringa.
- Meir informasjon næringsareal på heimesida – byggesakshjelp.
- Bidra aktivt til informasjon til landbruksnæringa.

### Vurdering:

- Eininga har arrangert forhåndskonferansar for nye driftsbygningiar i landbruket.
- Medarrangør på Kløverstukveldar.



## Satsingsområde 4: Folkehelse og levekår

Surnadal kommune har 15 vassverk og forsyner omlag 75 % av innbyggjarane med drikkevatn. I tillegg er det mange bedrifter som er abonnentar som stiller strenge krav til stabilitet og kvalitet til vassforsyninga. Med stadig strengare krav til kvaliteten på drikkevatnet, er det viktig å sette av ressursar til drift og vedlikehald av vassforsyningsanlegga. Kommunen har ei stor satsing på tilrettelegging av bustader og bygg for personar med spesielle behov. Dagsenteret og bustadene på Sommerro er dei største.

### Kommunalteknikk

Mål:

- God og trygg vassforsyning.
- Hindre uønska kloakkutslepp – forureining.

Tiltak:

- Fortsette utskifting av därleg leidningsnett, spesielt 30 – 50 år gamle asbestcement-rør, som har vært årsak til mange leidningsbrot.
- Forsterka deler av leidningsnettet som pr. i dag har for därleg overføringskapasitet.
- Renovering/oppgradering/samanslåing av vassverk.
- Vurdere og evt. forsterke bemanninga innan veg, vatn og avløp; planleggjar og/eller formann.
- Ferdigstille hovudplan for vassforsyning.
- Starte arbeidet med ny hovudplan for avløp.
- Forsterke overføringsleidningar og pumpestasjonar for å hindre uønska overløp og forureining.
- Kartlegge tilstanden på avløpsforholda i andre delar av kommunen.

### Vurdering:

Skifta ut om lag 500 meter med gammal asbest-cement rør på Sylte i nedre Surnadal. Ny røyrledning vart lagt i ny og betre tracè.

Sikra vassforsyning til Surnadalsøra gjennom «styrt» boring under elva Surna.

Sikra vassforsyning over elva i Bæverfjord med «styrt» boring.

Etablert ny grunnvassforsyning ved Mo skule.

### Areal- og naturforvaltning

Mål:

- Gode levevilkår vil også si å bu godt og ha eit "levande" sentrum.

Tiltak:

- Delta aktivt med gjennomføring av sentrumsplana.
- Tilrettelegge bustadområde som kan redusere bruk av bil.



- Informasjon om universell utforming.

### Vurdering:

- Gjennom kommuneplanen er det forsøkt tilrettelagt for flere sentrumsnære bustadområde.
- Regularingsplan for sentrum er ikke vedteke.

### Eigedom

Mål:

- Alle kommunale bygg skal vere lett tilgjengeleg, ha gode løysingar og godt inneklima.
- Uteareal som fremmer trivsel og fysisk aktivitet.
- Gode idrettsanlegg/arenaer.

Tiltak:

- Gode prosessar i planlegginga av nye bygg.
- Oppgradering med EPC – kontraktar (energisparekontraktar).
- Godt planlagde og vedlikehaldne utomhusanlegg.

### Vurdering:

Det er tilrettelagt og driftet idrettsbygg og uteområder rundt om i kommunen som nyttes jamnleg.

### Satsingsområde 5: Kultur – omdømme – identitet

Teknisk infrastruktur er viktig for alle innbyggjarane i kommunen. Det blir til ei kvar tid stilt strengare krav til kvalitet på tenestene.

### Kommunalteknikk

Mål:

- Abonnentane og befolkninga elles skal oppfatte Surnadal kommune som ein påliteleg, ansvarsbevist og kvalitetsbevist leverandør av tenestene innan communalteknikk.

Tiltak:

- Yte best muleg service innan våre tenesteområde.
- Levere tenester med god kvalitet.

### Vurdering:

Spesielt har Gemini Varsling vorte eit nyttig verktøy for oss, for gjennom dette nettbaserte verktøyet å kunne varsle abonnentar/innbyggjarar om uønska hendingar og hendingar som vi planlegg og som har direkte innverknad på våre abonnentar.



## Areal- og naturforvaltning

Mål:

- Bevare eldre bygningsmasse, spesielt på Surnadalsøra og andre enkeltbygg og samlingar av bygg.

Tiltak:

- Tilby tenester til rett kvalitet.
- Effektivisere saksbehandlinga for å gi betre tid til rådgjeving.
- Leggje tilrette for vern ved bruk av bygningar.

### Vurdering:

- Saksbehandling av plan- og byggesaker er innan tidsfristane.
- Eininga har god dialog med huseigarar av bevaringsverdige bygningar. Viktig at kommunen har kompetanse både innan fagfeltet arkitektur og bygningsvern.

## Eigedom

Mål:

- Våre kulturarenaer/bygg skal holde god standard og være tilgjengeleg for publikum ved behov.

Tiltak:

- Sørgje for at driftspersonell har nødvendig tid og ressursar til å halde områda vedlike på ein tilfredstillande måte.

### Vurdering:

Meiner vi lukkast bra med dette med dei ressursar vi har.

## Satsingsområde 6: Tettstads- og arealutvikling

### Areal- og naturforvaltning

Mål:

- Skape auka trivsel og fleire handelstilbod og utvikle identiteten og attraktiviteten til sentrum.
- Få ungdom aktivt med i arbeidet.

Tiltak:

- Starte opparbeiding av ny sentrumsplan.

### Vurdering:

- Sentrumsplanen er ikkje vedteke. Det gjenstår politisk sluttbehandling.



### 3. Kvalitetsarbeid

Særskilde område det vil bli arbeidd med i 2015.

#### Kommunalteknikk

Mål:

- Innføre ny utarbeidd "*Plan for sikkerheit og beredskap i vassforsyninga*" i heile organisasjonen.

Tiltak:

- Informasjonsmøte og øvingar.
- IK – system for vatn og avløp.

#### Vurdering:

«Plan for sikkerheit og beredskap i vassforsyninga» vart revidert og sendt til definerte mottakarar.

#### Areal- og naturforvaltning

- Gode rutinar for sakshandsaminga.

#### Vurdering:

- Kvalitetssystem er ikkje teke skikkeleg i bruk.

#### Eigedom

- Fokus på universell utforming.

#### Vurdering:

Alt av nybygg og renovering har fokus på universell utforming.

### 4. Utfordringar

#### Kommunalteknikk

- Plankapasiteten er for låg.
- Rehabilitering og fornying av behandlingsanlegg for vatn.

#### Vurdering:

Hovudfokus på fornying av vassverk og spesielt ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik.

#### Areal- og naturforvaltning

- Plankapasiteten er for låg.
- Halde tidsfristane i plan – og byggesaker, inkl. oppmåling.



- Frigjøre tid til rådgiving innan plan, byggesak og landbruksaker.

**Vurdering:**

- Saksbehandlinga er gjort i tråd med gjeldande tidsfristar.

**Eigedom**

- Redusere arealet på kommunale bygg (sal).
- Nok midlar til vedlikehaldet av bygningane.

**Vurdering:**

Vi fikk solgt gamle brannstasjonen på Øra, og vi må ha fokus på å selje bygg vi ikkje har bruk for.

Vi må og arbeida for å få avsett meir midlar til vedlikehald av eksisterande byggmasse. I dag er det i realiteten ikkje midlar til vedlikehald, men berre til drift.

## 5. Rådmannen si vurdering

Det er viktig å få gjennomført ei vurdering på kva vegar som kommunen skal ha vedlikehaldsansvaret for. Ut frå budsjettet er det viktig å få til eit vedlikehald av vegane som kan gi god trivsel og forsvare trafikktryggleiken.

Innanfor feltet vassforsyning er det no trekt ein konklusjon på at vatn frå Fauskåa skal forsyne Kvanne og Stangvik i framtida. Dette vil vere eit stort løft som vil krevje god planlegging og som vil føre til auke i vassavgiftene.

Sentrumsplanen er enno ikkje godkjent og dette arbeidet må prioriterast neste år slik at vi har ei godkjent reguleringsplan for sentrum. Det er vidare mange fagplanar som må reviderast. Tyngda i investeringar i energisparekontraktane kjem til neste år. Sparte energiutgifter vil først komme i seinare år.

**Økonomiske rammer**

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2014
Kommunalteknikk	14 293	15 038	-745	10 350
Kommunalteknikk VAR	-3 156	-2 496	-660	-2 424
Areal og naturforvaltning	6 545	6 502	43	6128
Eigedom	31 462	31 025	437	30 961



### Vurdering:

Sluttvurderinga av nedlegging av ein del kommunevegar ble ikkje gjennomført av ymse grunnar. Kommunalteknikk slit difor med å halde eit forsvarleg vedlikehald av kommunevegane med dei budsjetttrammer som er til disposisjon. Dette vil føre til ein betydeleg reduksjon i vegstandarden på sikt.

Gjennomføringa av ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik med Fauskåa som kjelde er sett litt på vent som følgje av budsjettsituasjonen. Det er heller ikkje gjennomført planarbeid på dette feltet i 2015.

Det er ikkje arbeidd med ny sentrumsplan i 2015 da ein har prioritert å fullføre arbeidet med arealdelen til kommuneplana først.

Arbeidet med energisparekontraktane kom seint i gang i 2015 på grunn av at entreprenøren som har kontrakt med fleire kommunar er kraftig forseinka.

Årsaken til det relativt store meirforbruket på communalteknikk skuldast to tilhøve. For det første er tilskottet til utbetringa på industrikaia belasta dette driftsbudsjettet med 1,0 mill. kroner. I tillegg er drift av det nye nødnettet ført her med kr 250 000,-.



## Investeringar

Nr	Eining / Prosjekt	Rekneskap 2015	Reg. budsjett 2015	Oppr.budsjett 2015
Ansvar:	100 RÅDMANN			
117	IKT – Orkidé	350 728	351 000	351 000
100	BILKJØP	174 204	200 000	200 000
161	IKT LØP Surnadal	0	400 000	400 000
	<b>Sum ansvar: 100 Rådmann</b>	<b>524 932</b>	<b>951 000</b>	<b>951 000</b>
	150 POLITISK VERKSEMD			
100	BILKJØP	173 066	200 000	200 000
	<b>Sum ansvar: 150 POLITISK VERKS</b>	<b>173 066</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>
Ansvar:	330 INSTITUSJONANE			
000	KLERULLE	117 280	0	0
	<b>Sum ansvar: 330 INSTITUSJONANE</b>	<b>117 280</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Ansvar:	350 HEIMETENESTE OG REHAB.			
100	BILKJØP	475 092	500 000	250 000
	<b>Sum ansvar: 350 HEIMETEN. OG RE</b>	<b>475 092</b>	<b>500 000</b>	<b>250 000</b>
Ansvar:	420 KOMMUNALTEKNIKK			
000	BYGGEFELT	0	200 000	1 000 000
000	KOMMANDOBIL	680 719	0	0
100	BRANNBIL	47 427	1 800 000	0
145	NØDNETT – KOMMUNALTEKNIKK	157 239	200 000	500 000
237	UTEOMR./PARKERING STANGVIK OS	0	200 000	200 000
409	OPPRUSTING KOMMUNALE VEGAR	0	0	1 000 000
412	TRAFIKKSIKRINGSTILTAK	10 145	0	0
432	STORMYRA II	102 830	0	0
434	BUHAGEN VEST/ ØYAGARDSLIA	0	0	1 500 000
437	SVARTVATNET FRI OMR / GANGVEG	222 570	0	0
441	KRÅKAUGEN BYGGEFELT	5 793	0	0
444	SOMMERØ INFRASTRUKTUR	390 375	378 000	0
445	SVISSHOLMEN FRILUFTSOMRÅDE <sup>1)</sup>	2 440 214	2 000 000	1 500 000
449	VEGKRYSS FLESAVEGEN	65 875	0	0
482	RØTET INDUSTRITOMTER	2 535 016	2 236 000	1 000 000
486	TRAFIKKPLAN ØYE INNKJ. VEST	865 957	800 000	500 000
487	GANGVEG/LYS, ØVRE MODALSVEGEN	1 310 965	900 000	200 000
000	HAMNEOMRÅDE/ UTVIDELSE KAI	0	0	2 000 000
491	GJERDE OG PORT I RØTET	647 286	1 000 000	0
	<b>Sum ansvar: 420 KOMMUNALTEKN</b>	<b>9 482 411</b>	<b>9 714 000</b>	<b>9 400 000</b>
Ansvar:	430 KOMMUNALTEKNIKK - VAR			
100	BILKJØP	395 062	350 000	350 000
451	FAUSKÅA VASSVERK	1 168 222	700 000	700 000
452	SÆTERBØ VASSVERK	212 701	300 000	300 000
458	MO SKOLE - VASSVERK	740 795	500 000	600 000
464	BELE VASSVERK BEHANDL.ANLEGG	0	500 000	300 000
465	KVANNE VASSVERK	49 565	0	0
467	KVANNE OG STANGVIK VASSVERK	19 813	300 000	500 000
472	SURNADALSØRA KLOAKK	458 651	200 000	200 000
476	DRIFTSOVERVÅKING – KLOAKK	0	100 000	100 000
	<b>Sum ansvar: 430 KOMM. TEKN VAR</b>	<b>3 044 810</b>	<b>2 950 000</b>	<b>3 050 000</b>



Ansvar:	440 AREAL- OG NATURFORVALTNING			
447	SKILTING - VEGADRESSERING	0	500 000	0
	<b>Sum ansvar: 440 AREAL- OG NATURF</b>	<b>0</b>	<b>500 000</b>	<b>0</b>
Ansvar:	460 EIGEDOM			
000	UTAN PROSJEKT (HUSKJØP)	3 955 072	4 049 000	0
100	BILKJØP	0	0	260 000
152	ENØK - ENERGISPAREKONTRAKT	250 000	2 500 000	4 900 000
243	NYE ØYE SKULE/FORPROSJEKT	1 552 425	1 300 000	800 000
245	RENOVERING EVENSHAUGEN B.HAGE	1 155 763	1 064 000	0
246	BRANNVARSL.ANLEGG IDRETTSH.	101 295	260 000	0
315	SOMMEROTUNET	20 825 941	23 571 000	17 000 000
316	BUSTAD FOR BRUKARAR	0	8 000 000	5 000 000
322	HELSEHUS	0	200 000	200 000
326	4-MANNSBUSTAD FOR BRUKARAR	5 965 377	0	0
327	FORSTERKA AVDELING-SJUKEHEIMEN	153 618	0	0
446	LAGER ØYE STADION	69 705	350 000	350 000
448	PARKERING - ØYE BARNEHAGE	94 563	0	0
	<b>Sum ansvar: 460 EIGEDOM</b>	<b>34 123 759</b>	<b>41 294 000</b>	<b>28 510 000</b>
Ansvar:	530 KYRKJELEG FELLESRÅD			
000	UTAN PROSJEKT	0	400 000	0
489	TAK STANGVIK KYRKJE	3 000 000	3 000 000	3 000 000
	<b>Sum ansvar: 530 KYRKJELEG</b>	<b>3 000 000</b>	<b>3 400 000</b>	<b>3 000 000</b>
	<b>Sum investeringar <sup>1)</sup></b>	<b>50 941 349</b>	<b>59 509 000</b>	<b>45 361 000</b>

1) Sum inkluderer kommunalt lån til Stangvik grendalag på kr 300.000

## Vurdering av investeringane

Rådmannen vil berre kommentere dei investeringane der det er stort avvik mellom budsjett og rekneskap.

### Ansvar 100 Rådmannen

Investeringa i IKT LØP (løn, økonomi og personal) er utsatt i påvente av avklaring for val av system.

### Ansvar 420 Kommunalteknikk

Planlegging av kommunale bustadfelt kom ikkje i gang slik at budsjettet for 2015 ble belasta. Planlegging av bustadfeltet på Nordvik ble starta opp, men ingen fakturering så langt. I Buhagen vest ble det bestemt privat utbygging.

Kommundobilen til brannvesenet er rekneskapsmessing ført opp med kjøpesummen (for aktivering i balansen), men på grunn av avgiftssystemet er innbytting av denne bilen kostnadsfritt. Det ble ikkje innbetalt forskott på den nye brannbilen (pga. krav om bankgaranti) slik at dei budsjetterte midlane må førast over til budsjett for 2016 ved budsjettregulering.



Planlegging av uteområde ved Stangvik oppvekstsenter er starta opp, men ingen kostnader påløpt i 2015. Midlane må førast over til 2016.

Svartvatnet friområde er belasta med eit grunnerverv.

Både Svissholmen friområde og Gangvegen i Modalane har ein budsjettoverskridelse på vel kr 400 000,- kvar.

Prosjekt Røtet industritoromter, Hamneområde og Port og gjerde i Røtet må sjåast i samanheng. Her er det bruka vel 3,0 mill. kr.

#### **Ansvar 430 Kommunalteknikk VAR**

Utbedring av Bele vassverk kom ikkje i gang som planlagt. Elles er det ein del justeringar av kostnadsramme i høve til budsjett for noen prosjekt. Den totale ramma balanserar.

#### **Ansvar 440 Areal og naturforvaltning**

Arbeid med skilting og vegadressering kom ikkje i gang og midlane må førast over til neste år ved budsjettregulering.

#### **Ansvar 460 Eigedom**

Prosjekt ENØK – Energisparekontraktar kom til planlegging og utlysing av anbudskonkurranse i 2015. Arbeidet blir utført i 2016 og midlane må overførast ved budsjettregulering.

Sommarrotunet ble ferdigstilt i 2015, men sluttoppgjør for dei fleste entreprisane står att og midlane må førast over til 2016. Prosjekt Bustad for brukarar (316) og prosjekt 4 – mannsbustad for brukarar (326) må sjåast i samanheng. Bustaden er ikkje ferdigstilt og midlar må førast over til 2016.

#### **Ansvar 530 Kyrkejeleg fellesråd**

Legging av nytt skifertak på Stangvik kyrkje er utført.